



■ ÅRSMELDING 2009

## Konkurransen om fotballrettane gir større valfridom

Fordelinga av fotballrettane på fleire tilbydarar har bidratt til et rikare produktutval og lågare prisar – til glede for forbrukarane.

[Les meir på side 66 »](#)



**Meir pengar til helse**  
Helse Nord-Trøndelag sparar 2 millionar kroner i året på velfungerande konkurranse om pasienttransport.

[Les meir på side 57 »](#)



**Milliongebyr for ulovleg samarbeid**  
Avdekking av kartell har topp prioritet i Konkurransetilsynet. I 2009 gav tilsynet gebyr for konkurranselovbrøt i tre saker.

[Les meir på side 34 »](#)



**Betre drosjekonkurransen**  
Ei rekkje fylkeskommunar har lagt til rette for auka konkurranse i drosjemarknaden etter påpeikingar frå Konkurransetilsynet.

[Les meir på side 63 »](#)



## Internasjonalt samarbeid er viktig for konkurransen

[Les meir på side 13 »](#)

## KOFA sikrar konkurranse om offentlege innkjøp

[Les meir på side 97 »](#)

## Innhald

### Om Konkurransetilsynet

- Direktøren har ordet
- Konkurransetilsynet i samfunnet
- Viktige saker i 2009
- Internasjonalt samarbeid
- Lovendringar

### Mål og resultat

- Samfunnseffektar
- Brukareffektar
- Interne prioriteringar

### Samfunnseffektar

- Ulovleg åtferd
- Fusjonar og oppkjøp
- Andre konkurransesaker
- Preventive effektar
- EØS – enkeltsaker
- EØS – regelverkssaker
- Verknader av konkurransepolitikken
  - Pasienttransport
  - Gilde–Prior
  - Drosjemarknaden
  - Fotballavtalen
- Utvalde næringar
- Offentlege tiltak og reguleringar
  - Påpeikingar
  - Høyringsfråsegn

### Brukareffektar

- Omdømme
- Informasjon til forbrukarane
- Offentlege innkjøp

### Organisering og ressursbruk


- Administrative rutinar
- Organisasjon og personale
- Rekruttering
- IKT
- Grøn stat
- Rekneskap
  - Konkurransetilsynet
  - KOFA
- Saksstatistikk
  - Konkurransetilsynet
  - KOFA

## Kort om Konkurransetilsynet og KOFA

**Konkurransetilsynet arbeider for sunn konkurranse, til beste for forbrukarane og næringslivet.**

**Konkurransetilsynet** handhevar konkurranselover. Lova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen og misbruk av dominerande stilling. Næringsdrivande har plikt til å melde fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet, og tilsynet skal gripe inn mot fusjonar og oppkjøp som avgrensar konkurransen vesentleg. Tilsynet kan på sjølvstendig grunnlag peike på offentlege ordningar og reguleringar som påverkar konkurransen. Den noverande konkurranselovera tredde i kraft 1. mai 2004.

**Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA)** behandlar klager om brot på innkjøpsregelverket. Nemnda har 10 medlemmer som er oppnemnde av regjeringa. Sekretariatet til klagenemnda ligg administrativt under Konkurransetilsynet.



Publisert: 22.03.2010

## Konkurranspolitikken verkar!



■ Knut Eggum Johansen

For eitt år sidan var OECD-landa midt i den djupaste nedgangskonjunkturen etter den andre verdskrigen. Det var svært usikkert kor lenge nedgangen ville vare og kor djup den ville bli. Sjølv om Noreg var betre stilt enn mange andre land, gjekk produksjonen også i vårt land tilbake og arbeidsløysa auka raskt, særleg innanfor bygg og anlegg.

Gjennom samarbeidet med konkurransestyresmaktene i dei andre nordiske landa såg vi nærare på kva for utfordringar finanskrisa ville stille konkurransestyresmaktene overfor. Konklusjonen var klar: Konkurranselovgivinga var vel rusta til å møte finanskrisa og etterverknadene av den. Og ikkje minst: Konkurranspolitikken burde liggje fast. Også Europakommisjonen var heilt klar på dette. Konkurranskommissær Neelie Kroes understreka ved fleire høve kor viktig det er å ikkje slakke på konkurranspolitikken og gi seg inn på ein øydeleggjande statsstøttekonkurranse i eit nærsynt forsøk på å støtte industrien i eige land.

Bodskapen om å ikkje ta opp att feilgrepa frå depresjonen på 1930-tallet nådde fram. Krisetiltaka var målretta og effektive. Tiltakspakken i Noreg medverka til at vi no er på veg mot meir normal økonomisk veksttakt og at arbeidsløysa er låg samanlikna med mange andre land.

Konkurransetilsynet merka finanskrisa på fleire måtar. Talet på

alminnelege meldingar om føretakssamanslutningar vart vesentleg redusert; frå 440 i 2008 til 293 i 2009. Gjennomføringsforbodet vart utfordra ved fleire tilfelle, sjølv om konkurranselova gir dispensasjonstilgang dersom forholda skulle tilseie det.

Eit anna område er forbodet mot ulovleg samarbeid. Samstundes som det er viktig å vende raskt tilbake til handlingsregelen for bruken av oljepengar, er det framleis bransjar som slit. I ein slik situasjon kan det vere freistande å samarbeide om prisar og deling av marknader heller enn å konkurrere. Konkurransetilsynet var tidleg klar på at tiltakspakken ville stille konkurransestyresmaktene overfor nokre utfordringar. Velfungerande konkurranse ved offentlege anbod var viktig for å få mest mogleg effekt av kvar tiltakskrone.

Difor har kampen mot kartell og ulovleg samarbeid vore høgt prioritert i året vi har bak oss. Anbudssamarbeid og annan konkurransekriminalitet fører til lågare økonomisk vekst og høgare prisar, og til sjuande og sist er det forbrukarane og skattebetalarane som får rekningen.

Denne satsinga vil bli ført vidare med full styrke i 2010. Men samstundes har erfaringane med praktiseringa av dagens konkurranselov vist oss at vi framleis har utfordringar med å oppnå ein fullgod avskrekkande effekt. Vi vil derfor i året som kjem jobbe målretta med å få på plass eit lempingsprogram som fungerer etter formålet. Parallelt med dette vil vi arbeide for å få på plass ei harmonisering av bøtenivå og - praksis med EU.

Kor viktig det er med ein velfungerande konkurransepolitikk, er i denne årsmeldinga illustrert gjennom fire konkrete eksempel. Vi har sett nærare på dei konkrete verknadene av eitt vedtak etter forbodsføresegnene i §10, eitt vedtak etter føresegnene om føretakssamanslutningar i §16, resultata av ei påpeiking etter konkurranselova §9e, og dessutan eitt eksempel på kva konkurransestyresmaktene kan oppnå gjennom konstruktiv dialog. Resultata frå desse evalueringane kan samanfattast ganske enkelt: Konkurranspolitikken verkar til beste for forbrukarane og næringslivet som møter tøff internasjonal konkurranse!

Knut Eggum Johansen  
*konkurransedirektør*


Publisert: 22.03.2010

## Konkurransetilsynet i samfunnet

Hovudoppgåva til Konkurransetilsynet er å handheve konkurranselovera. Formålet med lovera er å fremje konkurranse for å bidra til effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.

Rolle og oppgåver	
<ul style="list-style-type: none"> <li>■ Kontrollere at næringsdrivande respekterer forboda i konkurranse lovera mot samarbeid som avgrensar konkurransen og mot misbruk av dominerande stilling</li> <li>■ Føre kontroll med at fusjonar, oppkjøp og andre føretakssamanslutningar ikkje avgrensar konkurransen vesentleg</li> <li>■ Setje i verk tiltak for å gjere marknadene meir gjennomsiktlige</li> <li>■ Handheve artikkane 53 og 54 i EØS-avtalen</li> <li>■ Påpeike offentlege tiltak og reguleringar som har uheldige verknader på konkurransen</li> </ul>	<p>Konkurransetilsynet kan gi næringsdrivande gebyr om dei bryt konkurranselovera.</p> <p>Tilsynet er også eit rådgjevingsorgan for Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet og utfører oppgåver for departementet i aktuelle spørsmål, først og fremst på det konkurransepolitiske området.</p> <p>Kvart år utarbeider departementet eit tildelingsbrev med rammer for verksemda det komande året. Drifta blir finansiert over statsbudsjettet.</p>





Publisert: 22.03.2010



## Seksjonane i Konkurransetilsynet og dei viktigaste sakene i 2009

Seksjon	Hovudutfordringar	Viktigaste resultat
<b>DAGLEGVARER, PRIMÆRNÆRINGAR OG FORBRUKSVARER</b>  Seksjonsleiar Magnus Gabrielsen	<p>Daglegvaremarknaden er svært konsentrert. På detaljistleddet møter norske forbrukarar rundt 20 ulike butikkjeder, men alle desse er tilslutta ei av dei fire nasjonale kjedegrupperingane Norgesgruppen, Coop, Ica eller Rema 1000.</p> <p>Konsentrasjonen på detaljistleddet har auka dei siste åra. Det er vanskeleg å etablere seg som ny aktør på detaljistleddet i marknaden.</p> <p>For mange viktige produkt er det også høg konsentrasjon på leverandørsida. Meierimarknaden er eit eksempel på dette.</p>	<b>Seksjonen har i 2009:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ overvaka daglegvarekjedene sine avtalar med marknadsleiande leverandørar og starta analyse av konkurransesituasjonen i ein utvald produktmarknad</li> <li>■ varsla daglegvarekjedene om forlenging av meldeplikta for årsavtalane med marknadsleiande leverandørar fram til 2015</li> <li>■ gripe inn mot føretakssamanslutninga mellom Validus AS og Sunkost ASA</li> <li>■ vidareført overvåkingsordninga for bruttomargarin i meierisektoren for å hindre prisåtferd som er til skade for konkurransen</li> <li>■ rådd Fylkesmannen i Hedmark til å ta omsyn til konkurransen i samband med vurderinga av ein dispensasjon frå kjøpesenterforskrifta.</li> </ul>
<b>FINANS OG TENESTER</b>  Seksjonsleiar Eivind Stage	<p>Kundar i finansmarknadene, som omfattar bank, sparing og forsikring, byter sjeldan leverandør. Mange opplever det som vanskeleg å orientere seg i marknaden. Under finanskrisa har det blitt endå vanskelegare å byte</p>	<b>Seksjonen har i 2009:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ overvaka marknadene for betalingskort og peika på sentrale konkurranseproblem i desse marknadene. Dei internasjonale kortselskapa har endra avtalane sine på ein måte som legg betre til rette for konkurranse. Høyringsuttale om konkurranseomsyn er følgd opp ved innføringa av nye reglar for betalingsformidling.</li> </ul>



	<p>bank, noko som gjer det ekstra viktig at konkurransen fungerer.</p> <p>Marknadene for betalingsformidling byr på særskilde utfordringar, særleg når det gjeld dei internasjonale betalingskorta.</p> <p>I marknaden for offentlig tenestepensjon nyttar kommunane og andre offentlege etatar seg i svært liten grad av anbodskonkurransar. Det avgrensar konkurransen og gjer det vanskeleg å etablere seg for nye aktørar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>■ peika på at offentlig tenestepensjon i praksis blir kjøpt inn på ubestemt tid og utan utlysing etter anbudsreglane. Har bedt om avklaring av om slike pensjonsavtalar fell innanfor regelverket.</li> </ul> <p><b>Andre viktige resultat:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Nye reglar gjer at du kan byte bank med BankID, utan å måtte møte personleg i den nye banken. Finansportalen har og ei eiga teneste for bankbyte på si nettside.</li> <li>■ Konkurransetilsynet sitt forslag om å opne nettportalane for private bustadannonsar blei vedtatt. Forskrifta vart sett i verk 1. januar 2010.</li> </ul>
<p><b>IT, TELEKOMMUNIKASJON, MEDIA OG POST</b></p> <p>Seksjonsleiar Henrik Lande</p>	<p>Overvake konkurransesituasjonen i breibandsmarknadene, under dette problemstillingar knytte til kopling av breiband og TV.</p> <p>Føre tilsyn med marknader i telekomsektoren, under dette marknader der Post- og Teletilsynet si ex-ante regulering blir avvikla, med særleg fokus på brot på konkurranselova § 11, og samanhengen mellom breibandskapasitet og tradisjonelle telefontenester.</p>	<p><b>Seksjonen har i 2009:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ publisert ein rapport om kringkastingsmarknadene, uttalt seg i høyring om formidlingsplikt for allmennkringkastar, gitt uttale om tilhøvet til enkeltkanalval, uttalt seg om konkurransen i det digitale bakkenettet, og deltatt i arbeidsgruppe om valfridom og mangfald for TV-sjåarane</li> <li>■ samarbeidd med PT om PT si regulering av marknaden for tilgang til og samtaleorginering i offentlege mobilkommunikasjonsnett</li> <li>■ fått utarbeidd rapport om det offentlege som innkjøpar i programvaremarknadene og følgte den internasjonale utviklinga i programvaremarknadene</li> <li>■ vurdert deregulering av postmarknadene, mellom anna gjennom fleire høyringsuttalar</li> <li>■ vurdert rapport om utviklinga i</li> </ul>

	<p>Følgje den internasjonale utviklinga i IKT-marknadene.</p> <p>Følgje opp den vidare utviklinga i bokavtalen.</p>	<p>bokmarknaden og tilrådd avvikling av fastprissystemet i bokavtalen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ avslått eit krav om tvangslisens fra Pharmaq AS.</li> </ul>
<p><b>ENERGI , INDUSTRI , BYGG OG ANLEGG</b></p> <p>Seksjonsleiar Ingunn Bruvik</p>	<p>Eigarskapen til kraftproduksjonen i Noreg er svært konsentrert om Statkraft, og mange av kraftprodusentane er samanvevd i eit nett av eigarskapsrelasjonar. Vidare gir flaskehalsar i overføringsnettet redusert konkurranse i somme område. Konkurransetilsynet er òg uroa for at konkurransen mellom marknadsaktørane ikkje skal skje på like vilkår, ettersom mange monopoleigarar av kraftnett er integrerte kraftselskap som òg produserer og sel kraft til sluttbrukar. Konkurransen i sluttbrukarmarknaden kan styrkast av meir prismetvitne og aktive forbrukarar.</p> <p>Fare for ulovleg pris- og anbodssamarbeid: Mange verksemdar innan bygg og anlegg opplyser at dei kjenner til at det er ulovleg prissamarbeid mellom aktørar i deira bransje. Mange forbrukarar opplever handverkarbransjen som problematisk.</p>	<p><b>Seksjonen har i 2009:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ drive kontinuerleg marknadsovervakning av engrosmarknaden for kraft i samarbeid med NVE som ledd i arbeidet med å avdekke eventuell misbruk av marknadsmakt i kraftmarknaden. Konkurransetilsynet har i 2009 vurdert nærare fleire utslag i overvakingsverktøyet.</li> <li>■ vurdert fleire føretakssamanslutningar i kraftmarknaden grundig, men ingen av desse har vore av ein slik karakter at det har ført til inngrep.</li> <li>■ gitt fleire høyringsuttalar, mellom anna om endringar i industrikonsesjonslova/utleigeordning og avanserte måle-og styringssystem.</li> <li>■ vedlikehalde kraftprisoversikta og sett igang arbeid for å gjennomføre nokre funksjonelle endringar</li> <li>■ forsterka fokus på bygg-og anleggsmarknadene gjennom eigne prosjekt</li> <li>■ vedtak om gebyr på totalt 7 millionar kroner til to aktørar for ulovleg samarbeid om utbetring av bruer i Steinkjer</li> <li>■ deltatt i eit arbeidsutval for handverkartjenester, leia av Forbrukerrådet.</li> </ul>

<p><b>TRANSPORT, HELSE OG LEGEMIDDEL</b></p> <p>Seksjonsleiar Karin Stakkestad Laastad</p>	<p>Større grad av gjennomslukt i drosjemarknaden vil kunne bidra til auka konkurranse og gjere det enklare for forbrukarane å orientere seg ved kjøp av tenester.</p> <p>Konkurransetilsynet har utarbeidd eit forslag til ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport som vil vere eit viktig bidrag i dette arbeidet.</p> <p>Konkurranse i luftfartsmarknaden er eit prioritert område.</p> <p>Det kan vere konkurransemessige utfordringar i marknadane for private helsetenester som får offentleg støtte, og dette kan ha innverknad på kvaliteten og effektiviteten av helsetenestene.</p>	<p><b>Seksjonen har i 2009:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ kome med ei påpeiking til Helse- og omsorgsdepartementet om ordninga med offentleg driftstilskot og refusjon for fysioterapeutar</li> <li>■ utarbeidd og sendt på høyring forslag til ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport</li> <li>■ gitt Taxi Midt-Norge pålegg om opphøyr av og gebyr for brot på forbodet om konkurranseavgrensande samarbeid</li> <li>■ påpeiking til Oslo kommune om konkurranseavgrensande verknader av bystyrevedtak i drosjenæringa</li> <li>■ gitt Norges Turbileierforbund pålegg om opphøyr av og gebyr for brot på forbodet om konkurranseavgrensande samarbeid</li> </ul>
<p><b>ETTERFORSKING</b></p> <p>Fungerande seksjonsleiar Erling Espeskog</p>	<p>Alvorlege brot på forbodet mot pris- og anbudssamarbeid har høgste prioritet.</p> <p>Lempingsordninga skal gjerast meir kjend.</p> <p>Det igangsette arbeidet innan bygg- og anleggsmarknaden skal vidareførast overfor aktørar i bransjen, i tillegg til offentlege innkjøparar.</p>	<p><b>Seksjonen har i 2009:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ gjennomført bevissikringar i to saker på sju ulike stader</li> <li>■ gjennomført fleire møte med offentlege innkjøparar, med særskilt fokus på å avdekke kartellverksemd. Det er utarbeidd ei sjekklister som innkjøparar kan nytte med tanke på å førebyggje anbudssamarbeid, og for lettare å kunne avdekke slikt samarbeid i ein innkjøpssituasjon.</li> <li>■ delteke med innlegg i fleire seminar der anbudssamarbeid og lempingsordninga har vore tema</li> </ul>

- |  |  |  |
|--|--|--|
|  |  | <ul style="list-style-type: none"><li>■ videreført internopplæring når det gjeld sikring og analyse av elektroniske beslag</li></ul> |
|--|--|--|

---

Publisert: 22.03.2010



## Internasjonalt samarbeid er viktig for konkurransen



- Konkurransetilsynet arbeider internasjonalt gjennom konkurransefaglege organisasjonar og nettverk.

### **Konkurransetilsynet har eit stort internasjonalt nettverk.**

På området konkurranserett har Noreg felles kjeldegrunnlag med EU. Derfor er det mykje å hente på å samarbeide med dei 29 andre EØS-landa, og med EU. Dette gjeld uavhengig av at Noreg ikkje er medlem i EU.

Konkurransetilsynet arbeider internasjonalt både i regelverkssaker, enkeltsaker, ved intern opplæring og utviklingsarbeid, og gjennom dei nettverka som danner grunnlaget for vår kontakt med aktørar frå andre land. Å samanlikne oss med andre land er også eit instrument for å måle om vi gjer ting rett.

Konkurransetilsynet prioriterer og opplæring gjennom å delta i internasjonale konferansar og kurs. Dette gjer vi for å halde eit høgt kompetansenivå på utviklinga innan konkurranseretten i mellom anna EU. Eit av fleire eksempel på slik opplæring er kurs ved Kings College i London, der tilsynet jamnleg sender kandidatar.

Store deler av Konkurransetilsynet sin internasjonale kontaktbase blir halden ved like og utvikla gjennom internasjonale nettverk. Ei oversikt over dei mest sentrale av Konkurransetilsynets internasjonale nettverk og samarbeid er gitt i boksen under.

### **Oversikt over tilsynet sitt internasjonale nettverk og samarbeid**



**Nordiske konkurransestyresmakter.** Årlege møte med utveksling av erfaringar. Har også tett, løpande kontakt. Kan utveksle informasjon som er underlagt teieplikt. Utarbeiding av felles nordiske rapportar på aktuelle tema av felles nordisk interesse.

**EU/EØS.** Tilsynet assisterer Fornyings-, administrasjons-og kyrkjedepartementet med implementering av EØS-regelverk i norsk rett i samsvar med våre plikter etter EØS-avtala. Tilsynet representerer Noreg i rådgjevande komité for konkurranse- og fusjonssaker, som Europakommisjonen og EFTAs overvakingsorgan (ESA) konsulterer i konkrete saker. Tilsynet assisterer ESA og Kommisjonen ved bevissikringar i Norge.

- **European Competition Network (ECN).** Samarbeidsforum for Europakommisjonen og konkurransetilsyna i EU sine medlemsstatar. Konkurransetilsynet er ikkje formelt medlem, men deltek i møte om policyspørsmål og tek imot informasjon som blir utveksla i nettverket.
- **European Competition Authorities (ECA).** Nettverk mellom konkurransedirektørane i EØS. Tilsynet tek også del i arbeidsgrupper i dette nettverket.

**OECD.** Tilsynet er med i OECD sin konkurransekomité og i to arbeidsgrupper under komiteen.

**International Competition Network (ICN).** Skal auke graden av internasjonalt samarbeid og bidra til harmonisering av regelverk.

Det framgår av boksen over at OECD er eit av fleire viktige internasjonale nettverk. Eit oversyn over Konkurransetilsynet sine bidrag til OECDs Competition Committee eller underkomiteane *Working Party No. 2 on Competition and Regulation* og *Working Party No. 3 on Co-operation and Enforcement* er gitt i tabellen under.

#### Konkurransetilsynet sine bidrag til OECD sin Competition Committee

OECD-møte		Tittel på KT sitt bidrag
<b>Februar-møta</b>	OECD Competition Committee	<b>Crisis and competition policy</b> Innlegg av konkurransedirektør Knut Eggum Johansen
	OECD Global Forum on Competition	<b>Competition policy, industrial policy and national champions</b> -- Contribution from Norway --
<b>Juni-møta</b>	OECD Competition Committee	<b>Roundtable on two-sided markets</b> -- Note by the Delegation of Norway --
<b>Oktober-</b>	OECD Competition	<b>Annual report on competition policy</b>

<b>møta</b>	Committee	<b>developments in Norway</b> -- 2008 --
		<b>Roundtable on generic pharmaceuticals</b> -- Contribution by the Delegation of Norway --
	Working Party No. 3 on Co-operation and Enforcement	<b>Roundtable on the application of antitrust law to state-owned enterprises</b> -- Norway --
	Working Party No. 3 on Co-operation and Enforcement	<b>Discussion on corporate governance and the principle of competitive neutrality for state-owned enterprises</b> -- Norway --
	Working Party No. 2 on Competition and Regulation	<b>Margin squeeze</b> -- Norway --

Publisert: 22.03.2010



## Viktige lovendringar i 2009



- Ei ny forskrift pålegg nettportalane å gi alle tilgang til å annonsere bustad på ikkje-diskriminerande vilkår.

**Forskrift om oppnemning av forvaltar.** I saker der Konkurransetilsynet set vilkår for gjennomføring av ei føretakssamanslutning kan tilsynet oppnemne ein forvaltar som skal sjå til at partane følgjer opp vilkåra. Ei ny forskrift som gir nærare reglar om forvaltarordninga vart fastsett av Fornyings- og administrasjonsdepartementet 15. september 2008 med verknad frå 1. januar 2009. Forskrifta gir klare kjørereglar for både oppnemning av og krav til forvaltar, og kva for plikter partane har i samband med gjennomføringa av oppdraget til forvaltaren. Regelverket gjer situasjonen meir føreseieleg både for forvaltar og for partane.

**Unntak frå gjennomføringsforbodet.** I samband med det automatiske gjennomføringsforbodet med verknad frå 1. juli 2008, er det i forskrift fastsett av Konkurransetilsynet 9. mars 2009 gitt reglar om unntak frå gjennomføringsforbodet for visse typar av erverv av verdipapir. Forskrifta inneber at offentlege overtakingstilbod, eller ein serie transaksjonar i verdipapir som blir omsett på ein regulert marknad, delvis kan bli gjennomført før fristen har gått ut. Føresetnaden for unntak er at føretakssamanslutninga blir meld til Konkurransetilsynet straks og at stemmerettane knytt til verdipapira ikkje blir tatt i bruk. Forskrifta gjeld frå 1. april 2009.

**Konkurranselova gjeld på Svalbard.** Frå 1. juli 2009 gjeld konkurranselova òg på Svalbard. Dette vart vedteke ved kgl. res. av 17. oktober 2008. Lova gjeld utan særlege lokale tilpassingar, men det

er gjort unntak for reglar om tilpassingar til EØS-avtala, sidan denne ikkje gjeld for Svalbard.

**Forskrift om tilgang til bustadannonsering på Internett.** Etter forslag frå Konkurransetilsynet fastsette Fornyings- og administrasjonsdepartementet den 9. september 2009 ei ny forskrift som pålegg nettportalane å gi alle tilgang til å annonsere bustad på ikkje-diskriminerande vilkår. Tidlegare har nettportalar som Finn.no hatt ein praksis der berre profesjonelle har fått lov å annonsere. Dei nye reglane inneber at privatpersonar no sjølv kan leggje ut bustadannonser og såleis skal kunne velje om dei vil gjere ein større del av salsjobben sjølv. Forskrifta er gyldig frå 1. januar 2010.

**Forsterke handhevinga av konkurranselova.** Den 12. desember 2008 sende Fornyings- og administrasjonsdepartementet på høyring eit forslag til lovendring for å styrke handhevinga av konkurranselova. For å styrke lempningsprogrammet, foreslår departementet mellom anna å utvide området for lemping til òg å omfatte straff etter konkurranselova § 30. I tillegg blir det sett fram forslag om å avgrense retten til innsyn i dokument som er utarbeidde i forbindelse med ein søknad om lemping, slik at den som søker om lemping ikkje blir meir eksponert for sivile erstatningssøksmål enn den som ikkje søker om lemping. Departementet har òg sett fram forslag om ei forordning som skal styrke vernet om anonymiteten til føretak eller personar som tipsar Konkurransetilsynet om brot på konkurranselova. Lovforslaget byggjer i stor grad på innspel frå Konkurransetilsynet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Saka er enno under behandling.

Publisert: 22.03.2010



## Mål og resultatkrav for 2009



- Konkurransetilsynet skal som eit av resultatkrava drive og vidareutvikle kraftprisdatabasen.

---

### **Kvart år får Konkurransetilsynet eit tildelingsbrev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet med rammer for tilsynet si verksemd det komande året.**

I tillegg til dei økonomiske rammene fastlegg departementet mål, resultatkrav og krav til rapportering. Desse framgår av kapittel 3 i tildelingsbrevet, "Mål og resultatkrav".

Departementet legg vekt på at resultatrapporteringa til Konkurransetilsynet skal innehalde vurderingar av faktisk oppnådde resultat, med utgangspunkt i resultatkrava i tildelingsbrevet. I rapporteringa har tilsynet teke utgangspunkt i resultatrapporteringstabellen som vart vedlagt tildelingsbrevet.

Dei viktigaste aktivitetane og resultatane er oppsummerte her under overskriftene [samfunnseffektar](#), [brukareffektar](#) og [interne prioriteringar](#).

I oppsummeringa finst det lenkjer til meir utfyllande omtale av dei ulike aktivitetane.

Publisert: 22.03.2010





## Samfunnseffektar



- Ein særleg innsats for å avdekkje kartelldanning er retta mot bygg- og anleggsbransjen.

### MÅL 1

**Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt**

### RESULTATKRAV

**1.1)** Avdekkje minst to tilfelle og bringe til opphøyr minst to tilfelle av alvorlig, forbode konkurranseregulerande samarbeid eller misbruk av dominerande stilling.

**1.2)** Handsame alle meldingar om foretakssammenslutningar innan fastsette fristar.

### AKTIVITETAR

**1.1)** Det blei i 2009 gjennomført bevissikring i to separate saker mot til saman fem føretak for å avdekkje to slike saker.

Det er vidare inngått tett samarbeid med fleire store innkjøparar/byggherrar/organisasjonar for å informere om faren for å bli utsett for ulovleg anbudssamarbeid.

Det er utarbeidd ei eiga sjekklister over ting å vere merksam på under anbudskonkurransen. Lista byggjer på erfaringar gjort i OECD.

Ein særleg innsats er retta mot bygg- og anleggsbransjen der tilsynet i løpet av året har sett nærare på marknadene for fleire innsatsvarer med tanke på risiko for kartelldanning. Dette arbeidet er framleis i gang.

Arbeidet med å styrkje tilsynet sin kompetanse i etterforskningsarbeidet er ført vidare i 2009.

---

Tilsynet har anka Tine-dommen inn for Borgarting Lagmannsrett. Anken omfattar både bevisvurderinga og rettsbruken.

Bruttomarginovervakinga i meierisektoren blei vidareført i 2009.

---

**1.2)** Konkurransetilsynet har tatt imot 294 meldingar om føretakssamanslutningar i 2009 (444 meldingar i 2008). Tilsynet ba om fullstendig melding i 8 tilfelle (15 i 2008).

## RESULTATRAPPORTERING

---

**1.1)** I løpet av 2009 har tilsynet gitt pålegg om opphøyr og gebyr i tre saker som handlar om ulovleg forbudt konkurranseregulerande samarbeid.

**1.2)** Alle meldingar om føretakssamanslutningar er behandla innan fastsette fristar.

Konkurransetilsynet vedtok å gripe inn mot føretakssamanslutninga mellom Validus AS og Sunkost ASA.

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > Ulovleg åtfærd](#)

[Samfunnseffektar > Fusjonar og oppkjøp](#)

[Samfunnseffektar > Andre konkurransesaker](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 2

---

**Forsterke dei allmennpreventive effektane av tilsynets handheving**

## RESULTATKRAV

---

**2.1)** Tilsynet skal dokumentere auka kjennskap til konkurranselova

og handhevinga til Konkurransetilsynet

## AKTIVITETAR

---

**2.1)** Konkurransetilsynet har valt å ikkje gjennomføre ei eiga undersøking i 2009. Auka kjennskap til konkurranselova og konkurransetilsynet si handheving kan såleis ikkje dokumenterast.

Konkurransetilsynet oppdaterer kontinuerleg [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no). Heimesida til Konkurransetilsynet er ein viktig kanal for informasjon retta mot publikum, næringsliv og media, kjennskap til konkurranselova og konkurransetilsynet si handheving.

Omtale i media.

Pressemeldinger og informasjon på tilsynet si heimeside.

Nyheitsbrev på e-post.

Konkurransetilsynet har i 2009 halde fram samarbeidet med NHO for å nå ut til næringsdrivande med opplysningar om prinsippa i konkurranselova generelt og lempingsordninga spesielt.

Informasjonskampanje om lemping på Flytoget 2. februar - 1. mars 2009.

"Konkurransen i Norge" blei presentert våren 2009.

## RESULTATRAPPORTERING

---

**2.1)** Nesten 265 000 personar besøkte [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no) i løpet av 2009.

- Nyheitsbrev på e-post: 63 utsendingar, 1900 abonnentar.
- Nyheitssaker på heimesida: 88 (mot 85 i 2008).

Konkurransetilsynet opplever generelt stor interesse frå media, men talet på oppslag var monaleg lågare i 2009 enn tidlegare år.

- Medieklipp: 2360 mot 3183 i 2008.

Informasjonskampanjen om lemping og kartellkampen fekk god dekning i TV 2 Nyhetene 29. januar 2009.

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > Preventive effektar](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 3

---

**Handsame EØS-enkeltsaker slik at norske interesser vert ivaretekne i samsvar med våre rettar og plikter etter EØS-avtalen**

### RESULTATKRAV

---

**3.1)** Konkurransetilsynet skal rapportere til FAD om utfallet av dei EØS-saker der tilsynet på vegne av Noreg har gitt merknader til Kommisjonen, og vurdert utfallet av sakene i forhold til føremålet med merknadene

### AKTIVITETAR

---

**3.1)** Konkurransetilsynet har løpande meldt aktuelle norske saker etter artikkel 53 og 54 til ESA.

Tilsynet har og etablert interne rapporteringssystem for melde saker.

Tilsynet har løpande følgd utviklinga i alle igangverande saker for ESA, og i utvalde prinsipielle saker for EU.

Konkurransetilsynet har rapportert løpande til FAD ved KPA om framdrifta i og utfallet av dei enkeltsakene der tilsynet har engasjert seg.

Vidare har tilsynet delteke i munnleg høyring og rådgivande komite for utvalde relevante enkeltsaker i EU. Sakene har vore lagt fram for FAD for uttale og mandat før møte.

### RESULTATRAPPORTERING

---

**3.1)** To saker for ESA blei avslutta i 2009.

### MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > EØS – enkeltsaker](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 4

---

**Handsame regelverkssaker i EØS slik at norske interesser vert ivaretekne i samsvar med våre rettar og plikter etter EØS-avtalen**

## RESULTATKRAV

---

**4.1)** Konkurransetilsynet skal aktivt følge regelverksarbeidet i EU/EØS og assistere FAD med korrekt implementering av EØS-regelverket.

## AKTIVITETAR

---

**4.1)** Konkurransetilsynet har gjennomført høyring i Noreg for alle relevante regelverkssaker.

Konkurransetilsynet har følgd og sett seg inn i alle EØS-relevante regelverkssaker i dialog med departementet.

Konkurransetilsynet har sett i verk omsetjing av ferdigstilte regelverk i samråd med FAD og UD.

Konkurransetilsynet har med få unntak deltatt i alle relevante møte om regelverksendringar i EU.

## RESULTATRAPPORTERING

---

**4.1)** Eit døme på relevante regelverksaker som har vore følgde opp frå tilsynet i i 2009 er revisjon av gruppefritaka på forsikring, motorvogn, linjekonsortium og vertikale avtalar.

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > EØS – regelverkssaker](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 5

---

### Synleggjere resultatata av Konkurransetilsynet sitt arbeid

## RESULTATKRAV

---

**5.1)** Nytte pris eller ein annan passende indikator for å synleggjere verknadene av konkurransepolitikken. Tilsynet skal velje tiltak og marknader som er representative for si verksemd.

## AKTIVITETAR

---

Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

**5.1.1) Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eitt vedtak om opphøyr av eit grovt brot på forboda.**

KT har evaluert verknadene av inngrep i § 10-saka: "Taxi Midt-



Norge AS – pålegg om opphør og ileggelse av overtredelsesgebyr"

**5.1.2) Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eitt vedtak om inngrep mot ei føretakssamanslutning.**

KT har starta ei ex post evaluering av fusjonen mellom Gilde og Prior (Nortura)

**5.1.3) Tilsynet skal vurdere verknadene av minst ei påpeiking etter konkurranselova § 9 e.**

KT har evaluert oppfølging av § 9 e-påpeikinga til Fylkeskommunane om tilrettelegging for konkurranse i taximarknaden.

5.1.4) KT har evaluert verknadene av dialog med Norges Fotballforbund med sikte på å legge til rette for auka konkurranse i marknaden for formidling av fotballsenderrettigheter.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Eit samandrag av evalueringane er presentert i årsmeldinga.

**5.1.1)** Dei regionale helseforetaka (RHF) sine utgifter til pasienttransport heng i stor grad saman med korleis konkurransen i drosjemarknaden fungerer.

**5.1.2)** Norturas tilbakemelding om realiserte effektivitetsgevinstar vil bli analysert nærare.

**5.1.3)** Påpeikingane i 2007 har bidratt til at ei rekke fylkeskommunar har sett i verk tiltak for styrka konkurransen i drosjemarknaden.

5.1.4) Dialogen med NFF bidro til auka tilgang, lågare prisar og innovasjon i marknaden for formidling av fotballsenderrettigheter.

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > Verknader av konkurransepolitikken](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 6

---

**Fremme konkurranse i utvalde næringar med konkurranseutfordringar**

## RESULTATKRAV

---

**6.1)** Vurdere konkurransesituasjonen og trong for tiltak for å styrkje konkurransen i minst to marknader.

#### **AKTIVITETAR** Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

##### **6.1.1) Tilsynet skal vurdere behov for ytterlegare tiltak for å styrkje konkurransen i IKT og daglegvaremarknaden.**

**Daglegvare:** KT følgjer utviklinga i dagligvaremarknaden tett.

- møte med dei fire dagligvarekjedene og DLF gjennomført
- samarbeid med andre europeiske konkurransestyresmakter gjennom deltaking i ECN Subgroup Food
- påpeiking etter § 9 e ifm. søknad om etablering av hypermarked
- Tines bruttomarginer i meierimarknadene er berekna og vurdert

**IKT:** KT har fått utarbeidd ein ekstern rapport knytt til det offentlege si rolle i IKT-marknaden i tillegg til den tilsynet sjølv utarbeidde om konkurranseforholda i programvaremarknadene.

**TV-marknaden:** KT hentar inn abonnementsstal frå Canal Digital, Viasat og RiksTV for å følgje utviklinga og få eit godt grunnlag for å vurdere plattformkonkurranse og om aktørane forsøker å dempe konkurransen.

#### **RESULTATRAPPORTERING**

**Daglegvare:** KT har varsla at meldeplikt for kjedene sine avtalar med store leverandørar skal først vidare.

**IKT:** Programvaremarknadene er dynamiske og internasjonale. Derfor er det viktig å overvake desse marknadene. For Konkurransetilsynet vil det også vere viktig å halde seg oppdatert om kva som skjer i desse marknadene internasjonalt. Etter tilsynet si vurdering er det ikkje behov for særskilte tiltak, særleg sidan særeigne tiltak i Noreg vil få lite å seie i globale programvaremarknader.

**TV-marknaden:** KT tilrår p.t. ikkje reguleringar som pålegg distributørane å tilby sal av enkeltkanalar.

#### **MEIR INFORMASJON**

[Samfunnseffektar > Utvalde næringer](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 7

---

**Medverke til at det vert lagt vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønskjer konkurranse**

### RESULTATKRAV

---

**7.1)** Saksbehandling skal innrettas med sikte på at mottakarar av påpeiking etter § 9 e tek omsyn til merknadene frå tilsynet.

**7.2)** Saksbehandling skal innrettas slik at konkurranseomsyn vert gjort synlige og at mottakarar av høyringssvar tek omsyn til merknader frå tilsynet.

### AKTIVITETAR

---

**7.1)** I 2009 har KT gitt 3 påpeikingar etter § 9 e (det same som i 2008).

**7.2)** I 2009 har KT gitt 39 høyringssvar (i 2008 blei det gitt 42 høyringssvar).

### RESULTATRAPPORTERING

---

**7.1)** I 2009 har tilsynet lagt større vekt på kontakt med mottakarar av påpeiking før og etter at påpeikinga er sendt. I alle sakene der påpeiking er sendt i 2009 har det vært munnleg kontakt, per telefon eller i møte, før påpeiking er sendt. Det blir også gjennomført meir omfattande oppfølging etter at påpeiking er sendt.

**7.2)** Det er gjort ei strengare prioritering av kva saker som skal prioriterast for høyringssvar. Dette gir større fokus på de høyringane som blir prioritert. Høyringssvar og ei kort pressemelding blir publiserte på Internett kvar gong tilsynet gir ein uttale.

### MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > Offentlege tiltak og reguleringar > Påpeikingar](#)

[Samfunnseffektar > Offentlege tiltak og reguleringar > Høyringsfråsegn](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 22.03.2010



## Brukareffektar



- Konkurransetilsynet si kraftprisoversikt er eit nyttig verktøy for å finne beste kraftprisavtale.

### MÅL 8

#### Opprettholde omdømmet til Konkurransetilsynet

#### RESULTATKRAV

**8.1)** Konkurransetilsynet skal innrette saksbehandling og kontakt med brukarar slik at tilsynet står fram som profesjonelt, serviceinnstilt og med høy juridisk og økonomisk kompetanse.

#### AKTIVITETAR *Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet*

##### 8.1) Gjennomføre omdømmeundersøkelse

Konkurransetilsynet gjennomførte omdømmeundersøkinga seinast i 2008. Konkurransetilsynet har valt å ikkje gjennomføre ei eiga undersøking i 2009.

KT har også i 2009 arbeidd aktivt og systematisk med kompetanseoppbygging slik at det framstår som profesjonelt, serviceinnstilt og med høg juridisk og økonomisk kompetanse.

Som eit ledd i forbetningsarbeidet i tilsynet blei det våren og hausten 2009 gjennomført felles samlingar for alle tilsette der målet var å drøfte og etablere betringar i arbeidsprosessane. Vidare har tilsynet gjennomført leiarsamlingar for å drøfte forbetringar i organisering og rolleavklaring.

KT arrangerer omfattande kurs for nytilsette og har gjennomført ei rekke interne fagseminar på jus og økonomi. I tillegg har mange av medarbeidarane deltatt på kurs og konferansar i inn og utland, i samsvar med individuelle kompetanseplanar.

Konkurransetilsynet engasjerte hausten 2009 ein ekstern konsulent for å gjennomføre ei evaluering av saksbehandlinga i to større saker.

Sommaren 2009 blei det etablert ei prosjektgruppe som skulle vurdere forslag om tiltak som er nødvendige for at arbeidet med større og kompliserte saker i tilsynet skal organiserast og behandlast på ein måte som gir 1) effektiv saksbehandling, 2) godt arbeidsmiljø og 3) avgjerder av høg fagleg kvalitet.

Tilsynet utarbeidde ei rettleiing for utarbeidinga av økonomiske analysar som blir lagt fram for tilsynet.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Asplan Viak i 2009 har evaluert flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen.

Dessutan blir Konkurransetilsynet årlig kvart år evaluert av Global Competition Reviews "Rating enforcement".

I tillegg kjem Synovates profilundersøking for 2009 og Difis årlege kvalitetsvurdering.

Synovates profilundersøking viser noko svekka rangering for KT ift. året før langs dimensjonane i) samfunnsansvar ii) effektivitet og økonomisk styring iii) openheit og informasjon og iv) kompetanse og fagkunnskap.

KTs heimesider fekk toppkarakter (seks stjerner) i Difis årlege kvalitetsvurdering – under dette er krava til tilgjengelegheit oppfylt 100 prosent.

Den interne prosjektgruppa leverte fleire forslag til forbetring og klargjering av roller og ansvar i desember, og i januar 2010 vedtok leiargruppa å innføra desse.

[Rettleiinga for utarbeiding av økonomiske analysar er tilgjengeleg på heimesida til Konkurransetilsynet.](#)

## MEIR INFORMASJON

---

[Brukareffektar > Omdømme](#)



## MÅL 9

---

**Forbrukarar og andre etterspørjarar skal ha tilstrekkelig informasjon til at etterspurnadssida i marknaden fungerer effektivt**

### RESULTATKRAV

---

**9.1)** Vedlikehalde kraftprisbasen, og vurdere om det er andre marknader som treng prisinformasjon for å betre marknaden verkemåte.

### AKTIVITETAR

---

**9.1)** Konkurransetilsynet vedlikeheld kraftprisoversikta kontinuerleg. Hausten 2009 sette tilsynet i gang eit avgrensa arbeid for å gjere ein del funksjonelle endringar og gjere løysinga enklare for brukarane.

Konkurransetilsynet utarbeidde og sende på høyring eit forslag til ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport i 2009.

Konkurransetilsynet har samarbeidsavtalar med Forbrukerombudet og Forbrukerrådet. I tillegg til eit løpande samarbeid i aktuelle saker, har dei tre organisasjonane faste samarbeidsmøte to gonger i året.

Det er også etablert faste samarbeidsmøte for diskusjon av dagligvarmarknadene mellom Forbrukerrådet, Forbrukerombudet, Statens Institutt for forbruksforskning og Konkurransetilsynet.

### RESULTATRAPPORTERING

---

**9.1)** Kraftprisoversikta gjer det enklare for forbrukarane å samanlikne kraftprisar og orientere seg i marknaden slik at dei lettare kan vurdere om det lønner seg å byte kraftleveringsavtale eller kraftleverandør. Kraftprisoversikta har hatt 195 105 unike besøkjande i 2009.

Parallelltakstsystemet vil innebere eit nytt og lettare forståeleg system for berekning av pris på drosjetenester.

## MEIR INFORMASJON

---

[Brukareffektar > Informasjon til forbrukarane](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 10

---

**Leggje til rette for effektiv og forsvarlig sakshandsaming i sekretariatet for Klagenemnda for offentlege innkjøp**

### RESULTATKRAV

---

**10.1)** Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for vanlege klagesaker for KOFA skal vere mindre enn 3 månader.

**10.2)** Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker der det er påstand om ulovleg direkteanskaffing skal vere mindre enn 4 månader.

### AKTIVITETAR

---

Talet på innkomande saker til KOFA viser framleis auke i 2009. I 2009 var det 285 innkomne saker. 226 saker blei avgjort i 2009, medan 50 blei avvist.

Gebyrmyndigheten i saker om ulovlege direkteanskaffingar har medført ein særleg auke i arbeidsbelastinga i sekretariatet, og talet på faste juristar er derfor auka med 3 årsverk i 2009, og dessutan ei mellombels stilling.

### RESULTATRAPPORTERING

---

**10.1)** Saksbehandlingstid for ulovlege direkteanskaffingar som ikkje endar med gebyr, var på 137 dagar.

**10.2)** Saksbehandlingstid for ulovlege direkteanskaffingar der det er ilagt gebyr, er 159 dagar.

## MEIR INFORMASJON

---

[Brukareffektar > Offentlege innkjøp](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 22.03.2010



## Interne prioriteringar



- Alle rapportar frå Konkurransetilsynet til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet er godkjende.

### MÅL 11

**Tilsynets administrative rutinar skal vere i samsvar med krava i økonomireglementet og andre krav til forsvarleg saksbehandling i forvaltninga**

### RESULTATKRAV

**11.1)** Tilsynet skal halde tidsfristane i styringskalenderen i si rapportering til departementet.

#### **AKTIVITETAR** Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

**11.1.1)** Tilsynet skal etablere rutinar som sikrar handsaming av høg kvalitet og overhalding av fristar i arbeidet knytt til oppgåver frå og opp mot departementet.

For å utvikle og betre arbeidsprosessar og utnytte eigne ressursar på ein betre måte, innførte Konkurransetilsynet ei ny løysing for innsamling av verksemdsdata frå januar 2009.

**11.1.2)** Integrere og bruke risikovurderingar i styringsdialogen.

Tilsynet har, i samarbeid med FAD, utvikla eit system for risikovurdering i styringsdialogen.

Risikovurderinga for manglande måloppnåing er ein del av tilsynet si rapportering til FAD.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Tilsynet har i 2009 rapportert til FAD iht årshjulet for styringsdialogen mellom FAD og KT.

Rapporteringa har skjedd i samsvar med tidsfristane, og alle rapportar er godkjende av FAD.

KT sin rekneskap for 2008 er i 2009 godkjent av Riksrevisjonen utan merknader.

## MEIR INFORMASJON

---

[Organisering og ressursbruk > Administrative rutinar](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 22.03.2010



## Avdekking av kartell har topp prioritet



- Konkurransetilsynet har i 2009 hatt eit særleg fokus på bygg- og anleggsbransjen og på faren for ulovleg anbudssamarbeid.

**Misbruk av dominerande stilling og samarbeid som avgrensar konkurransen er forbode etter konkurranselova.**

### Aktivitetar

#### Krise for samfunnet – auka fare for kartell?

Ulovleg pris- og anbudssamarbeid kan føre til sær store skadar for fellesskapet. Ei av dei viktigaste oppgåvene til konkurransetilsynet er derfor å avdekkje slikt samarbeid.

Tidleg i 2009 blei det klart at regjeringa ville bøte på krisa i marknaden for bygg og anlegg. Offentlege bygge- og vegprosjekt til ein samla verdi av nærare 20 milliardar kroner blei lyst ut tidleg på våren i ein tiltakspakke mot finanskrisa. Samstundes løyvde regjeringa 400 000 kroner i ekstra midlar til Konkurransetilsynet.

«Vi er nøydde til å nytta fellesskapet sine pengar på beste måte. Vi skal ta skurkane slik at pengane går til varer og tenester», uttala fornyingsminister Heidi Grande Røys på ein pressekonferanse i Konkurransetilsynet sine lokale då løyvinga vart gjort kjent.

Forholdet mellom ressursbruk som gikk til behandling av saker etter §§ 10/11, § 16 og § 9 e i 2009 går fram av figuren til høgre på sida.

**Forhold mellom ressursbruk som gikk til behandling av saker**

### **etter §§ 10/11, § 16 og § 9 e i 2009.**

(Registreringa tok til i januar 2009, og vi tek atterhald om at den kan vera noko usikker det første året systemet blir prøvd ut.)

I samband med dei store anbodskonkurransane som blei lyst ut våren 2009, har Konkurransetilsynet dette året hatt eit særleg fokus på bygg- og anleggsbransjen og på faren for ulovleg anbudssamarbeid. Ulovleg anbudssamarbeid kan mellom anna vere:

- Fiktive anbud: Verksemdene er samde om at éi av dei skal levere det lågaste anbudet. Dei andre leverer anbud med høg pris eller vilkår som ikkje kan akseptast.
- Unnlating: Eit føretak som normalt ville levert inn anbud let vere å gjere det.
- Anbudsrotasjon: Verksemdene byter på å gi lågaste anbud.
- Marknadsdeling: Konkurrentane deler marknaden mellom seg. Det kan gjerast geografisk eller på produktområde.

Avdekking av kartell, mellom anna ulovleg anbudssamarbeid, har høgste prioritet for Konkurransetilsynet.

Kartellverksemd er eit samleomgrep for fleire typar samarbeid som på ulike måtar set konkurransen i marknaden heilt eller delvis ut av spel. Det inneber at to eller fleire aktørar innanfor ein bransje samarbeider om forhold dei skulle ha konkurrert om. I staden for å konkurrere om kontraktar og leveransar, slik kundane føreset, inngår kartell deltakarane til dømes avtalar om deling av marknader, storleiken på rabattar og prisar og storleiken på tilbod ved anbud.

Konsekvensen av konkurransekriminalitet er mellom anna høgare prisar. Internasjonale studiar syner at prisane aukar med 10–30 prosent ved ulovleg samarbeid. Statlege og kommunale styresmakter kjøper årleg inn varer og tenester for over 300 milliardar kroner. Dersom aktørane samarbeider om offentlege anbud, kan tapa bli formidable.

### **Betre kunnskapen om konkurranselova**

Konkurransetilsynet har gjennom 2009 halde fram arbeidet med å auke kunnskapen om konkurranselova i norsk næringsliv. Tidleg på året blei det laga ei sjekkliste til bruk for offentlege innkjøparar for å avdekkje ulovleg anbudssamarbeid. Sjekklista er resultat av eit internasjonalt samarbeid i regi av OECD der Konkurransetilsynet har deltatt aktivt. Sjekklista ligg på tilsynet si heimeside og er marknadsført i ei rekkje møte med innkjøparar mellom anna i regi av KS, KOFA, fleire private innkjøpsfora og innkjøps- og anbudsansvarlege i dei store byane og anlegga. Dette har vore mellom dei største satsingane i 2009.

Ei viktig satsning som er ført vidare frå 2008 er informasjon om lempingsordninga.



Kartellverksemd kan straffast med høge bøter, men det fyrste selskapet som bryt ut og varslar Konkurransetilsynet, kan gå fri. Andre deltakarar i kartellet kan få redusert sine bøter ved å samarbeide under etterforskinga.

Ordninga blir kalla lemping, og erfaringar frå EU, USA og andre land syner at eit godt fungerande lempingsprogram er det viktigaste verkemidlet for å avsløre kartellverksemd.

Spørjeundersøkingar utførde for Konkurransetilsynet syner at ordninga dessverre ikkje er godt nok kjend blant leiarar i næringslivet. Konkurransetilsynet har derfor sett i gang fleire informasjonskampanjar om ordninga. I 2009 gjekk ein kampanje på flytoget som skulle syne både at samarbeid mellom konkurrentar kan vere straffbart og at det finst opningar for å kome ut av eit slikt samarbeid. [Sjå www.konkurransetilsynet.no](http://www.konkurransetilsynet.no) for meir informasjon og for å sjå filmen som blei nytta i kampanjen.

Gjennom året har vi arbeidd for å spreie budskapen om faren for ulovleg anbudssamarbeid og mogleg tilgang til lemping ved ei rekkje foredrag i eigne seminar, og som gjester i andre seminar.

### **Bygg- og anleggsbransjen har vore særleg sentral**

Den viktigaste aktiviteten i tilsynet er å søkje etter dei ulike formene for konkurransekriminalitet, og som nemnt har bygg- og anleggsbransjen vore særleg sentral i året som har gått. I Konkurransetilsynet er det organisert eigne prosjekt for at tilsynet skal kunne gjere seg kjend med aktørane i dei ulike marknadene som til saman utgjer bygg- og anleggsbransjen. Dette arbeidet er framleis i gang.

### **Styrkje tilsynet sin kompetanse i etterforskningsarbeidet**

Arbeidet med å styrkje tilsynet sin kompetanse i etterforskningsarbeidet er i 2009 delt i to.

For det fyrste er spesialmedarbeidarar innan behandling av digitalt beslag kursa ytterlegare slik at tilsynet fullt ut skal ha nytte av utstyret for handsaming av slikt beslag. For det andre er det arrangert særskilte kurs i forklaringsopptak for etterforskarar og anna personell som kan kome til å arbeide med etterforsknings saker i tilsynet.

### **Bevissikringar i to saker**

Konkurransetilsynet har i 2009 gjennomført bevissikringar i to saker på sju ulike stader mot til saman fem føretak. Det er tatt opp ni formelle forklaringar i samband med etterforskinga av to forskjellige saker.

### **Etterforsknings skritt**

Aktivitet	2006	2007	2008	2009

Bevissikring § 25 – saker/stader	2/4	2/6	3/5	2/7
Forklaringsopptak § 24 – saker/stader	2/7	3/12	4/12	2/9
Bistand til ESA/Kommisjonen – saker/stader	1/2	0	2/3	0

## Andre viktige aktiviteter

### Rettssaka mot Tine

Rettssaka Tine reiste mot Staten ved Konkurransetilsynet, fordi Tine ikkje aksepterte eit gebyr på 45 millionar kroner, blei ført for Oslo tingrett hausten 2008. I dom av 25. mars 2009 blei vedtaket til Konkurransetilsynet oppheva. Tilsynet har anka dommen inn for Borgarting Lagmannsrett. Anken omfattar både bevisvurderinga og rettsbruken.

### Meieriovervaking

Bruttomarginovervakinga i meierisektoren blei vidareført i 2009. Formålet med ordninga er å kontrollere om Tine sine bruttomargar er så låge at dei kan utgjere ein konkurranseskadeleg marginskvis i strid med konkurranselova § 11.

[Til toppen](#)

## Resultat

---

I løpet av 2009 har tilsynet gitt pålegg om opphøyr og gebyr i tre saker som handlar om ulovleg konkurranseregulerande samarbeid.

Konkurransetilsynet etablerte tidleg ei eiga kontrolleining som følgjer opp ulovlege konkurransereguleringar. I løpet av dei siste tjue åra er over førti forhold melde til påtalemakta, og det er gjort vedtak om bøter og inndraging for store beløp etter norske forhold. Det er eit faktum at forboda i konkurranselova og Konkurransetilsynet si aktive kontrollverksemd er godt kjende blant næringsdrivande og deira juridiske rådgjevarar. Det er viktig at desse veit at tilsynet følgjer opp indikasjonar på alvorlege brot på forbodsføresegnene med den kraft og tyngde som er nødvendig. Ein må rekne med at dette har ein viktig og nødvendig preventiv effekt.

Resultata av Konkurransetilsynet si etterforsking kjem i etterkant av analysar og evalueringar av beslag og forklaringar. Dette kan vere ein tidkrevjande prosess som ofte medfører at ei sak ikkje blir avgjort same året som den blei oppretta. I løpet av 2009 har tilsynet gjort vedtak i desse sakene om brot på forbodsføresegnene:

- Taxi Midt-Norge AS fekk lovbrotsgebyr på 300 000 kroner for å ha gitt eit tilbod på køyring av pasientar i Nord-Trøndelag som innebar

eit ulovleg anbodssamarbeid mellom dei 270 løyvehavarane i føretaket. Det blei i same vedtaket pålagt opphøyr av den ulovlege verksemda. Konkurransetilsynet utarbeidde etter denne saka eit skriv til helseføretaket om korleis dei skulle utforma anbodskonkurransar for å trygge at det blei reell konkurranse om oppdraga.

- Grunnarbeid A/S og Gran og Ekran A/S, to entreprenørselskap i Trøndelag, fekk lovbrotsgebyr på høvesvis 5 og 2 millionar kroner for ulovleg å ha samarbeidd om å gi kvar sine tilbod på vedlikehald av sju bruer i Steinkjer. Konkurransetilsynet meiner dei to selskapa ikkje konkurrerte reelt og at dei to boda blei gitt for å auke prisen og gje inntrykk av konkurranse. Dei to selskapa har nekta for dette, og har saksøkt Konkurransetilsynet. Saka kjem for retten i april 2010.
- Norges Turbileierforbund fekk lovbrotsgebyr på 400 000 kroner for å ha oppfordra medlemene sine til å auke prisane. I fleire artklar i forbundet sitt medlemsblad blei det tatt til orde for prisauke og mellom anna gitt forslag til omfang og korleis dette kunne gjerast ved hjelp av ein priskalkulator som blei gjort tilgjengeleg for medlemene. I vedtaket blei det òg pålagt opphøyr av den ulovlege verksemda. Turbileierforbundet har avvist dette og har saksøkt Konkurransetilsynet. Saka kjem for retten i februar 2010.

#### Vedtaket etter forbodsføresegnene i konkurranselovera

Type vedtak	2006	2007	2008	2009
Vedtaket i § 10-saker – gebyr og opphøyr – saker/føretak	0	0	2/4	2/2
Vedtaket i § 10-saker – berre gebyr – saker/føretak	0	1/1 *	0	1/2
Vedtaket i § 10-saker – berre opphøyr – saker/føretak	0	1/2	1/2	0
Vedtaket i § 11-saker – gebyr	0	1 *	0	0

\* Vedtaket gjeld overtreding av både § 10 og § 11.

#### Lovbrotsgebyr i saker etter § 10 og § 11 i 2009

Føretak	Gebyr (kroner)
Gran & Ekran AS (same sak som Grunnarbeid AS)	2 000 000
Grunnarbeid AS (same sak som Gran & Ekran AS)	5 000 000
Norges Turbileierforbund	400 000
Taxi Midt-Norge AS	300 000

**Tipstelefonen**

Konkurransetilsynet får stadig fleire tips gjennom tipstelefonen. Mange av tipsa har gitt relevante opplysningar i konkurransesaker. Nummeret til tipstelefonen er **55 59 75 55**.

[Til toppen](#)

### **Verksemnda vidare framover**

---

2009 har på mange måtar vore eit lite typisk år. Finanskrisa har prega den økonomiske verksemnda, og dette kan ein sjå av statistikken til Konkurransetilsynet. Det arbeidet som er starta for å sjå til at tiltakspakken frå regjeringa blir nytta på tiltenkt vis utan at konkurransekriminalitet får minke verknaden, held fram. Resultata av granskingane som blei gjort av bygg- og anleggsbransjen har til dømes gitt grunnlag for nye prosjekt i 2010. Konkurransetilsynet har gitt arbeidet med avdekking av kartell topp prioritet i fleire år og har brukt tida til å byggje kompetanse og informere næringslivet om lova og forbodsføresegnene i tillegg til lemping. Saman med arbeidet mot ulovleg anbodssamarbeid spesielt, vil denne satsinga halde fram.

Publisert: 22.03.2010



## Fusjonar og oppkjøp




- Konkurransetilsynet greip inn i føretakssamanslutninga mellom helsekostføretaka Validus og Sunkost.

### Aktivitetar

#### Færre føretakssamanslutningar i 2009

Konkurransetilsynet tok imot 294 meldingar om føretakssamanslutningar i 2009. Til samanlikning tok tilsynet imot 444 meldingar i 2008. Det blei bede om fullstendig melding i 8 tilfelle (15 i 2008).

#### Mottekne meldingar (løpande 3 mnd gjennomsnitt)



## Resultat

---

Konkurransetilsynet har behandla alle meldingar om føretakssamanslutningar innan fastsette fristar.

### **Inngrep mot helsekostoppkjøp**

Konkurransetilsynet vedtok i 2009 å gripe inn mot føretakssamanslutninga mellom Validus AS og Sunkost ASA. Konkurransetilsynet konkluderte med at føretakssamanslutninga ville føre til ei vesentleg avgrensing av konkurransen i marknaden for helsekost seld gjennom helsekostfaghandel, og at føretakssamanslutninga vil styrke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i marknaden for engroshandel med kosttilskot/naturkosmetikk/hygiene til helsekostfaghandel. Svekkja konkurranse i marknaden ville ført til høgare prisar, dårlegare vareutval og redusert intern effektivitet til skade for forbrukarar. Vedtaket blei klaga inn til Fornyings- og administrasjonsdepartementet, men klagen ble seinare trekt. Vedtaket er dermed ståande.

### **Laboratorieanalysar**

Eurofins Danmark AS fekk kjøpe Lantmännen Analycen AB på vilkår av å selje dotterselskapet LabNett AS til ein ekstern, uavhengig aktør. I 2009 oppnemnde tilsynet ein forvaltar som gjennomførte salet av LabNett AS, slik at Eurofins oppfylte vilkåret.

### **Gjennomføringsforbod**

I juli 2008 kom ei ny form for lovbrøt som blir sanksjonert med gebyr: Automatisk gjennomføringsforbod. Det er forbode å gjennomføre fusjonar og oppkjøp som er meldepliktige etter konkurranselova, før Konkurransetilsynet har behandla saka. Dei første sakene etter denne regelen kom i 2009:

- Føretaket RS Platou A/S fekk eit lovbrøtsgebyr på 150 000 kroner for ikkje å ha venta den tida lova krev då dei kjøpte opp ein kontrollerrande del av føretaket Glitnir Securities A/S
- Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange A/S fekk eit lovbrøtsgebyr på 100 000 kroner for på same vis ikkje å ha venta då dei fusjonerte med Advokatfirmaet DLA Piper Bergen DA

Publisert: 22.03.2010



## Andre viktige aktivitetar og resultat i 2009



- Konkurransetilsynet avslo eit krav om tvangslisens på ein vaksine mot sjukdommen pankreassjuka (PD), som rammar oppdrettsfisk i sjø.

### Aktivitetar

#### Finanskrisa og konkurransepolitikken

I tildelingsbrevet er det presisert at Konkurransetilsynet skal vurdere kva finanskrisa har å seie for korleis ein rettar inn konkurransepolitikken. I lys av ei slik vurdering skal tilsynet tilpasse sin strategi, ressursdisponering og faglege prioritering.

Konkurransestyresmaktene i Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Grønland og Island analyserte i fellesskap korleis den noverande og tidlegare økonomiske kriser har påverka konkurransepolitikken og kva for erfaringar ein kan trekkje av det. Arbeidet, som vart leia av Konkurransetilsynet, blei presentert i rapporten [Competition Policy and Financial Crisis – Lessons Learned and the Way Forward](#). Rapporten inneheld eit sett med råd og tilrådingar når det gjeld handheving og innretting av konkurransepolitikken.

I rapporten blir det understreka kor viktig det er at konkurransepolitikken ligg fast og at konkurransereglane blir handheva strengt også i krisetider.

Rapporten blei offentleggjort torsdag 10. september på ein pressekonferanse i Reykjavik, der representantar for konkurransestyresmaktene i dei nordiske landa var samla til sitt årlege samarbeidsmøte.



### **Rettleiing for utarbeiding av økonomiske analysar**

I samband med behandlinga av saker etter konkurranselovera tek Konkurransetilsynet imot eit stort og aukande tal økonomiske analysar basert på empiriske studiar og økonomisk modellering. For at slike analysar lettare skal kunne leggjast vekt på i saksbehandlinga, har tilsynet utarbeidd ei [retteiing for utarbeidinga av økonomiske analysar som blir lagt fram for tilsynet](#). Rettleiinga er retningsgivande og har ikkje bindande verknad for Konkurransetilsynet si saksbehandling.

### **Rettleiar til saksbehandlinga ved kontroll med føretakssamanslutningar**

Konkurransetilsynet har utarbeidd ei [retteiing til saksbehandlinga ved kontroll med føretakssamanslutningar](#). Formålet med rettleiaren er å betre kjennskapen til Konkurransetilsynet si saksbehandling ved kontroll med føretakssamanslutningar etter konkurranselovera kapittel 4. Rettleiaren skal bidra til at partane får best mogleg kjennskap til prosessen på førehand, og til eit best mogleg samarbeid under saksbehandlinga for å leggje til rette for ein målretta og effektiv prosess. Rettleiaren byggjer på tilsynet sine erfaringar med saksbehandlinga i saker om kontroll med føretakssamanslutningar. I tillegg har tilsynet fått innspel i høyringsrunde gjennomført i november 2008.

### **Kompetanse på kvantitative analysar**

Gjennom ulike prosjekt arbeider Konkurransetilsynet systematisk med å byggje opp kompetanse for kvantitative analysar særleg knytta til marknadsavgrensing. I 2009 var det særleg to prosjekt som blei prioritert. Det eine prosjektet er knytt til bruk av spørjeundersøkingar i samband med informasjonsinnhenting for eksempel til bruk i marknadsavgrensing. Etersom tilsynet har ulike tidsfristar i ulike saker er det viktig å finne metodar som let seg gjennomføre innanfor tilsynet sine fristar. Prosjektet har forsøkt å finne løysingar på dette, og ein har også vurdert erfaringar frå andre land. Det andre prosjektet har vore knytt til drivstoffmarknaden. Prosjektet har ført til at tilsynet har kunna byggje opp kompetanse på å hente inn og bearbeide store datamengder for bruk i økonomiske studiar. Vidare har prosjektet vore brukt til å byggje opp kompetanse i bruk av geografiske informasjonssystem og kople dette med forretningsdata, som til dømes prisinformasjon.

[Til toppen](#)

## **Resultat**

---

### **Nettportalane opna for private bustader frå 1. januar**

Tidlegare har nettportalar som Finn.no hatt ein praksis der berre profesjonelle har fått lov å annonsere private bustader. Etter forslag frå Konkurransetilsynet blei det i september 2009 vedteke ei ny forskrift som pålegg nettportalane å gi alle tilgang til å annonsere bustader på ikkje-diskriminerande vilkår. Reglane vart sett i verk 1. januar 2010.

Frå årsskiftet er nettportalane altså pålagde å gi alle tilgang til å annonsere bustaden på nett, det vil seie at no kan også privatpersonar sjølv leggje ut bustadannonsar på nettportalane sine bustadssider.

Det har heile tida vore lovleg å selje bustad utan å nytte meklar, men seljar har måtta nytte eigedomsmeklar eller advokat for å få annonsere på ein av nettportalane. Forskrifta gjer at folk får eit reelt val om dei vil gjere delar av salsjobben sjølv. Dei nye reglane vil føre til auka konkurranse mot eiendomsmeklarar og advokatar og større valfridom for forbrukarane. Dette kan gi lågare kostnader når ein skal selje bustad, noko som vil kome både kjøparar og seljarar til gode.

### **Avvist krav om tvangslisens**

Konkurransetilsynet av slo eit krav om tvangslisens frå Pharmaq AS. Ein tvangslisens er eit løyve frå offentleg styresmakt til å utnytte ei patentert oppfinning utan samtykke frå den som eig patentet. Pharmaq ba Konkurransetilsynet om å gi selskapet lisens til å utnytte eit patent som tilhøyrrer Intervet International B.V. Intervet har patent på mellom anna produksjon og sal av ein vaksine mot sjukdommen pankreassjuke (PD), som rammar oppdrettsfisk i sjø. Pharmaq argumenterte mellom anna med at firmaet har utvikla ein betre vaksine enn den eksisterande, og at Intervet ikkje har klart å levere tilstrekkelege mengder vaksine til å dekke behovet i marknaden.

Patentlova § 47 opnar for at styresmaktene kan gi tvangslisens dersom viktige allmenne interesser tilseier det. Den aktuelle forskrifta blir handheva av Konkurransetilsynet.

Ein tvangslisens er eit dramatisk inngrep i rettane til den som eig eit patent, og det er strenge vilkår for å gripe inn. Etter ei samla vurdering kom Konkurransetilsynet til at vilkåra for tvangslisens ikkje var oppfylt i denne saka. Mellom anna fann tilsynet ikkje at det var dokumentert at det låg føre så omfattande leveringsproblem eller kvalitetsskilnader som Pharmaq hevda. Konkurransetilsynet sitt vedtak blei klaga inn til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Publisert: 22.03.2010



## Allmennpreventive effektar av tilsynets handheving

### Aktivitetar

#### Informasjon på Internett


Heimesida til Konkurransetilsynet er ein viktig kanal for informasjon retta mot publikum, næringsliv og media. Kvar veke blir nyheiter om konkurranse lagt ut på [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no), og dei viktigaste nyheitene blir i tillegg sendt ut på e-post til 1 900 abonnentar. Talet på abonnentar har auka frå om lag 1 500 i 2008, etter at tidsskriftet KonkurransNytt blei avvikla, og abonnentane på KonkurransNytt blei oppmoda om å registrere seg som mottakarar av nyheitsbrevet.

I tillegg til nyheiter kan ein på nettstaden gjere seg kjent med konkurransereglane, lese tilsynet sine vedtak, avgjerder, påpeikingar og fråsegn, og laste ned eller bestille publikasjonar. Meldingar om føretakssamanslutningar under behandling blir lagt ut fortløpande.

Nettsidene til Konkurransetilsynet følgjer kvalitetskrava for offentlege nettstader, og dei oppnådde seks av seks moglege stjerner i Difi si kvalitetsvurdering hausten 2009. Av alle dei 46 direktorata og tilsyna som var vurderte, fekk Konkurransetilsynet den høgste snittkarakteren. I kategorien tilgjengelegheit oppfyller nettsidene absolutt alle kriteria.

Nesten 265 000 personar besøkte [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no) i løpet av 2009. I snitt har nettsidene 26 000 unike besøkjande kvar måned. Kraftprisoversikten har hatt 195 105 unike besøkjande i 2009.

#### Unike besøkjande på nettsidene per måned i 2009



#### Konkurransetilsynet i media

Medieomtale er viktig for å nå ut til store grupper med informasjon om verksemda til tilsynet. Konkurransetilsynet opplever generelt stor interesse frå media, men talet på oppslag var monaleg lågare i 2009 enn tidlegare år. Mange av oppslaga var i medium med brei dekning og med lesarar som utgjør sentrale målgrupper for tilsynet. Dagens Næringsliv, Aftenposten og Bergens Tidende var dei tre papiravisene med flest saker om Konkurransetilsynet.


**Pressemeldingar og medieoppslag**

	2008	2009
Pressemeldingar på konkurransetilsynet.no *	85	88
Medieoppslag om Konkurransetilsynet **	3183	2360


\* KOFA-saker er ikkje rekna med her.

\*\* Medieomtale av kraftprisoversikta er ikkje rekna med her.

**Pressemeldingar og medieoppslag per måned i 2009**



**Medieoppslag om Konkurransetilsynet – medium med flest oppslag**



### Samarbeid med NHO

Konkurransetilsynet har i 2009 halde fram samarbeidet med NHO for å nå ut til næringsdrivande med opplysningar om prinsippa i konkurranselova generelt og lempingsordninga spesielt.

### Informasjonskampanje om lemping

[Ein informasjonsfilm om ulovleg samarbeid](#) blei vist på Flytoget i perioden 2. februar–1. mars 2009. Målsettinga med kampanjen var primært å auke kjennskapen til lempingsordninga blant bedriftsleiarar og bransjeorganisasjonar, og få fleire til å melde frå om ulovleg åtferd.

Flytoget hadde 430 000 reisande i perioden Konkurransetilsynet viste kartellfilmen på skjermene i Flytoget. Rundt halvparten – 215 000 – blir av salsagenten for Flytoget definert som forretningsreisande. Den primære målgruppa for reklamefilmen var leiarar i små og mellomstore bedrifter.

[Kampanjen og kartellkampen fekk god dekning i TV 2 Nyhetene 29. januar 2009.](#) Etterforskingdirektør Eirik Stolt-Nielsen knytte den generelle budskapet om amnesti til regjeringa sin "krisepakke" i forbindelse med finanskrisa. Når ei så stor mengd offentlege oppdrag innanfor bygg- og anleggsverksemd blir lagt ut på relativt kort tid, er det særleg viktig å være merksam på faren for ulovleg pris- og anbodssamarbeid.

Budskapet i reklamefilmen på Flytoget om konkurransekriminalitet og amnesti fekk i tillegg oppslag i 10 andre medium – både lokal- regional- og bransjemedium.

### Andre aktivitetar

Ei oversikt over ulike aktivitetar som mellom anna tek sikte på å styrke allmenpreventive effektar av tilsynets handheving, månad for månad er vist i tabellen under.

Månad	Tema
Januar	
Februar	<p>Pressekonferanse der Konkurransetilsynet la fram rapporten <a href="#">Konkurransen i Norge</a>. Fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys deltok på pressekonferansen. I rapporten er det presentert seks marknader med særlege utfordringar. I tillegg til å beskrive konkurransesituasjonen i kvar av desse marknadene, blir det presentert tilrådingar til moglege tiltak for å betre konkurransen.</p> <p>Rapporten presenterer også nokre konkrete saker tilsynet har arbeidd med, med sikte på å kaste lys over kva verknad konkurransepolitikken har hatt i nokre viktige marknader – mellom anna luftfartsmarknaden, ferjemarknaden, tv-marknaden og bokmarknaden.</p>
Mars	<p><b>Konferanse i konkurranserett.</b> Konkurransetilsynet arrangerte den årlege konferansen i konkurranserett for sjettede gong. På programmet sto aktuelle tema innan forbodet mot misbruk av dominerande stilling og reglane om kontroll med føretakssamanslutningar. Foredragshaldarane var mellom dei fremste ekspertane på området. Konferansen blei fullteikna.</p> <p><b>Konkurranseretts- og konkurranseøkonomisk forum</b> om rettslege verkemidlar for ei effektiv gjennomføring av verknadsanalysar i konkurranseretten med Peder Østbye frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Østbye diskuterte korleis rettsøkonomisk analyse kan nyttast til å utforme reglar som fremjar ei effektiv gjennomføring av økonomiske analysar i konkurranseretten.</p>
April	<p><b>Konkurranseøkonomisk forum</b> om effektar av at bokbransjeavtalen i Storbritannia vart avvikla, med Professor Stephen Davies ved Centre for Competition Policy, University of East Anglia (UEA).</p>
Mai	<p><b>Ope lunsjseminar om ulovleg anbodssamarbeid og kartellformingar</b> blei arrangert av Konkurransetilsynet i samarbeid med NIMA Bergen/Hordaland. Innkjøparar i både offentleg og privat sektor spelar ei viktig rolle i arbeidet mot konkurransekriminalitet. På lunsjmøtet blei det sett fokus på moglege faresignal innkjøparar bør vere merksame på når dei vurderer tilbod.</p>
Juni	<p><b>Konkurranserettsforum</b> med stipendiat Marius Stub ved Universitetet i Oslo. Tema var Konkurransetilsynet og forholdet til straffeprosessen: Blir tilgangen til å gjera undersøkingar avgrensa når det oppstår mistanke om</p>

	<p>straffbare forhold?</p> <p><b>Konferanse om konkurransepolitikk og globale utfordringar:</b> Konkurransetilsynet inviterte i samarbeid med Fornyings- og administrasjonsdepartementet til ein konferanse om konkurransepolitikk. Konferansen tok opp kva for utfordringar konkurransepolitikken står overfor som følgje av finanskrisa, og kva rolle konkurransepolitikken spelar i den nordiske velferdsstatsmodellen. Konferansen blei innleia av konkurransedirektør Knut Eggum Johansen og statsråd Heidi Grande Røys.</p>
Juli/August	
September	<p>Rapporten <a href="#">Competition Policy and Financial Crisis - Lessons Learned and the Way Forward</a> blir presentert på ein pressekonferanse i Reykjavik. Rapporten er utarbeidd av dei nordiske konkurransestyresmaktene i fellesskap og understrekar kor viktig det er at konkurransepolitikken ligg fast og at konkurransereglane blir handheva strengt også i krisetider.</p>
Oktober	<p><b>Konkurransøkonomisk forum:</b> Foredrag om prisar og marginar i legemiddelmarknaden med førsteamanuensis Kurt Brekke ved Norges Handelshøyskole (NHH). Kurt Brekke såg i fordraget nærare på korleis prisar og marginar på legemidler i Noreg har utvikla seg dei siste åra.</p>
November	<p><b>Internasjonal konferanse om effektivitetsforsvaret:</b> Leiande internasjonale og nasjonale ekspertar på konkurransepolitikk var samla på Solstrand til ein konferanse om effektivitetsforsvaret i konkurranseretten. Foredragshaldarane kom mellom anna frå Europakommisjonen, Office of Fair Trading, OECD og konkurransestyresmaktene i andre land. Konferansen blei arrangert av Konkurransetilsynet i samarbeid med Universitetet i Bergen og Norges Handelshøyskole.</p>
Desember	<p><b>Konkurransøkonomisk forum:</b> Seminar om kanalpakking med professor Gregory Crawford frå University of Warwick. Crawford presenterte resultat frå empiriske studiar av moglege velferdseffektar knytta til sal og distribusjon av tv-kanalar i amerikanske betal-tv marknader. Crawford snakka også om forskning som blir gjort rundt temaet utestenging i TV-markedet.</p> <p><b>Pris for beste masteroppgåve:</b> Prisvinnarane for beste oppgåve i konkurranseøkonomi: Karoline Flåten og Ellen M. Burud fra Handelshøyskolen BI, "The economic impacts of compatibility standards: The case of Office Open XML"</p>



Prisvinnar for beste oppgave i konkurranserett: Ingvild Myrold fra Universitetet i Oslo, "Ekskluderende lojalitetsrabatter og misbrukskriteriet i konkurranseloven § 11"

[Til toppen](#)

## Resultat

---

Konkurransetilsynet si omdømmeundersøking – også kalla omgivnadsrekneskap eller interessentundersøking – er ei kartlegging av Konkurransetilsynet sitt omdømme innan ei rekkje målgrupper. Eit viktig formål med undersøkinga er, som namnet indikerer, å undersøkje om omgivnadene har endra holdningane sine til Konkurransetilsynet og verksemda til tilsynet i løpet av dei siste åra. Eit anna viktig formål med undersøkinga er å få fram faktagrunnlag som Konkurransetilsynet skal bruke i strategiarbeidet, mellom anna til bruk i arbeidet med å auke kjennskapen til konkurranselova og tilsynet si handheving av den.

Konkurransetilsynet gjennomførte omdømmeundersøkinga seinast i 2008. Konkurransetilsynet har valt å ikkje gjennomføre ei eiga undersøking i 2009. Tilsynet kan såleis ikkje dokumentere auka kjennskap til konkurranselova og handhevinga til Konkurransetilsynet.

Publisert: 22.03.2010

## EØS – enkeltsaker



- ESA undersøkte i 2009 om EØS-konkurransereglane var brotne av aktørar i den norske ekspressbusmarknaden.

### Aktivitetar

---

Konkurransetilsynet har løpande meldt aktuelle norske saker etter artikkel 53 og 54 til ESA. Tilsynet har og etablert interne rapporteringssystem for melde saker. Tilsynet har løpande følgd utviklinga i alle igangverande saker for ESA, og i utvalde prinsipielle saker for EU. Konkurransetilsynet har rapportert løpande til FAD ved KPA om framdrifta i og utfallet av dei enkeltsakene der tilsynet har engasjert seg.

Vidare har tilsynet delteke i munnleg høyring og rådgivande komite for utvalde relevante enkeltsaker i EU. Sakene har vore lagt fram for FAD for uttale og mandat før møte.

Europakommisjonen har under EU sine fusjonsreglar godkjent StatoilHydro sitt oppkjøp av nettverket til ConocoPhillips sine JET-stasjoner på vilkår. For Noreg er oppkjøpet godkjent på vilkår av at alle JET-stasjonane i Norge blir skilt ut og selde vidare til ein annan aktør. Konkurransetilsynet gav formelle kommentarar om saka via ESA til Kommisjonen.

[Til toppen](#)

### Resultat

---

To saker for ESA blei avslutta i 2009. Den eine var den såkalla "Ekspressbussaka" der ESA undersøkte om EØS-konkurransereglane var brotne av aktørar i den norske ekspressbusmarknaden. ESA fann ikkje bevis for at så var tilfellet [og melde 13. november 2009 at saka var avslutta](#).

Den andre saka gjaldt ESA si etterforsking av Kristiansand hamn. Saka var reist etter ei klage frå Fjord Line i november 2008, relatert til Kristiansand hamn sitt krav om heilårsruter for ferjer som ville nytte hamna. Fjord Line fremja parallelt sak for Kystverket om det same forholdet. Kystverket gav Fjord Line medhald og Kristiansand hamn innvilga tilgjang til hamna. ESA fann då ikkje lenger grunnlag for å følgje opp si sak, [og avslutta den 16. desember 2009](#).

Publisert: 22.03.2010



## EØS – regelverkssaker



- Konkurransetilsynet har mellom anna følgd opp revisjon av gruppefritaket på motorvogn.

### Aktivitetar

Konkurransetilsynet har følgd og sett seg inn i alle EØS-relevante regelverkssaker i dialog med departementet. Konkurransetilsynet har med få unntak deltatt i alle relevante møte om regelverksendringar i EU.

Konkurransetilsynet har sett i verk omsetjing av ferdigstilte regelverk i samråd med FAD og UD.

Konkurransetilsynet har gjennomført høyring i Noreg for alle relevante regelverkssaker.

[Til toppen](#)

### Resultat

Døme på relevante regelverksaker som har vore følgde opp frå tilsynet i 2009 er revisjon av gruppefritaka på forsikring, motorvogn, linjekonsortium og vertikale avtalar. Vidare følgde tilsynet arbeidet med regelverk for privat handheving av konkurransesaker ("Damages"), som førebels er sett på vent i EU.

#### Revisjon av regelverket om vertikale avtalar

I desember 1999 vedtok Kommisjonen føresegn (EF) nr. 2790/1999 om bruk av EF-traktaten artikkel 81 nr. 3 på grupper av vertikale

avtalar (gruppefritaket for vertikale avtalar). Kommisjonen vedtok i etterkant av dette retningslinjer for bruken av EF-traktaten artikkel 81 på vertikale avtalar. Det nemnde gruppefritaket er implementert i EØS-avtala. Eit tilsvarende gruppefritak er også gitt i forskrifta til konkurranselova.

I juli 2009 sende Kommisjonen på høyring forslag til revidert gruppefritak og retningslinjer knytte til vertikale avtalar med høyringsfrist september 2009. Konkurransetilsynet har sendt Kommisjonen sitt forslag på høyring i Noreg.

Basert på Kommisjonen sine egne erfaringar med bruken av reglane og uttaler frå tredjepartar, har Kommisjonen uttala at reglane har fungert godt i praksis og at det derfor ikkje er behov for vesentlege endringar i gruppefritaket og retningslinjene. Dei foreslåtte endringane har i hovudsak til formål å ta omsyn til utviklinga som har vore på marknadene, under dette særleg store distributørar si auka kjøparamakt og internettsal. Kommisjonen har mellom anna foreslått å avgrense bruksområdet til gruppefritaket til alle avtalar der både kjøparen og leverandøren sin marknadsdel er under 30 prosent. I dag kjem gruppefritaket til bruk dersom leverandøren sin marknadsdel er under 30 prosent.


Kommisjonen har uttala at når det gjeld internettsal, er det på den eine sida behov for å sikre forbrukarane tilgang til å utnytte fordelar ved å handle på tvers av landegrensene, noko som i dag har blitt enklare som følgje av mellom anna internetthandel. På den andre sida kan visse avgrensingar med formål å fjerne eller avgrense distributørane sine moglegheiter til å utnytte andre sine marknadsføringstiltak, medføre betre tenester for forbrukarane. I tilknytning til sal via Internett har Kommisjonen derfor foreslått å tydeleggjere skiljet i regelverket mellom aktivt og passivt sal. Det vil seie sal etter aktiv marknadsføring og sal etter forbrukaren sitt initiativ. I det foreslåtte regelverket blir det mellom anna forklart korleis gruppefritaket skal nyttast på dei vilkåra ein leverandør stiller ved internettsal, til dømes dei tilfella der leverandøren stiller som vilkår at distributøren skal ha ein ordinær butikk før produkta kan seljast via Internett.

Det er venta at det nye regelverket vil vere på plass innan 1. juni 2010, ettersom det gjeldande gruppefritaket blir avslutta 31. mai 2010.

Publisert: 22.03.2010



## Verknader av konkurransepolitikken



- Rapporten Konkurransen i Norge ser på verknader av konkurransepolitikken i enkelte viktige marknader.

Konkurransepolitikken har både direkte og indirekte verknader og verker gjennom mange ulike mekanismer. Mens enkelte tiltak vil ha relativt umiddelbare verknader, vil andre tiltak verke på noko lengre sikt. Dei indirekte verknadene kan vere vanskelege å observere og å måle, sjølv om det er ganske openbert at dei er til stades og at dei kan vere betydelege.

[Les meir om indirekte verknader av konkurransepolitikken i rapporten Konkurransen i Norge >>](#)

Direkte verknader av konkurransepolitikken er dei som følgjer direkte og umiddelbart av konkurransepolitiske handlingar på ulike saksfelt. Inngrep mot kartellverksemd eller misbruk av dominerande stilling vil kunne ha direkte og umiddelbare verknader i dei aktuelle marknadene. Det same gjeld saker der konkurransestyresmaktene grip inn og stoppar eller stiller vilkår for ein fusjon – eller for den saks skuld der ein ikkje grip inn.

### **Evaluering av konkrete saker**

I arbeidet med å gjere resultata av Konkurransetilsynet sitt arbeid meir synlege, har tilsynet evaluert fire saker og undersøkt verknadene av dei:

#### **Pasienttransport: Taxi Midt-Norge AS – lovbrotsgebyr og pålegg om opphøyr**

Helse Nord-Trøndelag sparar 2 millionar kroner i året etter at Konkurransetilsynet greip inn mot eit ulovleg samarbeid om anbod på pasienttransport.

[Les meir >>](#)

### **Effektivitetsgevinstar i Gilde–Prior-fusjonen**

Konkurransetilsynet har starta ei evaluering av i kva grad effektiviseringsgevinstane og omstillingskostnadene partane la fram i samband med fusjonen, har blitt realiserte. Tilsynet vil også vurdere i kva grad kostnadsinnsparingane som til no er gjennomførde, er fusjonsspesifikke og relevante i eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

[Les meir >>](#)

### **Konkurransen i drosjemarknaden: Påpeikingar til fylkeskommunane**

Ei rekkje fylkeskommunar har lagt til rette for auka konkurranse etter påpeikingar frå Konkurransetilsynet.

[Les meir >>](#)

### **Dialog med Norges Fotballforbund om fotballavtalen**

Fordelinga av fotballrettane på fleire tilbydarar har bidratt til et rikare produktutval og lågare prisar – til glede for forbrukarane.

[Les meir >>](#)

Publisert: 22.03.2010





## Konkurransen gir meir pengar til helse



- Lågare utgifter til pasienttransport vil gi meir pengar til behandling av pasientar.

### **Helse Nord-Trøndelag sparar 2 millionar kroner i året etter at det blei konkurranse om pasienttransport.**

Årleg blir det brukt om lag 2 milliardar kroner på pasienttransport i Noreg. Størstedelen av dette er knytt til drosjereiser. Dei regionale helseføretaka (RHF) står for innkjøp av pasienttransport. Helseføretaka nyttar anbuds konkurransar ved innkjøp av pasienttransport som eit verkemiddel for å stimulere til konkurranse og slik redusere utgiftene til pasienttransport. Lågare utgifter til pasienttransport vil gi meir pengar til behandling av pasientar.

Både løyvestyresmaktene (fylkeskommunane) og innkjøparane (RHF) kan påverke graden av konkurranse i anbod om pasienttransport.

Fylkeskommunen kan blant anna legge til rette for konkurranse ved å opne for fleire drosjesentralar i eit område og ved å auke talet på drosjeløyve. Helseføretaka kan påverke konkurransesituasjonen gjennom utforminga av anbudsgrunnlaget og ved å vere ein årvaken innkjøpar som ser etter teikn på ulovleg anbodssamarbeid.

[Konkurransetilsynet sende i mars 2009 brev til fylkeskommunane og til dei regionale helseføretaka](#) for å opplyse om ulike vegar å gå for å auke konkurransen.

I dei tilfella det er lagt til rette for konkurranse, kan ulovleg samarbeid mellom konkurrerande drosjeføretak medføre at konkurransen blir svekka eller eliminert. Konkurransetilsynet kan då påby opphøyr av den

ulovlege framferda og pålegge gebyr og andre sanksjonar til føretaka som samarbeidde.

Taxi Midt-Norge AS – ein fylkesdekkande sentral som organiserer drosjeløyvehavarar i Nord-Trøndelag fylke – gav i september 2006 eit tilbod på vegner av alle drosjesentralane og drosjeløyvehavarane i ein anbodskonkurranse utlyst av Helse Midt-Norge RHF om kjøp av pasientreiser for Nord-Trøndelag. Tilbodet innebar såleis eit anbudssamarbeid mellom alle drosjeløyvehavarar i Nord-Trøndelag.

Helse Midt-Norge RHF sende ei klage om anbudssamarbeidet til Konkurransetilsynet. Etter ei vurdering av alle opplysningar i saka, kom Konkurransetilsynet til at Taxi Midt-Norge AS sitt tilbod i anbodskonkurransen innebar eit ulovleg anbudssamarbeid i strid med konkurranselova § 10. Varsel om lovbrotsgebyr blei sendt i desember 2008, og endeleg vedtak blei gjort i mars 2009. [Taxi Midt-Norge fekk eit lovbrotsgebyr på 300 000 kroner for brot på konkurranselova](#). Helse Midt Norge gjennomførte også ein anbudsrunde i 2008, med sikte på å starte med nye kontraktar og leverandørar frå og med 1. januar 2009. Sjølve anbudsrunderen blei likevel avlyst, då tilboda som kom inn ville medføre ein vesentleg høgare kostnad enn det som var budsjettert for pasienttransport i Nord-Trøndelag. Helse Midt Norge gjekk derfor i direkte forhandling med fleire potensielle tilbydarar i marknaden.

Resultatet blei at tre leverandørar fekk kontrakt på pasienttransport i ulike delar av Nord-Trøndelag for perioden 1. januar 2009 til 31. desember 2011, med høve til 1 års forlenging. Ifølgje Helse Nord-Trøndelag HF utgjør innsparinga ved å få konkurrerande tilbydarar av pasienttransport ca. 2 millionar kroner i året. Helseføretaket har opplyst at Konkurransetilsynet sitt varsel om inngrep mot Taxi Midt-Norge spela ei vesentleg rolle i å få aksept for utfallet av forhandlingane med dei ulike leverandørane.

Eit viktig punkt i Konkurransetilsynet si vurdering av samarbeidet gjennom Taxi Midt Norge var om dei ulike drosjeføretaka som deltok i samarbeidet var faktiske eller potensielle konkurrentar i anbodskonkurransen. Anbudsgrunnlaget stilte ikkje noko krav om at ein tilbydar måtte kunne yte tenester til ein eller fleire kommunar på eiga hand, og samtlege sentralar og løyvehavarar kunne i prinsippet levere inn tilbod på delar av anbudet åleine. Konkurransetilsynet la derfor til grunn at løyvehavarane som var tilknytta den fylkesoverbyggjande sentralen i stor grad var faktiske eller potensielle konkurrenter.

I ei liknande sak i Nordland blei det frå helseføretaket stilt større krav til kapasitet. Dette medførte at det i store delar av fylket ikkje var grunnlag for å gi meir enn eitt tilbod i konkurransen. I desse områda ville derfor helseføretaka ikkje fått inn meir enn eitt tilbod sjølv utan

samarbeidet gjennom det fylkesdekkende drosjeføretaket.

Konkurransetilsynet kom derfor til at det ikkje var grunnlag for å gripe inn i saka i Nordland.

Dersom omsynet til verksam konkurranse blir tillagt lite vekt, må fylkeskommunane og Helseføretaka vere budde på at innkjøp av transporttenester blir meir kostbart. Er det ikkje lagt til rette for konkurranse, vil normalt heller ikkje konkurransereglane få avgjerande innverknad. Er det berre eitt drosjeføretak eller ein konstellasjon av slike som kan gi anbod som følgje av anbodsgrunnlaget, vil det ikkje vere noko ulovleg anbodssamarbeid å gripe inn imot.

Eksempla frå Nord-Trøndelag og Nordland illustrerer godt kor viktig det er å lykkast i å skape eit godt grunnlag for konkurranse gjennom utforming av anbodsgrunnlag, årvaken gjennomføring av anbodskonkurransen, og gjennom aktiv handheving av konkurranselova.

Velfungerande konkurranse gir meir pengar til helse.

Publisert: 22.03.2010



## Effektivitetsgevinster i Gilde–Prior-fusjonen



- Konkurransetilsynet har starta ei evaluering av effektiviseringsgevinster i samband med fusjonen mellom Gilde og Prior i 2006.

Konkurransetilsynet er av Fornyings- og administrasjonsdepartementet pålagt å evaluere verknadene av konkurransepolitikken, under dette eit vedtak under Konkurranselova §16. Aktuelle kandidatar for ei slik evaluering kan til dømes vere konkrete fusjonar som har blitt tillatt gjennomført, eller som har blitt nekta gjennomført. Siktemålet for ei evaluering vil primært vere å synleggjere verknadene av konkurransepolitikken. I tillegg kan erfaringane frå ein stoppa eller gjennomført fusjon også gi Konkurransetilsynet eit betre fagleg grunnlag for vurdering av framtidige fusjonar.

Gilde Norsk Kjøtt BA (Gilde) og Prior Norge BA (Prior) gjorde i januar 2006 avtale om å fusjonere. [Med heimel i konkurranselova § 16 første ledd la Konkurransetilsynet ned forbod mot fusjonen i juni 2006.](#)

Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjorde om [Konkurransetilsynets forbod mot fusjonen](#). Etter departementet si oppfatning var det ikkje sannsynleg at potensiell konkurranse frå Gilde ved ei etablering i marknaden for kvitt kjøtt i særleg grad ville disiplinert Priors åtferd i denne marknaden. Nortura BA blei såleis resultatet av fusjonen mellom samvirkeføretaka Gilde og Prior.

Partane hevda i Konkurransetilsynet sitt avgjerdsgrunnlag [\[1\]](#) at fusjonen ville medføre to hovudtypar av effektivitetsgevinster. For det første ville ei integrering av dei to konserna sine verksemdar medføre synergjar som ville gi betydelege kostnadsinnsparingar. Det blei også

hevda at føretakssamanslutninga ville føre til effektivitetsgevinstar i form av innovasjon og produktutvikling, som ville komme forbrukarane til gode. På den andre sida opplyste partane at det også ville kome omstillingskostnader som følgje av fusjonen.

Konkurransetilsynet legg normalt til grunn i sine fusjonsvurderingar at lågare konkurransepress og høgare prisar kan medføre mindre effektivitet. I litteraturen blir dette gjerne omtala som slakk eller X-ineffektivitet. Slakk inneber at det i bedrifter blir lagt beslag på meir ressursar enn det strengt tatt er behov for. Slakk representerer såleis eit samfunnsøkonomisk tap. Potensiale for slakk betyr at eit tradisjonelt overslag på dødvektstap vil gi ei undervurdering av det verkelege samfunnsøkonomiske tapet knytt til prisauke som følgje av ein fusjon.

#### Konkurransen har ein disiplinerande effekt

"Konkurransen dreier seg her om den disiplinerande effekten på ledelse og eiere av det som skjer i markedet for selskapets produkter, ledere og egenkapital samt i markedet for oppkjøp av selskaper. [...] Konkurransen i seg selv har altså samme funksjon som dyktig eierskap. Selskaper og ledere kan dermed bare overleve med slappe eiermekanismer når konkurransen i disse markedene er svak."

*Øyvind Bøhren (2006). "Eierskap og lønnsomhet", Praktisk Økonomi & Finans, vol. 3, side 91–103*

Det er ikkje noko som tilseier at eit samvirke, der produsentane eig selskapet, i seg sjølv skulle føre til meir sløsing. I kor stor grad selskapa kan tenkjast å ha høge kostnader er avhengig av den konkrete situasjonen, god eigarstyring og ikkje minst konkurransepresset.

Generelt er det viktig for kvart samvirke å generere eit overskot som skal delast mellom eigarane. Viss ikkje overskotet er stort nok, er det ein risiko for at bøndene vil kunne ynskje å gå over til å levere produkta sine til andre aktørar. Etersom låge kostnader genererer auka overskot, ville låge kostnader vere eit verkemiddel Gilde og Prior kunne nytte for å unngå at bøndene vel å levere produksjonen til andre aktørar.

Etter Konkurransetilsynet si vurdering var det særleg bortfall av potensiell konkurranse frå Gilde som ville kunne føre til høgare kostnader og lågare effektivitet i det fusjonerte selskapet enn Prior ville hatt i ein situasjon med potensiell konkurranse frå Gilde. På denne bakgrunnen fann tilsynet at føretakssamanslutninga ville føre til eit samfunnsøkonomisk tap [2]. Tapet som følgje av redusert konkurranse

blei vidare veggd opp mot dei kostnadsinnsparingane som partane gjorde gjeldande.

I avveginga mellom tap og gevinst som følgje av ei føretakssamanslutning er det berre kostnadsinnsparingar som gir ein nettogevinst i samfunnsøkonomisk forstand, er fusjonsspesifikke og tilstrekkeleg dokumenterte som vil vere relevante i vurderinga på fusjonstidspunktet. Kravet om å leggje fram tilstrekkeleg dokumentasjon kviler på partane. I Konkurransetilsynet si vurdering av partane sine påstandar fann tilsynet at enkelte av desse kunne vere samfunnsøkonomiske og fusjonsspesifikke. Det var likevel betydelege manglar ved dokumentasjonen til partane. Det var såleis knytt stor usikkerheit til synergiane som var gjort gjeldande, og dei var i liten grad basert på konkrete gjennomføringsplanar.

Konkurransetilsynet har derfor starta ei evaluering av i kva grad effektiviseringsgevinstane og omstillingskostnadene partane la fram i samband med fusjonen har blitt realisert. Konkurransetilsynet vil også vurdere i kva grad kostnadsinnsparingane som til no er gjennomførde er fusjonsspesifikke og relevante i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Siktemålet med ei slik evaluering er å gi Konkurransetilsynet eit betre grunnlag for å vurdere realismen i presenterte effektivitetsgevinstar i framtidige fusjonar, og dei omstillings- og kompleksitetskostnadene som måtte oppstå.

Konkurransetilsynet har fått informasjon frå Nortura om kva effektar dei har tatt ut til no. Som eit ledd i den igangverande evalueringa vil Konkurransetilsynet òg sjå nærare på marknadsutviklinga på dette området, under dette konkurransen frå dagligvarekjedene sine egne merkevarer, og dessutan utviklinga i konkurrentane sine marknadsposisjonar.

Publisert: 22.03.2010



## Tiltak for å betre konkurransen i drosjemarknaden



- Konkurransetilsynet vil betre forbrukarane sine moglegheiter til å samanlikne prisar.

### **Ei rekkje fylkeskommunar har lagt til rette for auka konkurranse etter påpeikingar frå Konkurransetilsynet.**

Konkurransetilsynet er opptatt av å bidra til å forbetre konkurransesituasjonen i drosjemarknaden og har ved fleire høve nytta heimelen i konkurranselova § 9 e til å påpeike konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak i drosjemarknaden.

I 2007 utarbeidde Konkurransetilsynet to påpeikingar som handla om konkurransemessige konsekvensar av forhold som fylkeskommunane er ansvarleg for (sjå lenkjer til høgre på sida). Fylkeskommunen er løyvestyresmakt med vid kompetanse til å fastsette korleis drosjenæringa skal organiserast i det einskilde løyvedistrikt. Fylkeskommunen kan blant anna avgjere om det skal vere ein eller fleire drosjesentralar i eit distrikt, avgjere om det skal delast ut fleire drosjeløyve i distriktet, kva drosjesentral nye drosjeløyve skal knytast til og fastsette reglar for prisopplysning.

I påpeikingane oppfordra Konkurransetilsynet fylkeskommunen til å legge vekt på omsynet til verksam konkurranse ved utforminga av løyvepolitikken, og omtalte fleire moglege tiltak for oppnå dette. Tilsynet peika mellom anna på at fylkeskommunen kan opne for nye drosjesentralar i eit distrikt, gjennomføre ein objektiv prosess for å analysere behovet for nye drosjeløyve, fastsette øvre avgrensingar på kor stor del av løyva i eit distrikt som kan vere knytte til éin einskild sentral, og legge til rette for betre prisopplysning og utforme



drosjehaldeplassar slik at kundane får eit reelt val når det gjeld drosjeselskap.

Konkurransetilsynet har evaluert fylkeskommunane si oppfølging av påpeikingane. Nokre fylkeskommunar meiner at lange avstandar og spreidd busetjing gjer at det ikkje ligg til rette for verksam konkurranse i drosjenæringa i det aktuelle fylket. Desse fylka har derfor ikkje sett i gang konkurransefremmande tiltak. Ei rekkje andre fylkeskommunar har lagt til rette for auka konkurranse etter tilsynet sine påpeikingar. Fleire fylke har medverka til auka konkurranse ved å tillate etablering av flere drosjesentralar i same distrikt. Det er oppretta nye sentralar i Bergen, Ålesund, Tromsø, Nedre Romerike, Asker/Bærum og Stjørdal.

Nokre fylkeskommunar har innført tiltak mot dominerande sentralar ved å innføre avgrensingar på kor mange løyve i eit distrikt som kan vere tilnytta ein einskild sentral. Slike ordningar er mellom anna innført i Bergen og Stavanger. Fleire fylkeskommunar har også fått utarbeidd uavhengige undersøkingar for å vurdere behovet for nye drosjeløyve, og talet på drosjeløyve er auka i fleire område.

Fleire fylkeskommunar har peika på at eit påbod om bruk av parallelltakst vil gjere det enklare å samanlikne ulike tilbod og etterprøve om prisen er korrekt. Det har vist seg vanskelegare å leggje til rette for prisopplysing og fysisk tilrettelegging av drosjehaldeplassar slik at det blir lettare for kundane å velje billegaste drosje.

#### Enklare drosjetakstar skal gi betre konkurranse

Konkurransetilsynet i 2009 har utarbeidd og sendt på høyring eit [forslag til ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport](#). Parallelltakstsystemet er eit nytt og lettare forståeleg system for berekning av pris på drosjetenester. Konkurransetilsynet meiner at forslaget, saman med betre prisoppslag på større drosjehaldeplassar og i drosjane, vil betre forbrukarane sine moglegheiter til å samanlikne prisar og gjere informerte val av tilbydarar og slik styrke konkurransen mellom aktørane i drosjemarknaden. Forslaget har vore ute til høyring, og tilsynet arbeider no med å ta endeleg stilling til vedtak i saka.

Tilrettelegging for god prisopplysing som lett kan samanliknast har også samanheng med forhold som er utanfor fylkekommunen sin kontroll. Fysisk tilrettelegging av haldeplassane for prisinformasjon og val mellom drosjeselskap stiller vilkår om samarbeid med blant andre kommunen og vegstyresmakter. Konkurransetilsynet deltar i ei arbeidsgruppe med representantar frå Forbrukerombudet, Forbrukerrådet og Norges Taxiforbund som arbeider med å løyse problemstillingar knytte til prisopplysing. Arbeidsgruppa har utarbeidd malar for presentasjon av drosjeselskapa sine prisar som skal nyttast på og i drosjer, og på større haldeplassar. Arbeidsgruppa arbeider også



opp mot kommunar og vegvesen for å få sett opp skilt for prisoppslag på større haldeplassar.

Velfungerande konkurranse i drosjemarknaden er viktig for forbrukarane. Erfaringane frå [tilsynets vedtak V2009-7](#), som galdt pasienttransport i Nord-Trøndelag fylke, viser også at dei regionale helseforetaka (RHF) sine utgifter til pasienttransport i stor grad heng saman med korleis konkurransen i drosjemarknaden fungerer. Det er derfor viktig at fylkeskommunane arbeider vidare for å stimulere til auka konkurranse i drosjemarknaden.

Publisert: 22.03.2010



## Auka tilgang, lågare prisar og innovasjon i fotballmarknaden



- Ei spreing av medierettane for fotball ville vere til gunst for forbrukaren med omsyn til tilgjengelegheit, pris og kvalitet.

### **Fordelinga av fotballrettane på fleire tilbydarar har bidratt til et rikare produktutval og lågare prisar – til glede for forbrukarane.**

Vinteren 2007/2008 starta Konkurransetilsynet ein dialog med Norges Fotballforbund (NFF) om det komande salet av rettane til norsk toppfotball for perioden 2009–2012. Konkurransetilsynet hadde i 2005 – utan å gjere vedtak – vurdert lovgrunnlaget for eit kollektivt og eksklusivt sal av medierettane til Telenor og TV 2 for perioden 2006–2008. Konkurransetilsynet var derimot uroa for at eksklusivt sal også i neste avtaleperiode skulle medføre negative effektar for konkurransen til ulempe for forbrukaren. For å sikre mest mogleg verksam konkurranse om rettane kommuniserte tilsynet både skriftleg og munnleg med NFF, og rettleia på ei rekke konkrete punkt om utforminga av konkurransegrunnlaget for den komande salsprosessen.

Konkurransetilsynet var opptatt av at dersom rettane framleis skulle seljast samla av NFF, burde det leggjast til rette for at dei kunne delast mellom fleire konkurrerende aktørar. Dette ville etter tilsynet si oppfatning både bidra til å fremme konkurransen mellom tradisjonelle kringkastarar og ikkje minst mellom ulike distribusjonsplattformer. Det var tilsynet si oppfatning at ei slik spreing av medierettane ville vere til gunst for forbrukaren med omsyn til tilgjengelegheit, pris og kvalitet. Formålet med denne evalueringa er å undersøke kva for eventuelle effektar den nye medieavtalen har hatt for forbrukarane i forhold til

nettopp desse kriteria.

### **Tilgjengelegheit**

Medierettane for 2009 til 2012 blei selde til ei rekke ulike aktørar, m.a. TV 2, Lyse Tele/Altibox, Schibsted og NRK. I inneverande periode er rettane altså fordelte på fleire konkurrerande tilbydarar, og som evalueringa dokumenterer har dette ført til både auka tilbod på betal-TV og fleire kampar på gratis-TV i 2009 enn i 2008. Merk at auka tilgjengelegheit sannsynlegvis også har medverka til at fleire faktisk har sett norsk fotball i 2009, då det har vore ein betydeleg auke i både talet på abonnentar på betal TV/web-TV og sjåarar på gratis-TV [1].

### **Pris**

Når fleire aktørar konkurrerer om dei same kundane, vil dette normalt resultere i lågare prisar og/eller auka kvalitet. Konkurransetilsynet si analyse viser at forbrukarane i 2009 kan velje mellom ei rekkje fleire kampprodukt enn i 2008. Samtidig har prisnivået blitt lågare og meir differensiert i forhold til ulike kampprodukt. Fordelinga av fotballrettane på fleire tilbydarar og den etterfølgjande konkurransen har altså bidratt til et rikare produktutval og lågare prisar til glede for forbrukarane.

### **Kvalitet – produktutvikling og innovasjon**

Medieavtalen har altså ført til eit større utval av fotballkampprodukt, særleg på web og IPTV-plattformar. Det er også interessant at forbrukarane gjennom IP-teknologi har fått tilgang til ei rekkje nye tenester, blant anna større grad av interaksjon mellom forbrukar og tilbydar og tilgang til å sjå klipp frå kampar eller heile kampar etter kampslutt. Såleis kan det argumenterast for at den nye medieavtalen har stimulert til innovasjon rundt fotballproduktet og utvida konkurranseflata mellom tradisjonelt TV og web-TV.

Eit nødvendig vilkår for denne konkurransen har vore at web-TV-tilbodet har hatt god nok kvalitet. På web-TV-plattformar har medieavtalen bidratt til ei teknisk utvikling som blant anna gjer det mogleg å oppnå betre biletkvalitet ved bruk av såkala "adaptive streaming"-teknologi. Web-TV-aktørane har også innretta seg slik at kapasiteten i den underliggende infrastrukturen blir utnytta på ein effektiv måte, slik at nettet tåler fleire samtidige sjåarar utan å bryte saman. Signal frå både TV 2 og Schibsted dreg i retning av at dette fungerte bra i 2009-sesongen.

Ein studie viser at fotballsendingar er ein type sportsinnhald som genererer høg betalingsvilje hos TV-sjåarane [2]. Dette gjer fotballen til ein utmerka drivar for å motivere rettighetshavarane til vidare utbygging og utvikling av breibands-TV- og web-TV-plattformene. Web-plattformar ligg likevel framleis eit stykke etter tradisjonelt TV i forhold til biletkvalitet og leveringstryggleik, men i åra som kjem er det venta at desse skilnadene vil bli vesentleg reduserte. Dermed vil

medieavtalen på sikt også kunne stimulere til sterkere konkurranse mellom tilbydarar på dei forskjellige distribusjonsplattformene.

Publisert: 22.03.2010



## Konkurransesituasjonen i utvalde næringer



- Konkurransetilsynet berekner Tine sine bruttomarginer i meierimarknadene.

### Aktivitetar

---

#### **IKT-marknaden**

Konkurransetilsynet har fått utarbeidd ein ekstern rapport knytt til det offentlege si rolle i IKT-marknaden. Denne kjem i tillegg til rapporten tilsynet sjølv utarbeidde om konkurranseilhøva i programvaremarknadene, og KT har på dette grunnlaget vurdert behovet for ytterlegare tiltak for å styrke konkurransen i IKT-marknaden.

#### **Daglegvaremarknaden**

Konkurransetilsynet følgjer utviklinga i daglegvaremarknaden tett. Det er gjennomført møte med dei fire daglegvarekjedene og DLF. Vidare har KT eit samarbeid med andre europeiske konkurransestyresmakter gjennom deltaking i ECN Subgroup Food. Det er også sendt ei påpeiking etter § 9 e i samband med ein søknad om etablering av hypermarknad. Tines bruttomarginer i meierimarknadene er berekna og vurdert. KT har óg vurdert behovet for ytterlegare tiltak for å styrke konkurransen i daglegvaremarknaden.

#### **TV-marknaden**

I TV-marknaden er det henta inn abonnemntstal fra Canal Digital, Viasat og RiksTV for å følgje utviklinga, og få eit godt grunnlag for å vurdere plattformkonkurranse og om aktørane prøver å dempe konkurransen.

## Andre aktiviteter:

### Deltaking i arbeidsutval – handverkartenester

Konkurransetilsynet har i 2009 deltatt i eit arbeidsutval for handverkartenester, leia av Forbrukerrådet. Konkurransetilsynet si rolle i utvalet har vore å gi innspel der forslaga som er komne har reist konkurransemessige problemstillingar. Det er gitt skriftlege innspel om transparens og prisopplysning i marknaden og dessutan om kompetansekrav og autorisasjonsordningar. Konkurransetilsynet og arbeidsutvalet rår mellom anna til at forbrukarane blir medvitne om at dei kan hente tilbod ved kjøp av handverkartenester, som er særleg i viktig ettersom tenestene ofte er samansette.

[Til toppen](#)

## Resultat

---

### Konkurranse, fri programvare og opne standardar

På bakgrunn av prioriteringar frå FAD har Konkurransetilsynet i lengre tid arbeidd med å analysere konkurransesituasjonen i programvaremarknadene. Tilsynet har tidlegare utarbeidd rapporten "[Konkurranse og innovasjon i programvaremarkedene](#)". Det offentlege si rolle for å fremme innovasjon og konkurranse i programvaremarknadene blei her berre diskutert i avgrensa omfang. Av den grunn har professor Nils-Henrik Mørch von der Fehr på oppdrag for Konkurransetilsynet i 2009 utarbeidd rapporten "[Fri programvare – Noen prinsipielle betraktninger](#)". Rapporten belyser det offentlege si rolle som mogleg pådrivar for konkurranse i programvaremarknadene.

Etter Konkurransetilsynet sitt syn er programvaremarknadene mellom anna kjenneteikna ved at dei er globale og dynamiske. I mange tilfelle eksisterer det nettverkseffektar på etterspørselssida samtidig som tilbodssida er prega av aukande skalautbytte. I slike marknader oppstår det ofte ei form for innovasjonskonkurranse der vinnaren kan bli sitjande igjen med store delar av marknaden inntil neste innovasjon finn stad. Aktørar som i ein periode har monopol i ein produktmarknad vil ha insentiv til å forlenge tidsperioden for monopolet sitt og utvide det til nye marknader. Konkurransestyresmaktene har ei viktig oppgåve i å avklare om slik åtferd er i strid med konkurranselova.

Det at programvaremarknadene er globale gir styresmaktene i eit lite land som Noreg avgrensa sjanse til å påverke konkurranseforholda i desse marknadene. Dette blir det peika på både i von der Fehr sin rapport og i ein rapport frå Konkurrencestyrelsen i Danmark. Eigne tiltak i Noreg vil derfor i dei fleste tilfelle ha avgrensa effekt.

Når det gjeld fri programvare - program med open kjeldekode - kan

det variere i kva grad det eksisterer marknadssvikt. På den eine sida vil ein aktør som utviklar fri programvare ikkje ta inn over seg dei fordelane andre aktørar har av å få tilgang til programvara og av den grunn ha for svake insentiv til å produsere vara. På den andre sida kan fri programvare vere ein del av en forretningsstrategi der ein vel å gi bort programvara for deretter å tene på konsulenttenester knytt til bruk av programvara. Dersom det offentlege skal gi støtte til utvikling av fri programvare, bør det klargjerast at det ligg føre ein marknadssvikt.

Ein eventuell norsk preferansepolitikk for fri programvare kan gi aktørar som baserer seg på dette eit fotfeste som dannar grunnlag for eit breiare gjennomslag i marknaden. Dette kan vere spesielt viktig på område som er dominert av proprietær programvare og som har høg etableringsbarriere. Men det at programvaremarknadene er internasjonale vil ofte avgrense verknadene av at Noreg i beste fall er eit føregangsland. Von der Fehr peikar på at slike tiltak vil vere risikable, blant anna fordi det er usikkert om fri programvare held tilstrekkeleg høg kvalitet. Konkurransetilsynet deler von der Fehr si oppfatning på dette området og vil peike på at i den grad det offentlege skal gjere noko, bør det innrettast tiltak direkte mot ein eventuell marknadssvikt.

Eit viktig forhold for å sikre konkurransen i programvaremarknadene er at det blir lagt til rette for interoperabilitet mellom ulike programvare. På den måten sikrar ein at produkt for ulike leverandørar fungerer saman. I så måte er det viktig å unngå at programvareprodusentar utformar programvare i ein marknad på ein slik måte at det berre er interoperabelt og funksjonelt med programvare frå same leverandør i tilgrensande marknader. Bruk av opne standardar bidrar til å fremme slik interoperabilitet.

Når det gjeld opne dokumentstandardar spesielt, kan det gi effektivitetsgevinstar ved at brukarane av slike tenester ikkje blir innelåst i ei spesiell, proprietær programvare. Von der Fehr tilrår norske styresmakter å opne for både ODF- og OOXML-standarden for å unngå å komme i ein situasjon der ein har "satsa på feil hest" fordi ein ikkje veit kva standard som blir dominerande. Generelt ved val av éin eller fleire standardar må ein avvege betre utnytting av nettverkseffektane ved éin standard i forhold til fordelane ved standardkonkurransen og innovasjon ved fleire standardar. Basert på analysane i von der Fehrs rapport og rapporten til Konkurrencestyrelsen i Danmark finn ikkje Konkurransetilsynet grunnlag for at ein pr. i dag kan tilrå éin dokumentstandard for den typen dokument som ODF- og OOXML-standarden er berekna for.

Programvaremarknadene er dynamiske og internasjonale. Derfor er det viktig å overvake desse marknadene, spesielt med tanke på at aktørar

med periodevise monopol misbrukar sin dominerande posisjon til å forlenge monopolet sitt og utvide det til nye marknader. For konkurransestyremaktene vil det også vere viktig å halde seg oppdatert på kva som skjer i desse marknadene internasjonalt. Utover dette tilseier verken von der Fehrs rapport, rapporten fra Konkurrencestyrelsen eller tilsynets egne vurderingar at det no er behov for spesielle tiltak i desse marknadene, spesielt sidan særlege tiltak i Noreg vil få liten innverknad i globale programvaremarknader.

### **TV-marknaden**

KT tilrår p.t. ikkje reguleringar som pålegg distributørane å tilby sal av enkeltkanalar.

Publisert: 22.03.2010





## Påpeikingar



- Konkurransetilsynet foreslår endringar i ordninga for driftstilskot til mellom andre privatpraktiserande fysioterapeutar.

### Aktivitetar

#### **Drosjenæringa – påpeiking til Oslo kommune**

Bystyret i Oslo kommune sitt vedtak 4. mars 2009 om endring i regelverket for drosjenæringa i Oslo inneber mellom anna oppretting av ei felles ansiennitetsliste, slutt på bindingstid for løyvehavarane og opphøyr av omfordelingsordninga utan at det blir innført andre avgrensingar på løyveovergang.

Vedtaket vil truleg medføre at dei fleste løyvehavarane vil bli tilknytta den største sentralen, og tidlegere monopolisten, Oslo Taxi. Éin stor drosjesentral vil kunne medføre at konkurransen i drosjemarknaden i Oslo-området blir eliminert eller blir vesentleg avgrensa – dette gjeld både konkurransen om enkeltreiser og konkurransen om private og offentlege kontraktar og anbod som til dømes pasienttransport.

Konkurransetilsynet meiner det er viktig at kommunen er klar over kva konsekvensar fri løyvemobilitet vil kunne få for konkurransen og dermed drosjekundane, og ber såleis om utgreiing frå Oslo kommune for korleis ein skal sikre at effektiv konkurranse i drosjemarknaden held fram etter endringar i mellom anna reglane for løyvetildeling.

#### **Ordninga med offentleg driftstilskot og refusjon for fysioterapeutar**

##### **– påpeiking til Helse- og omsorgsdepartementet**

Den offentlege ordninga med driftsavtalar og tilskot til

privatpraktiserande fysioterapeutar gjev ein monaleg risiko for at kvaliteten på tenestene ikkje vert så god som han kunne ha vore ut frå dei offentlege midlane som vert nytta på feltet.

Det har kome indikasjonar på at måten avtale- og regelverket har vore praktisert på, har styrkt dei uheldige konkurransemessige sidene ved ordninga for driftstilskot til privatpraktiserande fysioterapeutar.

Difor foreslår Konkurransetilsynet endringar i ordninga. Konkurransetilsynet ber også om ei rettleiing frå Helse- og omsorgsdepartementet for korleis dei konkurransemessige omsyna ved ordninga for driftstilskot og refusjon for fysioterapeutar vil bli varetatt. Ein ber særleg om opplysningar om eventuelle tiltak og regelendringar også vil bli vurdert for dei tilsvarande ordningane for fastlegar, psykologar og avtalespesialistar.

### **Etablering av Coop Obs! Olrud – påpeiking til Fylkesmannen i Hedmark**

Fylkesmannen har til vurdering ein søknad om unntak frå rikspolitisk forskrift om kjøpesenter. Konkurransetilsynet påpeikar overfor Fylkesmannen i Hedmark at ei etablering av Obs! hypermarked i Ringsaker kommune vil styrkje konkurransen, og dermed gi forbrukarane eit betre tilbod av dagligvarer.

Tilsynet har bedt fylkesmannen å gjere greie for korleis konkurransemessige omsyn vil bli varetekne i vurderinga. Fylkesmannen har bedt Miljøverndepartementet om ein uttale om lovforståinga før han vil svare tilsynet.

[Til toppen](#)

## **Resultat**

---

I 2009 har tilsynet lagt større vekt på kontakt med mottakarar av påpeiking før og etter at påpeikinga blir sendt. I alle sakene der påpeiking er sendt i 2009 har det vore munnleg kontakt, per telefon eller i møte, før påpeiking vart sendt. Det blir no også gjennomført meir omfattande oppfølging etter at påpeiking er sendt. Påpeikingane som blir prioriterte inngår ofte i eit langsiktig arbeid med prioriterte problemstillingar, slik at påpeikinga er eitt av fleire verkemidlar for å oppnå resultat.

### **Ordninga med offentleg driftstilskot og refusjon for fysioterapeutar**


Påpeikinga til Helse- og omsorgsdepartementet belyser at det er sider ved regelverket knytt til ordninga med offentleg driftstilskot og

praktiseringa av dette som gir svak konkurranse og betydeleg risiko for at kvaliteten på tenestene ikkje blir så god som den kunne ha vore ut frå dei offentlege midlane som blir nytta på feltet. Tilsynet finn særleg at det er prosessen for tildeling av driftstilskot, og at desse blir gitt på "livstid", som bidreg til svak konkurranse. Helse- og omsorgsdepartementet har i brev til Konkurransetilsynet gjort greie for korleis dei vil følgje opp påpeikinga. Departementet opplyser mellom anna at det tar sikte på ei vid tilnærming der siktemålet er å revidere regelverket slik at omsynet til kvaliteten i tenestene best mogleg kan sikrast.

Publisert: 22.03.2010



## Høyringsfråsegn



- Konkurransetilsynet har mellom anna gitt to høyrings svar på konsekvensar av å opheve eineretten til Posten.

### Aktivitetar

Ved utgangen av 2009 hadde KT gitt 39 høyringsfråsegner og kome med 3 påpekningar etter § 9 e (det same i 2008). **Dei viktigaste høyringsfråsegnene** er omtalte her, medan ei full oversikt er gitt lenger nede.

#### **Fordeling av knappe ressursar som fiskekvotar og importkvotar**

Konkurransetilsynet har uttala seg i to høyringar om fordeling av knappe ressursar som fiskekvotar og importkvotar. Tilsynet har fleire gonger argumentert for å bruka auksjonar. Slike løyve er ein knapp ressurs som ut frå effektivitetsomsyn bør fordelast til aktørar som verdset ressursen høgast og dermed har størst betalingsvilje. Ein auksjon som blir organisert optimalt vil fordele løyva til dei verksemdene som driv mest effektivt og har best føresetnader for å nyttiggjere seg av løyvet. Aktørar som driv kostnadseffektivt med låge grensekostnader vil vere villige til å by meir enn verksemdar som ikkje har tilsvarande kostnadseffektivitet.

Tilsynet er generelt skeptisk til tildelingsmetodar der utveljinga skjer etter andre kriterium enn betalingsvilje i marknaden. Ved tildeling etter andre metodar enn auksjon kan resultatet bli at verksemdar med høge grensekostnader får løyva medan verksemdar med dei lågaste grensekostnadene blir stengt ute. Dette vil føre til at noko av verdiskapingspotensialet i næringa går tapt.

[Sjå heile høyringssvaret om oppdrettskonsesjonar >>](#)

[Sjå heile høyringssvaret om importkvotar >>](#)

### **Avanserte måle- og styringssystem (AMS) – forslag til endringar i forskrift**

Konkurransetilsynet stiller seg i utgangspunktet positiv til innføring av avanserte strømmålarar. Tilsynet meiner at det, gitt samfunnsøkonomisk lønsemd, bør innførast tovegs kommunikasjonsløyser som gjer det mogleg med timesavlesing og informasjon til sluttbrukarane om prisen på det tidspunktet dei kjøper krafta. God prisinformasjon er ein føresetnad for effektiv konkurranse, noko som dannar grunnlaget for ei effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar. Etter tilsynet si oppfatning vil auka transparens og merksemd om energikostnader blant sluttbrukarane bidra til ei mer effektiv utnytting av knappe energiressursar og såleis medverka positivt til å oppnå klimapolitiske målsettingar.

Konkurransetilsynet stiller seg positiv til forslaget om å krevja at grensesnitta for tilknytning av og kommunikasjon med eksternt utstyr skal vere basert på opne og ikkje-proprietære standardar. Krav om ein open standard og tilgang for tredjepartar på ikkje-diskriminerande vilkår vil hindre nettselskapet i å utnytte monopolstillinga si i nettet til å få fordelar på konkurranseutsette område.

Konkurransetilsynet er vidare positiv til at det stillest krav om at nettselskapa skal tilby kundar informasjon om forbruket (avrekningsdata) vederlagsfritt. Konkurransetilsynet meiner at det også bør leggjast til rette for at kundar som har timesmåling skal kunne få løpande informasjon om forbruk og prisar slik at kundane kan tilpasse forbruket sitt til prisen på ulike tidspunkt, og flytte forbruk frå tidspunkt med høge prisar til tidspunkt med låge prisar.

[Sjå heile høyringssvaret >>](#)

### **Forslag til endringar i industrikonsesjonslova, vassdragsreguleringslova og vannressurslova**

Konkurransetilsynet uttaler seg positivt til at det blir lagt opp til ei utleigeordning som skal vere open og ikkje-diskriminerande, som blir basert på gjennomsiktigheit og kan etterprøvast, og at ikkje berre offentlege selskap, men også private innanlandske og utanlandske selskap får tilgang til å konkurrere om leigekontrakter på like vilkår. Den foreslåtte utleigeordninga vil kunne legge til rette for at fleire uavhengige aktørar kan etablere seg i kraftmarknaden i Noreg. På den måten vil utleige av vasskraftproduksjon kunne bidra i positiv retning til å redusere den høge konsentrasjonen i marknaden og styrke

konkurransen.

Konkurransetilsynet understrekar vidare kor viktig det er at dei nødvendige forskriftene blir utarbeidde og sett i kraft raskt slik at utleiegordninga kjem på plass så tidleg som mogleg.

[Sjå heile høyringssvaret >>](#)

### **Forslag til lovendringar for å auke bruken av tilstandsrapport ved omsetnad av bustad mellom forbrukarar**

Konkurransetilsynet er positiv til at det blir utgreidd og lagt fram forslag til lovendringar som kan betre informasjonen om tilstanden til bustaden ved marknadsføring og sal av bustader i mellom forbrukarar. Tilsynet er samd med fleirtalet i utvalet om at det ikkje bør innførast ei lovfesta plikt til å leggje fram tilstandsrapport ved marknadsføring og sal av bustader mellom forbrukarar. Konkurransetilsynet er likevel skeptisk til fleirtalet sitt konkrete forslag til verkemidlar for å stimulere til bruk av tilstandsrapport ved bustadomsetning. Fleirtalet sitt forslag er etter Konkurransetilsynet si oppfatning eigna til å skape så stor rettsleg uvisse for bustadseljar at insentiva i realiteten blir å likestille med ei lovpålagt plikt til å leggje fram tilstandsrapport. Dette vil vere til hinder for at bustadseljar kan velje mellom ulike takseringsenester til ulik kvalitet, noko som etter Konkurransetilsynet si oppfatning kan vere uheldig for konkurransen og bidra til auka transaksjonskostnader knytt til kjøp og sal av eigedom.

Konkurransetilsynet støttar forslaget om at autorisering av takstmenn som skal levere tilstandsrapport blir overlate til eit uavhengig kontroll- og autorisasjonsorgan som ikkje driv næringsverksemd retta mot takstmenn. Fordelane med ei slik løysning har tilsynet også teke opp med utvalet tidlegare. Ved å fjerne bindinga mellom autorisasjonsordning og næringsverksemd vil dette styrke grunnlaget for konkurranse i marknader retta mot takstmenn ved at det mellom anna fjernar ei etableringshindring for andre aktørar. Men tilsynet sine synspunkt når det gjeld behovet for eit uavhengig autorisasjonsorgan gjer seg også gjeldande for takstmenn som ikkje vil tilby tilstandsrapport i framtida. Tilsynet meiner derfor at det bør vurderast å innføre ei generell autorisasjonsordning for takstmenn.

[Sjå heile høyringssvaret >>](#)

### **Forslag til gjennomføring av betalingstenestedirektivet i norsk rett og NOU 2008:21 Nettbankbasert betalingsoverføring**

Formålet med betalingstenestedirektivet er å skape eit heilskapleg rettsleg rammeverk for betalingstenester i EØS-området. Direktivet skal sikre at betalingar over landegrensar i EØS-området initiert ved

betalingskort eller anna elektronisk betaling er like enkle, sikre og billege som nasjonale betalingstransaksjonar.

Ein berande premiss i betalingstenestedirektivet er at konkurranse er eit verkemiddel for å etablere eit effektivt system for betalingsformidling. Særnorske reglar kan etter Konkurransetilsynet si oppfatning bidra til å auke etableringshindringane som alt finst og dermed svekke konkurransen i marknadene. Konkurransetilsynet oppmodar såleis til at det må vurderast nøye om det er tilstrekkeleg tungtvegande grunnar til å velje dei løysingane som fleirtalet foreslår på fleire punkt.

Konkurransetilsynet ser at det kan vere positivt at betalingsdirektivet innfører ei ordning som fastset at tilbydaren av betalingstenesta ikkje kan hindre betalingsmottakaren frå å krevje gebyr frå betalaren eller å gi denne eit prisavslag for bruken av eit bestemt betalingsinstrument. Konkurransetilsynet meiner likevel at det også er nødvendig med ein unntaksheimel ettersom det ikkje kan utelukkast at det kan oppstå tilfelle der det kan vere nødvendig å forby betalingsmottakaren å krevje gebyr for å stimulere til konkurranse og fremme bruken av effektive betalingsinstrument.

[Sjå heile høyringssvaret >>](#)

### **Formidlingsplikt i kringkastingsforskrifta**

Konkurransetilsynet har ved tre tilfelle bedt Kulturdepartementet om å oppheve regelen i kringkastingsforskrifta § 4-2 om formidlingsplikt. Tilsynet påpeika i brev av 7. april 2008 og i høyringsuttale av 28. juli 2009 at formidlingsplikta for TV 2 neppe har samme kulturpolitiske relevans som før når det gjeld å sikre distribusjon av ein attraktiv kanal som TV 2. Dessutan synest formidlingsplikta å gi eit monaleg lågare prisnivå for distribusjon i tradisjonelle kabel-tv-nett enn på andre plattformer. Ulike rammevilkår vil kunne gi kabelplattforma ein konkurransefordel.

Kulturdepartementet foreslo den 16. oktober 2009 på nytt å gi formidlingsplikta i kringkastingsforskrifta § 4-2 ei teknologinøytral utforming. I tillegg blei det foreslått ei forskrift om at "(d)en som eier eller disponerer nett som kan formidle kringkasting plikter også på markedsmessige vilkår å formidle fjernsynssendingene til kringkastere som myndighetene har utpekt til å ivareta særskilte allmenne hensyn". Kulturdepartementet presiserte i høyringsnotatet at formidlingsplikta gir kringkastaren krav på formidling, mens distributørane på si side ikkje har korresponderande formidlingsrett. Konkurransetilsynet uttala mellom anna at det kan vera grunnlag for å tru at det nemnde forholdet ville avgrense distributørane sitt forhandlingsrom. Høyringsnotatet gjorde heller ikkje nærare greie for innhaldet i



omgrepet "markedsmessige vilkår", og eventuelt korleis fastsettinga av vederlag korresponderer med Kabeltvistnemnda sin kompetanse. Etter Konkurransetilsynet si oppfatning bør aktuelle prisdanningar normalt skje utan reguleringar frå styresmaktene. På bakgrunn av dette tilrådde tilsynet at regelen om formidlingsplikt i kringkastingsforskrifta § 4-2 første ledd andre punktum ikkje blei gjennomført.

[Sjå heile høyringssvaret >>](#)

Konkurransetilsynet følgjer elles utviklinga i TV marknadene nøye mellom anna gjennom innhenting av informasjon og dialog med aktørane i marknaden. Konkurransetilsynet publiserte i februar 2009 [ein rapport om konkurransen i kringkastingsmarknadene](#). Som ei oppfølging til [ein høyringsuttale til KKD om fritt kanalval](#) deltek tilsynet også i ei arbeidsgruppe for å vurdere tiltak som skal gi TV-sjåaren auka valfridom og mangfald. I 2010 vil merksemda bli retta nærare mot samanhengen mellom TV- og breibandsmarknadene.

### **Tilgang til og samtaleoriginering i offentleg mobilkommunikasjonsnett**

Konkurransetilsynet gav i november høyringssvar på Post- og teletilsynet sitt varsel om vedtak i marknaden for tilgang til og samtaleoriginering i offentleg mobilkommunikasjonsnett. I tillegg til høyringssvaret har Konkurransetilsynet, i tråd med samarbeidsavtalen med Post- og teletilsynet, gitt innspel til det ovannemnde varselet før det blei publisert. Post- og teletilsynet har tatt omsyn til fleire av innspela frå Konkurransetilsynet før publisering i varselet om vedtak. Det er ikkje gjort vedtak i saka.

[Sjå heile høyringssvaret >>](#)

### **Konsekvensar av å oppheve eineretten til Posten**

Samferdselsdepartementet publiserte to høyringar, høvesvis 5. mars og 15. juli 2009, om eventuelle konsekvensar av å oppheve Posten sin einereitt på sendingar under 50 gram. Konkurransetilsynet har gitt høyringssvar ved begge høyringsrundane. Nokre av dei standpunkta tilsynet gav uttrykk for i første høyringsrunde har kome med i departementet sitt høyringsnotat av 15. juli 2009. Saka er ikkje endeleg avgjort. Overvakingsorganet i EFTA tok 24. juni 2002 imot klage frå Schenker Privpak AB der det blei gjort gjeldande at Posten Norge BA sine avtalar om etablering av "Post i butikk" er i strid med EØS-avtalen artikkel 54. Konkurransetilsynet har deltatt i høyringane ESA har arrangert om saka.

[Sjå heile høyringssvaret til den første høyringa >>](#)



[Sjå heile høyringssvaret til den andre høyringa >>](#)

[Til toppen](#)

## Resultat

---

I 2009 er det gjennomført strengare prioritering av kva for saker som skal prioriterast for høyringssvar. Dette gir større fokus på dei høyringane som blir prioriterte.

Høyringsuttaler og ei kort pressemelding blir publisert på internett kvar gong tilsynet gir uttale.

## Oversikt: Høyringsfråsegn frå Konkurransetilsynet i 2009

---

### Framlegg til ny drosjeforskrift for Oslo kommune

Konkurransetilsynet er positiv til at det er gjennomført ein gjennomgang av drosjereguleringa i Oslo. Ei forskrift om maksimalt tal løyve tilknytta éin sentral vil vere positivt i eit konkurranseperspektiv. Tilsynet stiller seg også positiv til at kommunen fokuserer på prisopplysning og kunden sin rett til fritt drosjeval. Dette er viktig for at kundane skal kunne samanlikne prisar. Tilsynet peikar vidare på at fysisk tilrettelegging for fritt drosjeval er viktig.

### NOU 2009:16 Globale miljøutfordringar – norsk politikk – berekraftig utvikling og klima i offentlege avgjerdsprosessar

Eit viktig mål for konkurransepolitikken er at den skal leggje til rette for effektiv konkurranse. Konkurransetilsynet peikar på at slik konkurransepolitikken støttar opp under innovasjonspolitikken, vil også konkurransepolitikken støtte opp under miljøpolitikken.

Konkurransetilsynet meiner at ei svak side ved utgreiinga er at den ikkje ser nærare på om det er sektorar eller marknader der det er sider ved rammevilkåra til verksemdene som avgrensar føretaka si evne eller insentiv til å konkurrere, og som på den måten reduserer sjansen for å nå måla i miljøpolitikken.

### Framlegg til endring av kringkastingsforskrifta sine reglar om formidlingsplikt

Kulturdepartementet føreslår å endre kringkastingsforskrifta slik at kringkastingsdistributørar på marknadsmessige vilkår får plikt til å formidle fjernsynssendingane til kringkastarar som styresmaktene har peika ut til å vareta særlege allmenne omsyn.

Etter Konkurransetilsynet si meining bør aktuell prisdanning normalt

skje utan reguleringar frå styresmaktene. Konkurransetilsynet rår til at framlegget til ny regel ikkje blir gjennomført.

### **NOU 2009:9 Lov om offentlege granskingskommisjonar**

Konkurransetilsynet peikar på at for å unngå eventuell tvil om rekkevidda av lovframlegget § 9 om unntak frå offentleggjering og av omsyn til konsekvens med framlegget § 7 tredje ledd, kan det vurderast å ta inn ein eksplisitt heimel for å kunne gjere unntak frå offentleggjering dersom innsyn i dei aktuelle opplysningane kan medføre skade eller fare for undersøkinga eller tredjepart.

### **Framlegg til endringar i krav til energiforsyning i bygningar**

Tilsynet peikar på at det på generelt grunnlag bør leggjast til rette for konkurranse mellom ulike løysingar på like vilkår. Ein bør så langt råd er ta omsyn til eventuelle negative eksterne verknader ved bruk av avgifter eller kvotar. Konkurranse mellom dei ulike fornybare energikjeldene vil leggje til rette for at dei beste og mest effektive av desse blir tekne i bruk. På den måten kan ein oppnå god utnytting av samfunnsressursane samstundes som ein tek omsyn til miljøet.

### **Rapport om evaluering av Bokavtalen**

Konkurransetilsynet peikar på at evalueringsrapporten ikkje er i motstrid med dei konklusjonane Konkurransetilsynet tidlegare har trekt etter å ha undersøkt salsutviklinga i bokbransjen. Tilsynet tilrår prinsipielt at den noverande fastprisordninga i bokbransjen blir avvikla.

### **Framlegg til endringar i utvalet legemidler som kan omsetjast utanom apotek**

Konkurransetilsynet er positiv til at ordninga med sal av legemidlar utanom apotek blir utvida og endra innan rammene for det som blir sett på som forsvarleg for folkehelsa.

Konkurransetilsynet er uroa for at sjølve salsmodellen kan virke avgrensande på omsetningen i dagligvarehandelen, slik at ei utviding av ordninga med nye legemidlar vil få liten innverknad for kundane sin reelle tilgang til dei aktuelle legemidla.

### **Framlegg til forskrifter til ny plan- og bygningslov**

Konkurransetilsynet peikar på at det framlegget som ligg føre synest å kunne medføre ei konkurransevriding mellom ulike heisløysingar.

Konkurransetilsynet etterlyser såleis ei nærare grunngjeving for framlegget, under dette kvifor det er ønskjeleg å redusere høvet til å nytte lågfartsheis i bygg.

### **Forskrift om energieffektivitet i bygningar**

Tilsynet peikar på at det for å unngå konkurransevriding så langt som mogleg bør leggjast opp til at det ikkje blir gjort unntak for energimerking av bygningar. Tilsynet meiner vidare at det bør leggjast

opp til at avgrensingane for å krevje at det skal utførast energivurdering av tekniske anlegg, blir sette på ein slik måte at ein i størst mogleg grad unngår konkurransesvriding.

Konkurransetilsynet påpeikar at det så langt råd er bør leggjast opp til at kompetansekrava ein stiller, ikkje fører til utestenging av kvalifisert personell i konkurransen om ulike oppdrag innan energimerking og energivurdering.

### **NOU 2009:6 framlegg til lovendringar for å auke bruken av tilstandsrapport ved omsetnad av bustad mellom forbrukarar**

Tilsynet er samd med fleirtalet i utvalet om at det ikkje bør innførast ei lovpålagd plikt til å leggje fram tilstandsrapport ved marknadsføring og sal av bustader mellom forbrukarar. Konkurransetilsynet er likevel skeptisk til fleirtalet sine konkrete forslag til verkemiddel for å stimulere til bruk av tilstandsrapport ved bustadomsetnad. Verkemidla kan vere uheldige for konkurransen og bidra til auka transaksjonskostnader ved kjøp og sal av eigedom.

Konkurransetilsynet støttar framlegget om at autorisering av takstmenn som skal levere tilstandsrapport blir overlata til eit uavhengig kontroll- og autorisasjonsorgan som ikkje driv næringsverksemd retta mot takstmenn. Dette vil fjerne ei etableringshindring for andre aktørar. Tilsynet peikar også på at det bør vurderast å innføre ei generell autorisasjonsordning for takstmenn.

### **NOU 2009:11 Kredittavtaler**

Konkurransetilsynet meiner prinsipielt at ein for å sikre like vilkår for marknadstilgang og dermed stimulere konkurransen, bør prøve å unngå særnorske reglar. Utgangspunktet bør, slik tilsynet ser det, vere at dei norske reglane om kredittavtaler i størst mogleg grad er harmoniserte med føresegnene i direktivet. I tilknytning til dette meiner Konkurransetilsynet at ein bør ta omsyn til dei konkurransemessige konsekvensane av norsk regulering som avvik frå det som elles følgjer av EØS-regelverket.

### **Tilleggshøyring – avanserte måle- og styringssystem**

Konkurransetilsynet stiller seg positiv til at krav om at grensesnitt for tilknytning av og kommunikasjon med eksternt utstyr skal vere basert på opne og ikkje-proprietære standardar, slik det er framlegg om. Krav om ein open standard og tilgang for tredjepartar på ikkje-diskriminerande vilkår vil hindre nettselskapet i å utnytte si monopolstilling i nettet til å få fordelar på konkurranseutsette område.

Konkurransetilsynet er vidare positiv til at det stillest krav om at nettselskapa skal tilby kundane sine informasjon om forbruket (avrekningsdata) vederlagsfritt. Konkurransetilsynet meiner at det også bør leggjast til rette for at kundar som har timesmåling skal kunne få

løpande informasjon om forbruk, og i tillegg informasjon om framtidige prisar slik at kundane kan tilpasse forbruket sitt til prisen på ulike tidspunkt.

### **Framlegg til gjennomføring av betalingstenestedirektivet i norsk rett (offentlegrettslege avgjerder) mv**

Med omsyn til konkurransen er det mange positive sider ved det nasjonale betalingskortsystemet BankAxept. Konkurransetilsynet meiner likevel at eigarstrukturen i BankAxept-systemet kan medverke til svekka konkurranse i marknader som er knytte til betalingskort, mellom anna ved at eigarane kan ha insentiv til å diskriminere eksterne aktørar. Det kan gjere det mindre sannsynleg at potensielle konkurrentar etablerer verksemd på eitt eller fleire ledd i verdikjeda. Det kan føre til både høgare prisar og produkt med dårlegare kvalitet.

### **Tilleggsutgreiing om verknader av EU sitt tredje postdirektiv**

Konkurransetilsynet peikar på at eit eventuelt bortfall av Posten sin einerett ikkje vil få konsekvensar med særleg innverknad for konkurransen mellom verksemdar i distrikta og sentrale strok.

### **Forskrift om endring av bodreglementet i forskrift om fordeling av tollkvotar for landbruksvarer**

Konkurransetilsynet peikar på at regelverksendringane det er gjort framlegg om vil avhjelpe dei konkurransevridande effektane i det eksisterande auksjonssystemet.

### **Framlegg til endringar i reglane om formidlingsplikt**

Konkurransetilsynet tilrår at formidlingsplikta for TV 2 med heimel i kringkastingsforskrifta § 4-2 blir oppheva. For andre endringsframlegg meiner tilsynet det er nødvendig at departementet viser fram dei vurderingane som underbyggjer forslaga.

### **Kommunikasjonspolitikken i staten**

Konkurransetilsynet støttar initiativet til ei modernisering av kommunikasjonspolitikken. Dette sett i lys av den teknologiske utviklinga, ei raskt aukande informasjonsmengd, medievanar i stadig endring, eit aukande mangfald i ulike grupper sine medievanar, og endra forventingar og krav frå innbyggjarane.

### **Framlegg til forskrift om tilgang til bustadannonsering på Internett**

Konkurransetilsynet uttaler at tilgang for alle til bustadannonsering på Internett vil leggje til rette for auka konkurranse i marknadene for tenester knytte til kjøp og sal av bustad, og på den måten medverke til lågare transaksjonskostnader ved omsetnad av bustader. Framlegget til forskrift vil såleis bidra til meir effektiv bruk av samfunnet sine ressursar med positive verknader for forbrukarane.

### **Forskrift om obligatoriske IT-standardar**

Tilsynet peikar på at det er viktig å vurdere i kva grad og på kva måte ulike offentlege inngrep kan påverke konkurransen i programvaremarknadene. Konkurransetilsynet viser til at det har sett i verk eit prosjekt for å sjå nærare på problemstillingar knytte til det offentlege si rolle i programvaremarknadene.

### **Framlegg til krav til taksameter**

Konkurransetilsynet stiller seg positiv til tiltak som hindrar manipulering av taksameter og som gjer det enklare for drosjekundane å etterprøve at prisen er rett. Reglane det er gjort framlegg om ser ut til å vareta desse formåla.

Konkurransetilsynet vurderer å fremje forslag om å pålegge drosjenæringa å gå over til eit nytt takstsystem. Reglane det er gjort framlegg om synest å leggje til rette for at også det nye takstsystemet kan nyttast.

### **Utviding og revisjon av Referanse katalogen over tilrådde og obligatoriske IKT standardar i offentleg sektor**

Konkurransetilsynet støttar i hovudsak framlegga.

### **Oppheving av konsesjonsordning for omsetnad av videogram**

Konsesjonsordningar vil normalt innebere ei etableringshindring som vil kunne avgrense den potensielle konkurransen frå aktørar som ikkje er etablert i den relevante marknaden.

Konkurransetilsynet stiller seg derfor positiv til framlegget om å oppheve konsesjonsordninga for omsetnad av videogram i næring.

### **Rapport om konsekvensar av full liberalisering av postmarknaden**

Konkurransetilsynet har i høyringsuttalen vurdert om reguleringa bør endrast for å fremje konkurranse i postmarknaden dersom Posten sin einerett blir oppheva. Tilsynet ser det m.a. slik at nye aktørar bør ha full tilgang til å bruke pris som verkemiddel og at Posten bør ha høve til å svare på konkurransen. Konkurransetilsynet støttar derfor at kravet om porto pr eining for massesendingar blir oppheva.

Tilsynet peikar også på at dersom Posten som den einaste landsdekkande operatøren skal halde fram som eit integrert selskap også etter at eineretten er oppheva, bør selskapet vere pålagt å tilby kostnadsorienterte tilgangsprisar for massesendingar på like og ikkje-diskriminerande vilkår.

### **Utkast til ny forskrift om Forbrukarombodet og Marknadsrådet si verksemd mv**

Konkurransetilsynet peikar på to hovudinnvendingar mot framlegget: Forskrifta om at sakskostnader kan tilkjennast ved klage over

nedprioritering av einskildsaker dersom klagen fører fram reiser prinsipielle forvaltningsrettslege spørsmål. Konkurransetilsynet ser heller ikkje behov for at retten til tilkjenning av sakskostnader som er komne til før saka er bringa inn for Marknadsrådet blir teken inn i forskrifta slik det følgjer av utkastet til forskrift §13 andre ledd.

### **Framlegg til gjennomføring av betalingstenestedirektivet i norsk rett og NOU 2008:21 Nettbankbasert betalingsoverføring**

Ein berande premiss i betalingstenestedirektivet er at konkurranse er eit verkemiddel for å etablere eit effektivt system for betalingsformidling. Føremålet med betalingstenestedirektivet er å skape eit heilskapleg rettsleg rammeverk for betalingstenester i EØS-området. Direktivet skal sikre at betalningar over landegrensar i EØS-området initiert ved betalingskort eller anna elektronisk betaling er like enkle, sikre og billige som nasjonale betalingstransaksjonar.

Konkurranse mellom aktørane i ein marknad vil etter Konkurransetilsynet si oppfatning som utgangspunkt føre til best mogleg utnytting av samfunnet sine ressursar til gode for forbrukarane. Særnorske reglar kan etter Konkurransetilsynet sitt syn medverke til å auke dei etableringshindringane som alt finst. Konkurransetilsynet ber såleis om at det blir nøye vurdert om det er tilstrekkeleg tungtvegande grunnar til å velje dei løysingane som fleirtalet føreslår på fleire punkt.

### **Utgreiing om omvendt avgiftsplikt i bygg- og anleggsbransjen**

Konkurransetilsynet er tilfreds med at det foreslåtte systemet vil bidra til meir rettferdig konkurranse fordi lovlydige aktørar ikkje blir utkonkurrert av ulovlege aktørar berre fordi dei er lovlydige.

### **Forskrift om universell utforming av rullande materiell til jernbane, under dette sporveg, tunnelbane og forstadsbane**

Konkurransetilsynet er positiv til at tilgangen til transportmidlar blir betra for personar med nedsett funksjonsevne, og at det blir etablert reglar for å få ei mest mogleg einsarta/standardisert utforming av det fysiske materiellet som blir nytta til persontransport.

Konkurransetilsynet meiner likevel at einskilde særkrav vil kunne medføre redusert samtrafikkvevne og svekkje grunnlaget for konkurranse på det nasjonale jernbanenettet. Tilsynet meiner at det bør utarbeidast eit regelverk for framtida som kan bidra til å finne felles standardar som kan betre evna til samtrafikk og gjere det mogleg å opne for sterkare konkurranse.

### **Framlegg til lovendringar for å styrke handhevinga av konkurranselova**

Konkurransetilsynet stiller seg positiv til lovendringsforslaget som har som føremål å styrkje handhevinga av konkurranselova: For å styrkje lempingsprogrammet er det framlegg om å utvide bruksområdet for

lemping til også å omfatte straff etter konkurranselova § 30. I tillegg er det framlegg om ei avgrensing i retten til innsyn i dokument som har blitt utarbeidde i samband med ein søknad om lemping, slik at den som søker om lemping ikkje blir meir eksponert for sivile erstatningssøksmål enn den som ikkje gjer det. Det er og framlegg om ei føresegn som skal styrkje vernet om anonymiteten til føretak eller personar som tipsar Konkurransetilsynet om brot på konkurranselova § 10 eller § 11.

### **Rapport om konkurransen og effektiviteten i marknaden for verdipapirfond og andre spareprodukt**

Det er eit påtrengjande behov for fleire tiltak for å betre forbrukarinformasjonen, for å hjelpe på situasjonar der asymmetrisk informasjon har uheldige konsekvensar i marknaden. Konkurransetilsynet støttar derfor tiltak som kan bidra til å avhjelpe den asymmetriske informasjonen i marknaden for spareprodukt. Ei betre framstilling av prisar og godtgjersler og ein felles standard for klassifisering av risiko vil gjere kunden betre i stand til å samanlikne forskjellige produkt og dermed gi eit grunnlag for å treffe grunnjevne val. Dette er marknadsinngrep som blir retta mot sjølve marknadssvikten og som vil kunne bidra til betre konkurranse. Samtidig vil det gjere det enklare å presentere forståeleg informasjon om produkta på Finansportalen.

### **Avanserte måle- og styringssystem (AMS) – framlegg til endringar i forskrift**

Konkurransetilsynet stiller seg i utgangspunktet positiv til innføring av avanserte målarar. Tilsynet meiner at det, når det er samfunnsøkonomisk lønsamt, bør innførast tovegs kommunikasjonsløyser som opnar for timesavlesing og informasjon til sluttbrukarane om prisen på det tidspunktet dei kjøper krafta. God prisinformasjon er ein føresetnad for effektiv konkurranse, noko som dannar grunnlaget for ei effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar.

Etter tilsynet si meining vil auka transparens og merksemd om energikostnader blant sluttbrukarane bidra til meir effektiv utnytting av knappe energiressursar og såleis ha noko å seia for oppfyljing av klimapolitiske målsetjingar.

### **Framlegg til endringar i industrikonsesjonslova, vassdragsreguleringslova og Lov om vassdrag og grunnvatn**

Konkurransetilsynet uttaler seg positivt til at det blir lagt opp til ei utleigeordning som skal vere open og ikkje-diskriminerande, som er gjennomsiktig og kan etterprøvast, og at ikkje berre offentlege selskap, men også private innanlandske og utanlandske selskap får høve til å konkurrere om leigekontraktar på like vilkår. Ei slik utleigeordning vil kunne leggje til rette for at fleire uavhengige aktørar kan etablere seg i kraftmarknaden i Noreg. På den måten vil utleige av



vasskraftproduksjon kunne medverke i positiv retning til å redusere den høge konsentrasjonen i marknaden og styrke konkurransen.

Konkurransetilsynet understrekar vidare at dei nødvendige forskriftene må utarbeidast og setjast i kraft raskt slik at utleigeordninga kjem på plass så tidleg som mogleg.

#### **Framlegg til forskrift om tildeling av oppdrettsløyve**

Konkurransetilsynet argumenterer for å tildele oppdrettskonsesjonar gjennom auksjonar. Tildeling gjennom auksjon vil medverke til at konsesjonane går til dei aktørane som driv mest effektivt og som derfor har størst betalingsvilje for konsesjonane.

#### **Forslag til endringer i forskrift 11.03.1999 nr 301 om måling, avregning mv § 4-2 om prising av ubalanser**

Konkurransetilsynet er positiv til den foreslåtte ordninga, som vil redusere kostnadene for ubalansar for små kraftstasjonar, og dermed gjere det enklare å drive og etablere slike kraftstasjonar. Det vil sannsynlegvis også redusere kostnadene for heile systemet for balansehandteringa ved eit toprissystem.

#### **Framlegg til endring av bokføringsregelverket**

I dei tilfella der Konkurransetilsynet etterforskar føretak for samarbeid i strid med Konkurranselova, vil ein kunne finne avgjerande opplysningar i rekneskapen til føretaket. Det vil til tider også finnast manipulerte rekneskapar der urettmessig vinning frå kartellsamarbeid eller liknande illegale handlingar er forsøkt kamuflert. Konkurransetilsynet sine interesser i denne samanhengen er i det vesentlege samanfalle med det Økokrim skriv i sin uttale og tilsynet sluttar seg såleis til denne.

#### **NOU 2009: 2 - Kapital og organisasjonsforhold i sparebanksektoren mv**

Konkurransetilsynet meiner prinsipielt at føretak som konkurrerer om dei same kundane på de same marknadene bør være undergitt like rammevilkår. Ettersom dette i det vesentlege er tilfelle for sparebankane og forretningsbankane er det positivt at lovforslaget har til formål å gi meir like rammevilkår for desse føretaksformene. Lovforslaget opnar for strukturelle tilpassingar i sparebanknæringa som legg til rette for meir rasjonell tilpassing av eigarstrukturen og drifta i sparebankane, noko som kan føre til meir effektiv ressursutnytting.

#### **Utgreiing om individuelt abonnentval i kringkastings- og kabelnett**

Strukturelle og teknologiske endringar i distribusjonsmarknadene kan gi sterkare konkurranse, både internt og på tvers av distribusjonsplattformene. Konkurransetilsynet peikar på at i denne situasjonen bør styresmaktene vere varsame med å pålegge TV-



distributørar å tilby TV-kanalar enkeltvis. TV-marknadene er i utvikling, og effektane av et slikt pålegg er usikre.

Dersom konkurransen i distribusjonsleddet likevel skulle utvikle seg i ein negativ retning, kan ein på eit seinare tidspunkt vurdere å innføre reguleringar knytte til kanalpakking.

#### **Framlegg til endring av kapittel 15 i kontrollforskrifta**

Tariffane for overføringstenester bør vere utforma på ein måte som fremjar effektiv bruk av overføringsnett. Tariffar som gir insentiv til auka bruk av eksisterande overføringsnett, utan at dette utløyser behov for nye investeringar underbyggjer dette. Konkurransetilsynet er derfor positive til å opna for bruk av reduserte tariffar ved forbruk som kan koplast ut.

Av dei to alternativa er framlegget om å endre forskriftene rundt forbruk som kan koplast ut å føretrekkje framfor forslaget om å fjerne reguleringa heilt. Dette fordi ei endring av reguleringa gjer det meir føreseieleg når slike reduserte tariffar kan nyttast.

#### **Utkast til endringar i yrkestransportlova og jernbanelova**

Det er grunn til å tru at bruk av konkurranse ved til dømes tildeling av kontraktar for persontransport med jernbane vil kunne gi positive effektar i form av eit meir effektivt jernbanetilbod. Utkastet til lovendringar legg ikkje opp til krav om bruk av konkurranse utover dei områda der Noreg er pliktig til det etter Forordninga.

Konkurransetilsynet saknar ei nærare utgreiing av kvifor det blir lagt opp til ei minimumsløysing.

#### **Post- og teletilsynets varsel om vedtak i marknaden for tilgang til og samtaleoriginering i offentleg mobilkommunikasjons-nett**

Konkurransetilsynet gav 27. november 2009 høyringssvar på Post- og teletilsynet sitt varsel om vedtak i marknaden for tilgang til og samtaleoriginering i det offentlege mobilkommunikasjonsnettet. I tillegg til høyringssvaret har Konkurransetilsynet, i tråd med samarbeidsavtalen med Post- og teletilsynet, gitt innspel til det ovannemnde varselet før det blei publisert. Post- og teletilsynet har tatt omsyn til fleire av innspela Konkurransetilsynet gav før publisering i varselet om vedtak. Det er ikkje fatta vedtak i saka.

Publisert: 22.03.2010



## Omdømme



- Konkurransetilsynet held same faglege nivå i Bergen etter flyttinga som det gjorde i Oslo.

### Aktivitetar

---

#### **Omdømmeundersøking**

Konkurransetilsynet gjennomførte ei omdømmeundersøking hausten 2008, etter mønster frå tidlegare år. Undersøkinga viste at tilsynet har nokre utfordringar i forhold til kunnskap om tilsynet og konkurranselova så vel som saksbehandlingstid. På den andre sida har brukargruppene eit godt inntrykk av tilsynet når det gjeld økonomisk og juridisk kompetanse.

Konkurransetilsynet har valt å ikkje gjennomføre ei ny omdømmeundersøking i 2009. Det er fleire grunnar til dette, mellom anna at ein slik undersøking er svært ressurskrevjande å gjennomføre. Den viktigaste årsaka er likevel at tilsynet fryktar at ei så omfattande undersøking med relativt mange spørjingar kvart år vil slite uforholdsmessig mykje på respondentane – som i stor grad vil vere dei same frå eit år til eit anna. For å unngå slitasje og derigjennom sikre gode svar og høg svarprosent ynskjer Konkurransetilsynet såleis å gjennomføre omdømmeundersøking annakvart år.

#### **Organisering og kompetanseoppbygging**

Konkurransetilsynet har også i 2009 arbeidd aktivt og systematisk med kompetanseoppbygging slik at det framstår som profesjonelt, serviceinnstilt og med høg juridisk og økonomisk kompetanse.

Som eit ledd i betringsarbeidet i tilsynet blei det våren og hausten

2009 gjennomført felles samlingar for alle tilsette der målet var å drøfte og etablere forbetringar i arbeidsprosessane. Vidare har tilsynet gjennomført leiarsamlingar for å drøfte tiltak for betre organisering og rolleavklaring.

Konkurransetilsynet arrangerer omfattande kurs for nytilsette og har gjennomført ei rekke interne fagseminar i jus og økonomi. I tillegg har mange av tilsynet sine medarbeidarar delteke på kurs og konferansar i inn- og utland, i samsvar med individuelle kompetanseplanar. Resultatet er ein stab med eit svært godt konkurranseøkonomisk og juridisk fagleg grunnlag for saksbehandling av høg kvalitet. Vidare framstår tilsynet som ein arbeidsplass med gode tilhøve for fagleg utvikling.

Det vart og gjennomført andre viktige aktivitetar i 2009 med sikte på å innrette saksbehandling og kontakt med brukarar slik at tilsynet står fram som profesjonelt, serviceinnstilt og med høg juridisk og økonomisk kompetanse. Desse blir omtala i det følgjande.

### **Evaluering av saksbehandlingsprosessar**

Hausten 2009 engasjerte Konkurransetilsynet ein ekstern konsulent for å gjennomføre ei evaluering av saksbehandlinga i to større saker; ei fusjonssak og ei sak om ulovleg samarbeid. Målsettinga med evalueringsarbeidet er å bidra til auka forståing for eigne prosessar så vel som eit viktig bidrag til arbeidet med å effektivisere prosjektarbeidet ved tilsynet.

### **Prosjektorganisering**

Sommaren 2009 blei det etablert ei prosjektgruppe som skulle vurdere forslag til tiltak som er nødvendige for at arbeidet med større og kompliserte saker i tilsynet skal organiserast og behandlast på ein måte som gir 1) effektiv saksbehandling, 2) godt arbeidsmiljø og 3) avgjerder av høg fagleg kvalitet. Prosjektgruppa leverte fleire forslag til forbetring og klargjering av roller og ansvar i desember, og i januar 2010 vedtok leiargruppa å innføra desse.

### **Rettleiing for økonomiske analysar i konkurransesaker**

I samband med behandlinga av saker etter konkurranselova tek Konkurransetilsynet imot eit betydeleg og aukande tal økonomiske analysar basert på empiriske studiar og økonomisk modellering. For at slike analysar lettare skal kunne tilleggjast vekt i saksbehandlinga, har tilsynet utarbeidd ei [rettleiing for utarbeiding av økonomiske analysar som blir lagt fram for tilsynet](#). Rettleiinga er retningsgivande og har ikkje bindande verknad for Konkurransetilsynet si saksbehandling.

[Til toppen](#)

## Resultat

---

Sidan Konkurransetilsynet ikkje har gjennomført ei eiga omdømme- eller avskrekkingsundersøking i 2009, er det vanskeleg å dokumentere resultat av innsatsen for å halde oppe omdømmet til Konkurransetilsynet.

På den andre sida har Asplan Viak i 2009 evaluert flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen. Dessutan blir Konkurransetilsynet kvart år evaluert av Global Competition Reviews "Rating enforcement". I tillegg kjem Synovates profilundersøking for 2009 og Difi si årlege kvalitetsvurdering av offentlege nettstader. Hovudpoeng frå desse evalueringane er tekne med i det følgjande.

### **Synovates profilundersøking for 2009**

Synovate si profilundersøking for 2009 viser noko svekka rangering for KT i høve til året før langs dimensjonane i) samfunnsansvar ii) effektivitet og økonomisk styring iii) openheit og informasjon og iv) kompetanse og fagkunnskap.

### **Difi si årlege kvalitetsvurdering**

Konkurransetilsynet sine heimesider fekk toppkarakter (seks stjerner) i Difi si årlege kvalitetsvurdering – under dette er krava til tilgjengelegheit oppfylt 100 prosent.

### **"Evaluering av utflytting av statlig virksomhet: Konkurransetilsynet"**

Rapporten blei utarbeidd av Asplan Viak på oppdrag frå FAD. I rapporten blir det vist til at Konkurransetilsynet har ein ung og uerfaren stab. Dette skuldast dels flyttinga som har ført med seg stor utskifting av personell. Leiinga har såleis brukt mykje av tida si på rekruttering og opplæring av nye medarbeidarar. For unge og uerfarne leiarar kan dette ha gitt ei dobbel belastning ved at dei både skulle jobbe seg inn i ei leiarrolle og foreta omfattande rekruttering som dei heller ikkje hadde mykje erfaring med. Dei erfarne leiarane som det var færre av måtte dermed ta eit stort ansvar i samband med opplæring, og heile organisasjonen var dermed i den mest intense ned-/oppbyggingsfasen klart redusert i høve til og å ha fullt fokus på den eksterne verksemda.

Like fullt er turnover i tilsynet redusert frå 20 prosent i 2007 til 15 prosent i 2008. Tilsynet er dermed på nivå med tida før flyttinga. Det blir peika på at flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen peikar seg ut med eit svært nært og godt samarbeid med universitets- og høgskolemiljøet, både med tanke på rekruttering av nyutdanna, utveksling av medarbeidarar med spisskompetanse, og fagleg samarbeid som utløyser gjensidig kompetanseheving. Konkurransetilsynet fekk tidleg inn nokre faglege spyspissar som fungerte som trekkplaster i rekrutteringsprosessen.

I dei brukarundersøkingane Asplan Viak gjennomførte i samband med evalueringa, blei det gitt uttrykk for at Konkurransetilsynet som organisasjon er i ferd med å etablere seg på same kvalitetsnivå som før flyttinga, og at mange av utfordringane i flytteperioden har vore knytt til at flyttinga skjedde samstundes som at reglane som skal handhevast har vore i sterk utvikling.

Brukarane uttrykte likevel ein viss frustrasjon over høg turnover, at det har vore mange nye og uerfarne medarbeidarar å forhalde seg til og at dette i nokon grad har gått utover kvaliteten på avgjerdene som blir tatt. Men dei gir samstundes uttrykk for at dette etter kvart har blitt eit mindre problem. Inntrykket er at tilsynet har sett i verk tiltak som har verka positivt: rekruttering av personell med høg formell kompetanse, kursing og god opplæring. Det blir òg gitt uttrykk for at tilsynet sine utgreingar stort sett er fagleg gode, men at færre tilsette med praktisk erfaring har ført til at saksbehandlinga tar lengre tid og at tilsynet har blitt svakare når det gjeld å avdekke behov for og iverksette tiltak. På den andre sida meiner bransjen også at tilsynet har blitt svakare som politisk aktør og no mangler erfaring i politisk innverknad.

Rapporten konkluderer m.a. med at Konkurransetilsynet no held same faglege nivå i Bergen som det gjorde i Oslo.

### **Global Competition Review**

Konkurransetilsynet får tre av fem stjerner i Global Competition Reviews "Rating enforcement", det same som året før. Global Competition Review gjennomfører kvart år ei evaluering av ei rekkje land sine konkurransestyresmakter. Evalueringa er gjort på grunnlag av to spørjeundersøkingar: éi blant konkurransestyresmaktene sjølv og éi blant brukarar som forhold seg til desse styresmaktene, til dømes juristar, økonomar og andre akademikarar, rådgivarar for verksemdar og advokatar.

I evalueringa blir det peika det på at det enno er høg personellmessig turnover og at låg gjennomsnittsalder inneber at tilsynet ikkje har det seniorpersonell mange praktikarar utanom tilsynet ville ha ynskt. Likevel blir det i evalueringa peika på teikn til betring.

Vidare blir det peika på at arbeidet til tilsynet er relativt transparent, sjølv om ein skilde advokatar meiner at det tidvis er vanskeleg å få tilgjenge til sakspapir, ikkje berre for tredjepart, men òg for partane sjølve. På den andre sida blir det vist til at tilsynet har hatt suksess med å forhandle løysingar på potensielle konkurranseproblem utan å måtte gå til konkrete handhevingssteg.

Publisert: 22.03.2010



## Informasjon til forbrukarane



- Eit nytt takstsystem skal gjere det enklare å samanlikne drosjeprisar.

### Aktivitetar

#### Kraftprisoversikta

Konkurransetilsynet held ved like kraftprisoversikta til ei kvar tid. Men den tekniske løysinga er gammal og har ein del manglar når det gjeld funksjon og tryggleik. Den er heller ikkje tilfredsstillande med omsyn til kor enkel den er for brukarane. Det vart ikkje løyvd midlar til utvikling av ny løysing i revidert nasjonaltbudsjett 2009, slik det var forslag om. Grunngevinga var at ein venta på ei sentral avgjerd om kor ansvaret for denne typen forbrukarportalar skal liggje

Konkurransetilsynet sette hausten 2009 i gang eit avgrensa arbeid for å gjere ein del funksjonelle endringar og få betre brukartilgang inn i løysinga. Mot slutten av 2009 blei det løyvd midlar frå FAD til å gjennomføre vidareutvikling av kraftprisbasen. Det vil gjere vedlikehaldet enklare, gjere det enklare for brukarane og gi meir korrekte prissamanstillingar.

#### Parallelltakstsystemet for drosjetransport

Konkurransetilsynet har i 2009 utarbeidd og sendt på høyring eit forslag til ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport.

[Les meir under resultat lenger nede.](#)

#### Samarbeid med Forbrukerombudet og Forbrukerrådet

Konkurransetilsynet har samarbeidsavtalar med Forbrukerombudet og Forbrukerrådet. I tillegg til eit løpande samarbeid i aktuelle saker, har dei tre organisasjonane faste samarbeidsmøte to gonger i året. Det første møtet i 2009 var i Forbrukerhuset i Oslo 23. mars. Tema var daglegvaremarknaden, mobilmarknaden, sparemarknaden og drosjemarknaden. Neste møte var hos Konkurransetilsynet i Bergen 4. september. På dagsorden sto daglegvaremarknaden, Finansportalen, sparemarknaden, tilstandsrapportar ved bustadsal, drosjemarknaden, flymarknaden, mobilmarknaden, nummeropplysningsmarknaden og TV-marknaden.


Det er også etablert faste samarbeidsmøte for diskusjon av dagligvaremarknadene mellom Forbrukerrådet, Forbrukerombudet, Statens Institutt for forbruksforskning og Konkurransetilsynet.

[Til toppen](#)

## Resultat

### Kraftprisoversikta

#### Besøk per måned saman med utviklinga i kraftpriser i 2009\*



(\* Teljinga av besøk startar frå 21. januar 2009)

- Besøk per måned
- ▲ Kraftpris Sør-Noreg (NO1)
- Kraftpris Midt-Noreg (NO2)
- Kraftpris Nord-Noreg (NO3)

Konkurransetilsynets kraftprisoversikt hadde 195 105 unike besøkjande



i 2009. Kraftprisoversikta gjer det enklare for forbrukarane å samanlikne kraftprisar og orientere seg i marknaden slik at dei lettare kan vurdere om det løner seg å byte kraftleveringsavtale eller kraftleverandør. Ein svært stor del av dei leverandør-/avtalebyta som skjer, har tilknytning til kraftprisoversikta. Konkurransetilsynet får også ei rekkje telefonar og epost frå forbrukarar som ønskjer hjelp til å finne ein billegare avtale for levering av elektrisk kraft. Dette kan for eksempel handle om forbrukarar som ikkje har tilgang til internett, brukarar som treng bistand eller som har spørsmål om kraftmarknaden, kraftprisoversikta og dei innmelde prisane.

### **Enklare drosjetakstar skal gi betre konkurranse**

Konkurransetilsynet fastset maksimalprisar for drosjetenester i store delar av landet. I dei fleste større byane og i nokre andre område er det fri prissetting. Både i prisregulerte område og i område med fri prissetting er dagens takstsystem (brytningstakst) svært vanskeleg tilgjengeleg. Det gjer det vanskeleg å samanlikne tilbod frå ulike aktørar, noko som igjen medverkar til å svekke konkurransen i marknaden.

Derfor har Konkurransetilsynet i 2009 utarbeidd og sendt på høyring eit forslag til ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport. Forslaget inneber at parallelltakstsystemet blir innført i både regulerte og uregulerte område. Dette er eit nytt og lettare forståeleg system for berekning av pris på drosjetenester.

Tilsynet foreslår også at einskilde takstelement, til dømes tillegg for førehandsbestilling, skal bli forbode. I tillegg foreslår Konkurransetilsynet ei ordning der forholdet mellom dei viktigaste takstelementa skal vere likt for alle drosjeselskap. Forslaget er tenkt som eit eventuelt tillegg til innføring av parallelltakst og vil kunne gjere det endå enklare å samanlikne drosjeprisar.

Konkurransetilsynet har dessutan gjennomført ein fullstendig gjennomgang av dagens prisregulering med sikte på å gjere maksimalprisane lettare tilgjengelege for både tilbydarar og forbrukarar. Konkurransetilsynet meiner at forslaget, saman med betre prisoppslag på større drosjehaldeplassar og i drosjane, vil gjere det enklare for forbrukarane å samanlikne prisar og gjere informerte val av tilbydarar og slik styrke konkurransen mellom aktørane i drosjemarknaden. Forslaget har vore ute til høyring, og tilsynet arbeider no med å ta endeleg stilling til vedtak i saka.

Publisert: 22.03.2010



## Sikrar konkurranse om offentlege innkjøp



- Ulovlege direkte anskaffingar blir rekna som det alvorlegaste brotet på regelverket.

### **Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) behandlar klager om brot på innkjøpsregelverket.**

Sekretariatet til nemnda ligg administrativt under Konkurransetilsynet. Sjølv om KOFA og Konkurransetilsynet handhevar to ulike regelsett, er formålet det same: effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Begge regelsetta er viktige for å hindre økonomisk kriminalitet, som for eksempel korrupsjon. Mange av korrupsjonssakene som er avdekte dei siste åra, er saker som gjeld ulovleg tileigning av offentlege midlar, og der det skulle ha vore gjennomført ein tilbudsprosess.

#### **Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA)**

KOFA er eit nasjonalt klageorgan som tek stilling til om ein offentleg oppdragsgivar har brote regelverket for offentlege innkjøp. Formålet er å få mest mogleg ut av samfunnet sine ressursar. Nemnda har 10 medlemmer som er oppnemnde av regjeringa. Leiar av nemnda er advokat Bjørg Ven. Sekretariatet til klagenemnda ligg administrativt under Konkurransetilsynet og held til i dei same lokala.

### **Viktige synergjar mellom KOFA og Konkurransetilsynet**

KOFA og Konkurransetilsynet samarbeider om å skape eit felles fagmiljø for å møte dei utfordringane samfunnet står overfor når det gjeld økonomisk kriminalitet. Konkurransedirektøren ynskjer i samband med dette å knytte verksemda til KOFA tettare opp mot verksemda i

tilsynet.

Eit ledd i denne integreringa var å omgjera Anneline Vingsgård si stilling som leiar av KOFA-sekretariatet, til ei direktørstilling med særleg ansvar for offentlege anskaffingar. Endringa var gjort med verknad frå 1. november 2009. Som direktør inngår Vingsgård no i leiargruppa til Konkurransetilsynet. Direktøren har i tillegg det faglege og personalmessige ansvaret for sekretariatet.

Frå same dato er Erlend Pedersen og Marie Trovåg tilsett i to nyoppretta stillingar som gruppeleiarar i KOFA-sekretariatet. Endringa inneber at det vert henta ut synergi og kunnskap på tvers av dei to verksemdsområda, mellom anna ved at verksemda i KOFA og tilsynet vert betre koordinert, at den eksterne profileringa av den samla verksemda til tilsynet vert styrkja, samt at KOFA og tilsynet held felles foredrag.

## Aktivitetar

---

Det har vore ei betydeleg auke i saksomfanget til KOFA. Talet på saker er nesten dobbelt så høgt som i 2006 og 2007. Innføringa av gebyrmyndigheit har resultert i at KOFA har fått mykje større merksemd. I tillegg er sakene ofte svært kompliserte, både kva gjelde faktum og jus. Talet på tilsette i sekretariatet har også auka betydeleg i denne perioden.

[Sjå saksstatistikken for KOFA >>](#)

KOFA ser at det er stort behov for kunnskap om korleis regelverket om offentlege anskaffingar er å forstå og korleis det skal nyttast, og opplever stor etterspørsel etter rettleiing. KOFA og Konkurransetilsynet samarbeider derfor om å spreie kunnskap om både anskaffingsregelverket og konkurranselover sine reglar om ulovleg anbodssamarbeid til offentlege oppdragsgivarar.

KOFA arrangerte i 2009 eit seminar for oppdragsgivarar om tildelingskriterium i offentlege anskaffingar, blant anna knytt til bruken av etikk og miljø i anskaffingsprosessen, om Lianakis-dommen og seinare KOFA-praksis, samt ein gjennomgang av utvalde KOFA-avgjerder om tildelingskriterium. Konkurransetilsynet og KOFA har også eit samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI).

[Til toppen](#)

## Resultat

---


Saksbehandlingstid for ikkje-gebyrsaker (195 saker) var i 2009 på 137 dagar, dvs. 4,4 månader Saksbehandlingstid i saker som er moglege

gebyrsaker (31 saker) var på 159 dagar. Dette tilsvarer 5,1 månader i gjennomsnitt.

Saksrestansen auka frå 72 saker i januar 2009 til 129 ved utgangen av 2009.

Mengda innkomande saker til KOFA viser framleis auke i 2009, og synest å ha stabilisert seg på eit nivå som er nær dobbelt så høgt som i åra 2006–2007. Retten til å påleggje gebyr i saker om ulovlege direkteanskaffingar har medført ein særleg auke i arbeidsmengda i sekretariatet, og talet på faste juristar er difor auka med 3 årsverk i 2009, og dessutan ei mellombels stilling. Det kan sjå ut som om ein med dette vil halde tritt med mengda innkomande saker, men det tek lengre tid enn planlagt å avvikle køen av gamle saker. Den lengste saksbehandlingstida har ein no på såkalla "uprioriterte saker", som er saker der anskaffinga allereie har funne stad.

### Antall saker og saksbehandlingstid i KOFA 2003–2009



KOFA skreiv i 2009 ut 7 gebyr for ulovlege direkte anskaffingar, og klagenemnda har dermed skrive ut totalt 11 gebyr etter at organet fekk retten til å skrive ut gebyr frå 1. januar 2007. Ei ulovleg direkte anskaffing er ei anskaffing som ikkje er blitt kunngjord i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar. Ulovlege direkte anskaffingar blir rekna som det alvorlegaste brotet på regelverket fordi slike anskaffingar blir heilt haldne unna kravet til konkurranse, som er hovudgrunngevinga bak regelverket.

I 2009 fekk klagenemnda inn 40 klager på ulovlege direkteanskaffingar. Nokre av klagene kom frå Næringslivets hovedorganisasjon (NHO). Bakgrunnen for desse klagene var at Riksrevisjonen, i sin rapport om årleg revisjon og kontroll for budsjettåret 2007, Dokument 1 (2008–2009), hadde merknader til fleire anskaffingar gjennomført av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Norsk Tipping AS, Statens Innkrevningsssentral, Helsedirektoratet, Husbanken og Forsvarsbygg. NHO følgde opp denne rapporten ved å klage desse instansane inn for KOFA. Sakene var svært omfangsrrike og ressurskrevjande. KOFA er no i sluttfasen av handsaminga av desse klagene.


Det store talet på innkomne saker som gjeld ulovleg direkteanskaffing, viser at kunnskapen om at dette er ei alvorleg overtreding som kan bli møtt med eit gebyr, har auka dei siste åra. Klagenemnda har ikkje mynde til sjølv å etterforske saker der det er mistanke om at ein oppdragsgivar har unnlåte å kunngjere ei anskaffing. Dette inneber at ikkje alle ulovlege direkteanskaffingar kjem på KOFA sitt bord. I mangel av myndigheit til å etterforske, er klagenemnda avhengig av at leverandørar, organisasjonar, politikarar og andre klagar anskaffingar som burde vore kunngjorde, inn for KOFA.

### **Rekordstort gebyr til Askøy kommune**

Askøy kommune vart 10. juni 2009 gitt eit gebyr på 1 750 000 kroner. Oppdragsgivar skulle i denne saka skaffe bustader til vanskelegstilte personar i kommunen. I samband med dette unnlét kommunen å kunngjera anskaffinga av eit bygge- og anleggsarbeid på leilegheiter på Juvik II-området. KOFA fann at kommunen burde ha forstått at ervervet av Juvik II var ein bygge- og anleggskontrakt, og at kommunen såleis hadde utvist grov aktløyse ved å unnlåte å kunngjera anskaffinga etter forskrift om offentlege anskaffingar. Klagenemnda var av den oppfatning at preventive omsyn tilsa eit relativ høgt gebyr. Det vart mellom anna vist til at kommunen ikkje hadde føreteke ei reell vurdering av om regelverket for offentlege anskaffingar skulle nyttast, og det hadde heller ikkje elles vore konkurranse om anskaffinga.

Publisert: 22.03.2010

## Organisering og ressursbruk



Publisert: 22.03.2010

## Administrative rutinar



- Verksemdsrapportering skal forbetre arbeidsprosessane i Konkurransetilsynet.

### Aktivitetar


Konkurransetilsynet har, i samarbeid med Fornyings-, administrasjons og kirkedepartementet (FAD), utvikla eit system for risikovurdering som ledd i den interne verksemdsstyringa i tilsynet. Risikovurderinga for manglande måloppnåing inngår som del av tilsynet si rapportering til FAD.

#### Ny løysing for verksemdsrapportering

For å utvikle og forbetre arbeidsprosessar og utnytte eigne ressursar på ein betre måte, innførte Konkurransetilsynet ei ny løysing for innsamling av data i verksemda frå januar 2009. Løysinga omfattar tre modular som alle er knytt til informasjon om saker og saksbehandlingsprosessar. Løysinga erstattar ein informasjonstilgang som før blei gjort manuelt ved å hente informasjon frå arkivsystemet.

I tillegg blir ressursbruk på saker lagt inn manuelt. Ressursbruk blir registrert ved at kvar einiskild saksbehandlar legg inn tid som har gått med på dei einskilde sakene i ein eigen timemodul. Løysinga blir brukt av alle tilsette i marknadsavdelinga og fagstaben.

#### Fordeling av ressursbruk knytt til saksbehandling etter sakstype i 2009 \*



\* Registreringa av tidsbruken starta i januar 2009, og vi tek atterhald om at tala kan vere noko usikre det første året systemet blir prøvd ut.

[Til toppen](#)

## Resultat

Konkurransetilsynet har i 2009 rapportert til FAD i samsvar med årshjulet for styringsdialogen mellom FAD og tilsynet.

Rapporteringa har skjedd ifølgje tidsfristane, og alle rapportar er godkjende av FAD.

Konkurransetilsynet sin rekneskap for 2008 er i 2009 godkjend av Riksrevisjonen utan merknader.

Publisert: 22.03.2010



## Organisasjon og personale



- Konkurransetilsynet har bygd opp ein stab med solid konkurranseøkonomisk og konkurranserettsleg fagkunnskap.

Konkurransetilsynet har i løpet av dei siste åra etablert ei stabil verksemd i Bergen. Verksemda har klart å halde på dyktige medarbeidarar og har gjennom omfattande kursing bygd opp ein stab med solid konkurranseøkonomisk og konkurranserettsleg fagkunnskap.

Konkurransetilsynet har 104 tilsette, inkludert tilsette i permisjon. Tabellen viser stillingsfordelinga i Konkurransetilsynet for kvinner og menn pr. 31.12.2009.

### Stillingsfordelinga i Konkurransetilsynet

Stilling	Totalt	Kvinner		Menn	
Leiarar	18	5	(28 %)	13	(72 %)
Seniorrådgivarar	36	12	(33 %)	24	(67 %)
Rådgivarar	34	19	(56 %)	15	(44 %)
Førstekonsulentar	10	7	(70 %)	3	(30 %)
Konsulentar	4	4	(100 %)	0	(0 %)
Lærlingar	2	1	(50 %)	1	(50 %)
<b>Totalt</b>	<b>104</b>	<b>48</b>	<b>(46 %)</b>	<b>56</b>	<b>(54 %)</b>

Konkurransetilsynet si målsetting er å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle tilsette. Tilsynet legg vekt på førebyggjande tiltak



som kan bidra til sunne og gode arbeidsforhold.

Konkurransetilsynet vurderer kontinuerleg omstilling og forbetring av interne arbeidsprosessar, og har stor grad av involvering av alle tilsette i verksemda i dette arbeidet. Nye systemløysingar som skal bidra til å heve kvalitet og effektivitet i sakshandsaminga er implementert.

Kompetanseheving er eit prioritert verkemiddel for å halde på dyktige medarbeidarar og betre kvaliteten på tilsynet sitt arbeid.

Konkurransetilsynet har investert betydelege ressursar på leiarutvikling. I tillegg til auka satsing på gode og trivsel, er dyktige leiarar av vesentleg verdi for å halde på og rekruttere dyktige medarbeidarar. Verksemda har også utvikla og implementert ei tydelegare løns- og karriereutvikling for tilsette.

## **Eit meir stabilt personale**


Konkurransetilsynet har etter fleire år med høg turnover fått på plass ei meir stabil verksemd. Dei fleste har framleis ei relativt kort tenestetid i Konkurransetilsynet. Det er likevel ei vesentleg betring også når det gjeld tenestetid i 2009 i høve til 2008 og 2007. I 2009 har 68 prosent av dei tilsette vore tilsett frå to til fem år, 32 prosent har ei tenestetid på under to år, og 12 prosent har ei tenestetid på over 5 år.

I 2007 var turnover på 20 prosent, i 2008 på 15 prosent og i 2009 hadde Konkurransetilsynet ein turnover på 11 prosent. Medarbeidarar i Konkurransetilsynet er svært attraktive i arbeidsmarknaden og vanskelege å behalde på sikt. Dette vil også medføre at ein må forvente at turnoveren ikkje vil kunne reduserast ytterlegare.

## **Eit ungt miljø**

Gjennomsnittsalderen er 37 år. Figuren nedanfor syner fordelinga på ulike alderskategoriar. Konkurransetilsynet har i tillegg to lærlinger som ikkje er tekne med i diagrammet eller i gjennomsnittsberekninga.

### **Talet på tilsette fordelt på alderskategoriar**



## Høg kompetanse

Konkurransetilsynet har mange tilsette med høg utdanning. 76 prosent har utdanning som samfunns- eller siviløkonom eller som jurist. Fem av dei tilsette har doktorgrad. Sjefsøkonomen i tilsynet er professor i samfunnsøkonomi.

### Utdanningsnivå i Konkurransetilsynet

Utdanning	Totalt	Kvinner	Menn
Samfunns- og siviløkonomar	38 (37 %)	10 (26 %)	28 (74 %)
Juristar	40 (39 %)	22 (55 %)	18 (45 %)
Anna høg utdanning	16 (16 %)	9 (56%)	7 (44 %)
Utdanning av lågare grad	8 (8%)	6 (75 %)	2 (25 %)
<b>Totalt</b>	<b>102 (100 %)</b>	<b>47 (46 %)</b>	<b>55 (54 %)</b>

## Kompetanseutvikling

Konkurransetilsynet legg stor vekt på at tilsette skal ha gode vilkår for vidareutvikling. Medarbeidarar lærer gjennom å løyse saker, ta del i undervisningstilbod og eigne studiar. Det blir lagt vekt på at kunnskap skal kunne nyttast i ein reell jobbsituasjon for at den skal kunne komme til nytte.

Utvikling av spisskompetanse innan konkurranseøkonomi og konkurranserett via interne og eksterne kurs blir prioritert. I 2009 har Konkurransetilsynet brukt betydelege ressursar på kompetanseheving knytt til etterforskning, mellom anna med vekt på gjennomføring av

bevissikring og forklaringsopptak.

Vidare har tilsynet framleis stor merksemd på leiarutvikling og har i 2009 hatt 4 leiarar på leiarkurs i regi av AFF.

## Lønsfordeling

**Gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittleg løn for menn for utvalde stillingar per 31.12.2009**

Toppleiing	86 %
Mellomleiarnivå	91 %
Seniorrådgivar	94 %
Rådgivarar	101 %
Førstekonsulentar	105 %

## Sjukefråvær

Konkurransetilsynet har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv, og arbeider aktivt med å redusere sjukefråværet. Konkurransetilsynet har i 2009 oppnådd målsettinga om eit sjukefråvær på under 5 prosent, og hadde eit totalt sjukefråvær på 4,4 prosent. Det har vore eit auka sjukefråvær i 2009 i forhold til 2008, då det var totalt på 2,6 prosent. Auken har vore lågare for menn enn for kvinner.

## Likestillingsarbeid

Konkurransetilsynet legg vekt på likestilling ved intern og ekstern rekruttering til alle stillingar, særleg ved rekruttering til leiarstillingar. I alle kunngjeringstekstar blir kvinner særskilt oppfordra til å søkje.

Det er også eit personalpolitisk mål å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn, og dette blir følgt opp i alle tilsettingsprosessar. Konkurransetilsynet har langt på veg lykkast i å oppnå ei jamn kjønnsfordeling. Det står likevel att ein del arbeid for å oppnå ei jamnare kjønnsfordeling på mellom- og toppleiarnivå og på seniorrådgivarnivå.

### Kjønnsfordeling i Konkurransetilsynet

Stilling	Totalt	Kvinner	Menn
Leiarar	18	5 (28 %)	13 (72 %)
Seniorrådgivarar	36	12 (33 %)	24 (67 %)
Rådgivarar	34	19 (56 %)	15 (44 %)
Førstekonsulentar	10	7 (70 %)	3 (30 %)
Konsulentar	4	4 (100 %)	0 (0 %)

Lærlingar	2	1	(50 %)	1	(50 %)
<b>Totalt</b>	<b>104</b>	<b>48</b>	<b>(46 %)</b>	<b>56</b>	<b>(54 %)</b>

Publisert: 22.03.2010



## Mange kvalifiserte søkjarar



- Konkurransetilsynet er aktiv under karrieredagar og bedriftspresentasjonar ved universitet og høgskular.

Konkurransetilsynet har hatt 6 stillingskunningjeringar i 2009. I gjennomsnitt var det 27 søkjarar per stilling. Det blei tilsett 14 personar, av desse var 10 kvinner og 4 menn.

Tilsynet har hatt god tilgang på kvalifiserte søkjarar, både når det gjeld økonomar og juristar. Dette gjeld både nyutdanna og meir erfarne økonomar og juristar. Det er framleis vanskeleg å rekruttere på leiarnivå.

Konkurransetilsynet har også teke inn studentar som sommarvikarar for å gi dei eit innblikk i tilsynet sitt arbeid, og for å auke interessa for å arbeide i tilsynet når studia er avslutta. Det var 117 studentar som søkte på sommarjobbane i 2009.

## Rekruttering av innvandrarar

Konkurransetilsynet har fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Tilsynet har også som mål å auke talet medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Det er likevel få innvandrarar som søker stilling i Konkurransetilsynet, sjølv om det går fram av utlysinga at innvandrarar blir oppmoda om å søkje.

## Lærlingar

Konkurransetilsynet blei i 2008 godkjent som lærlingbedrift av Hordaland fylkeskommune. Tilsynet etablerte i løpet av 2008 ei god ordning for lærlingane, med både fagansvarlege og instruktørar. Desse

har fått opplæring internt og har i 2009 deltatt på opplæring i regi av Hordaland fylkeskommune.

To lærlingar starta ei to-årig læretid hausten 2008. Ein lærling er knytt til kontorfaget og ein lærling til IKT-servicefaget. Begge lærlingane vil vere ferdig utdanna våren 2010. Konkurransetilsynet har starta arbeidet med å hente inn nye lærlingar frå hausten 2010.

Publisert: 22.03.2010



## Informasjons- og kommunikasjonsteknologi



- Konkurransetilsynet prioriterer IT-fagleg spisskompetanse innan mellom anna økonomisk analyse i etterforskningsarbeidet.

I 2009 har det som i 2008 vore fokusert på det vidare arbeidet med insourcing av datadrifta frå Atea. Ein har også bygd opp eit omfattande backup-/katastrofesystem med diskbasert backup og replika av dei viktigaste maskinane tilgjengeleg online utanfor tilsynet sine lokale. Berre mindre tilpassingar står att før dette er heilt fullført. I tillegg er det sentrale nettverket betra, og kapasiteten i servernettet har blitt betydeleg betre. Vidare er det gjennomført investeringar på videokonferansesystemet i Oslo, der tilsynet har hatt relativt gammalt utstyr med dårleg biletkvalitet. På slutten av året blei det også gjort eit løft på PC-sida. PC-parken til tilsynet har ikkje hatt større oppgraderingar sidan 2005/2006.

Det er lagt stor vekt på å byggje opp eit kompetent og effektivt fagmiljø, der ressursane kan utnyttast fleksibelt i høve til heile spekteret av oppgåver på IT-området. I løpet av 2009 har ein prioritert kompetanseheving både innanfor IT generelt og spesialkunnskap innan etterforskning. Det er også lagt vekt på å fordele spesialisert kunnskap på fleire medarbeidarar. Dette arbeidet vil halde fram i 2010, då med særleg vekt på IT-etterforskning. IKT-området har også varetatt ein lærling i tilknytning til IKT-servicefaget i 2008 og 2009.

Hausten 2009 kom ein fram til eit forlik med erstatning frå Ergo Group i ei sak om "mislighold av kontrakt om leveranse av IT system" som blei stemna inn for rettssystemet i januar 2009.

Erstatninga har mellom anna gått med til å utvikle ei ny

internettløsning, som blei sett i drift i desember 2008. Det er også gjennomført eit forprosjekt for innføring av nytt intranett, og ny intranettløsning blei implementert hausten 2009. KOFA sine nettsider er lagt inn i tilsynet sitt eige driftsmiljø, og er no bygd på den same løysinga som Konkurransetilsynet har teke i bruk.

Publisert: 22.03.2010



## Grøn stat



- Bruk av videokonferanse kan erstatte flyreiser til andre byar.

### **Arbeidet med Grøn Stat inngår som ein del av den ordinære verksemda i Konkurransetilsynet.**

Konkurransetilsynet har ein policy for at alle tilsette skal vere klar over at ein kan gjennomføre videomøte framfor å reise til andre byar for å delta på møte der. Bruk av videomøte er no relativt godt innarbeidd i tilsynet. Konkurransetilsynet har stor merksemd på å halde fram denne praksisen.

Videomøte med andre statlege etatar føreset at desse òg har møterom med videoutstyr. Etter kvart som dette blir innarbeidd dei fleste stader, vil talet på videomøte kunne aukast ytterlegare.

Publisert: 22.03.2010

## Rekneskap – Konkurransetilsynet

### Rekneskapsoppsett Konkurransetilsynet kap 1550 post 01 – ordinær drift

	Note	2007	2008	2009
<b>MIDDEL</b>				
Overføringer fra forrige år		8 000		121 000
Løyvingar i samsvar med tildelingsbrev		78 112 000	79 209 000	80 057 000
Tilleggsloyvingar			5 900 000	2 500 000
Kompensasjon for lønsoppgjjer		860 000	2 381 000	566 000
Refusjonar	1	3 152 000	2 439 000	1 953 000
Fullmakt til å overskride løyvingar 2007	2	2 529 000		
Inndekning av overskriding frå 2007	2		-1 000 000	-1 529 000
<b>Til disposisjon</b>		<b>84 661 000</b>	<b>88 929 000</b>	<b>83 668 000</b>
<b>FORBRUK</b>				
<b>LØNSUTGIFTER</b>				
Marknadsovervaking		36 376 000	39 956 000	38 824 000
Informasjon		1 687 000	1 613 000	1 158 000
Administrasjon		9 577 000	9 881 000	10 276 000
<b>Sum lønsutgifter</b>		<b>47 640 000</b>	<b>51 450 000</b>	<b>50 258 000</b>
<b>VARER OG TENESTER</b>				
IT og arkiv		11 521 000	13 214 000	12 425 000
Informasjon		1 415 000	1 794 000	1 584 000
Lokale		12 377 000	9 143 000	9 592 000
Kompetanse		1 981 000	3 254 000	3 445 000
Rekruttering		1 084 000	1 040 000	379 000
Reiser og møte		3 028 000	3 875 000	2 037 000
HMS-tiltak		518 000	636 000	763 000
Andre driftsutgifter		5 097 000	4 402 000	2 650 000
<b>Sum varer og tenester</b>		<b>37 021 000</b>	<b>37 358 000</b>	<b>32 875 000</b>
<b>SUM FORBRUK</b>		<b>84 661 000</b>	<b>88 808 000</b>	<b>83 133 000</b>
<b>SALDO</b>		<b>0</b>	<b>121 000</b>	<b>535 000</b>

**Inntekter gebyr konkurranselova (kap 4550 post 03)**

	2007	2008	2009
<b>Lovbrotsgebyr</b>	<b>935 000</b>	<b>3 665 000</b>	<b>1 075 000</b>

**Note 1**

Refusjonar av fødsels- og sjukepengar, og refusjonar ifm arbeidsmarknadstiltak og lærlingar.

**Note 2**

Konkurransetilsynet hadde i 2007 fullmakt til å overskride løyvinga på post 01 med inntil fem prosent mot tilsvarande innsparing i perioden 2008–2010. Overskridinga i 2007 var kr 2 529 000, medan innsparinga var kr 1 000 000 i 2008 og kr 1 529 000 i 2009.

Nedgangen i utgifter til lokale frå 2007 til 2008 skuldast i stor grad utgifter til ombygging av lokala i Bergen i 2007.

Andre driftsutgifter omfattar m.a. kontorrekvisita, aviser, porto, venteløn og konsulenttenester.

---

Publisert: 22.03.2010

## Rekneskap – KOFA

### Rekneskapsoppsett kap 1550 post 23 – KOFA

	Note	2007	2008	2009
<b>Middel</b>				
Overføringer frå forrige år			39 000	0
Løyvingar i samsvar med tildelingsbrev		5 000 000	5 000 000	5 220 000
Tilleggsloyvingar	1	1 200 000		3 650 000
Fullmakt til å overskride løyvingane mot meirinntekt	2	124 000		177 000
<b>Til disposisjon</b>		<b>6 324 000</b>	<b>5 039 000</b>	<b>9 047 000</b>
<b>Forbruk</b>				
Lønsutgifter		5 443 000	4 275 000	7 137 000
Varer og tenester		842 000	841 000	1 857 000
<b>Sum forbruk</b>		<b>6 285 000</b>	<b>5 116 000</b>	<b>8 994 000</b>
<b>Saldo</b>	<b>2</b>	<b>39 000</b>	<b>-77 000</b>	<b>53 000</b>

### Inntekter KOFA-gebyr (kap 4550 post 02)

	2007	2008	2009
Budsjett	193 000	201 000	210 000
Gebyr	1 134 830	1 127 000	4 854 000
<b>Mindre-/meirinntekt</b>	<b>941 830</b>	<b>926 000</b>	<b>4 644 000</b>

#### Note 1

Tilleggsloyvinga til KOFA blei gitt for å auke kapasiteten ved behandling av klagesaker slik at restansane og at saksbehandlingstida blei redusert

#### Note 2

Konkurransetilsynet nytta i 2007 ei fullmakt til å overskride driftsloyvingane på kap 1550 post 23 – KOFA med inntil to prosent av løyvinga på posten mot tilsvarende meirinntekt på kap 4550 post 02 (KOFA-gebyr). Etter denne fullmakta kan tilsynet overskride budsjettet med inntil kr 124 000 i 2007 og kr 177 000 i 2009. Fullmakta blei ved ein inkurie ikkje gitt i 2008 og meirutgifta kan sjåast i samanheng med dette.

## Saksstatistikk – Konkurransetilsynet

### Mottokne saker

	2006	2007	2008	2009
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§ 16)	872	561	444	294
Klager, tips og andre saker om brot på lova/konkurranseskadeleg framferd (§§ 10/11) *	91	58	54	100
Ønske om at tilsynet påpeikar skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	19	15	21	15
Innkomne høyringssaker	194	211	186	222
Internasjonale saker	138	181	120	146
Administrative og andre saker	625	261	249	269
<b>Totalt</b>	<b>1939</b>	<b>1287</b>	<b>1074</b>	<b>1046</b>

\* Ikkje alle tips og andre førespurnader om moglege lovbrod blir registrerte som saker.

### Avslutta saker

	2006	2007	2008	2009
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	2	5	4	1
Inngrep mot konkurranseskadeleg framferd (§§ 10/11)	0	2	4	3
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	2	5	3	3
Høyringssvar med vesentlege merknader	68	58	42	39
Avslag på ønske om inngrep (§§ 10/11)	55	36	27	31
Lovbrotsgebyr – ikkje eller for seint melde føretakssamanslutningar *	66	17	9	7
Lovbrotsgebyr – brot på gjennomføringsforbodet *				2
Lovbrotsgebyr for å ha gitt urette/ufullstendige opplysningar i ei melding om	0	0	0	1

føretakssamanslutning				
Avgjerderer om delvis oppheving/unntak frå gjennomføringsforbødet *			3	10
Vedtak om plikt til å rapportere informasjon til tilsynet	3	4	0	0
Vedtak om maksimalprisar for drosje	0	1	1	2
Andre vedtak	442	4	3	2 **

\* Frå 1.juli 2008 er det opp til partane sjølv å bestemme når dei vil sende melding, men det er forbode å gjennomføre ei føretakssamanslutning før Konkurransetilsynet har fått melding og har behandla saka.

\*\* 1 avslag på krav om tvangslisens, 1 pålegg om mellombels gjennomføringsforbod

#### Meldingar om fusjonar og oppkjøp

	2006	2007	2008	2009
Alminnelege meldingar	867	558	440	293
Frivillig innsende fullstendige meldingar	5	3	4	1
Mottekne meldingar totalt	872	561	444	294
Melde føretakssamanslutningar som ikkje var meldepliktige	41	23	17	20
Tal pålagde fullstendige meldingar	26	17	15	8
Tal fullstendige meldingar totalt	31	20	19	9
Del fullstendige meldingar av alle meldingar	4 %	4 %	4 %	3 %

#### Utmålte lovbrotsgebyr (i kroner)

	2006	2007	2008	2009
Konkurranseskadeleg framferd		45 000 000	3 650 000	7 700 000
Ikkje eller for seint melde føretakssamanslutningar *	1 850 000	610 000	235 000	325 000
Brot på gjennomføringsforbødet *				250 000
Gitt urette eller ufullstendige opplysningar til tilsynet		30 000		50 000

\* Frå 1.juli 2008 er det opp til partane sjølv å bestemme når dei vil sende melding, men det er forbode å gjennomføre ei føretakssamanslutning før Konkurransetilsynet har fått melding og har behandla saka.



## Saksstatistikk – KOFA

## Saksstatistikk KOFA 2003–2009

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Innkomne	268	287	287	158	155	224	285
Avgjorde	182	248	260	176	217	171	226
Avviste	76	104	134	50	48	43	50
Brot	51	80	71	79	118	61	107
Ikkje brot	24	10	27	29	36	38	36

---

Publisert: 22.03.2010



## Ordforklaringar

### **Bevissikring**

Også kalla razzia eller «dawn raid». Ved bevissikring kan Konkurransetilsynet leite etter prov for brot på konkurranselova hjå foretak og i private heimar, utan samtykke frå dei som vert utsette for bevissikringa. Ei slik bevis sikring må først vere godkjend av tingretten.

### **Bøterabatt**

Sjå [Lemping](#).

### **Dominerande stilling**

Eit dominerande føretak har ei sterk stilling i den relevante marknaden og kan i stor grad opptre uavhengig av konkurrentar og kundar. Eit slikt føretak kan hindre effektiv konkurranse i marknaden. Å ha ei dominerande stilling er ikkje forbode i seg sjølv, men føretak som har ei dominerande stilling har eit særleg ansvar for ikkje å opptre slik at konkurransen vert avgrensa. Spørsmålet om eit føretak er dominerande eller ikkje, må vurderast særskilt i kvar enkelt sak.

### **Duopol**

Ein marknad som er dominert av to føretak.

### **Effektiv konkurranse**

Effektiv konkurranse i ein marknad gjer at varer vert selde til kostnadsbaserte prisar. Effektiv konkurranse kan komme av ein kombinasjon av fleire høve, mellom anna at det finst eit visst tal tilbydarar, at dei ikkje handlar i samforstand med kvarandre og at det ikkje finst vesentlege hindringar for nyetablering.

### **Føretak**

Konkurranselova gjeld for føretak, det vil seie alle einingar som driv økonomisk verk semd. Det spelar inga rolle om verksemda har som mål å gi økonomisk gevinst eller ikkje, eller kva juridisk form det er på verksemda. Offentlege organ kan òg falle inn under omgrepet når det ikkje er tale om utøving av styresmakt.

### **Føretakssamanslutning**

Fusjonar, oppkjøp og avtalar som fører til direkte eller indirekte, heil eller delvis kontroll i andre selskap. Føretakssamanslutningar skal meldast til Konkurransetilsynet.

### **Horisontal avgrensing av konkurransen**



Horisontale avtalar er avtalar mellom føretak på same ledd i distribusjonsskjeda, til dømes mellom detaljistar eller mellom produsentar. Prissamarbeid og marknadsdeling er eksempel på horisontal avgrensing av konkurransen.

### **Kartell**

Ei gruppe sjølvstendige føretak som gjennom avtale eller samordna opptreden hindrar, innskrenkar eller vrir konkurransen. Prissamarbeid, anbudssamarbeid og marknadsdeling er døme på kartellverksemd.

### **KOFA**

Klagenemnda for offentlege anskaffingar

### **Konkurransseavgrensande samarbeid**

Konkurranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen, omfattar alle typar avtalar, skriftlege og munnlege, mellom to eller fleire føretak. Avtalen treng ikkje vere rettsleg bindande. Samordna opptreden vert òg ramma, sjølv om det ikkje finst nokon avtale. Forbodet omfattar dessutan avgjerder som er treft av samanslutningar av føretak, til dømes ein bransjeorganisasjon.

### **Konkurransestyresmakter**

Konkurransestyresmaktene i Norge er Kongen, Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet og Konkurransetilsynet.

### **Konsentrasjon**

Dersom det er få, store føretak i ein marknad, er det høg konsentrasjon i marknaden. Ein fusjon eller eit oppkjøp som gjer at talet på aktørar i ein marknad minkar, førar til auka konsentrasjon i den marknaden.

### **Lemping**

Heil eller delvis nedsetting av lovbrotsgebyr, også omtala som «leniency». Eit føretak som deltar i eit ulovleg samarbeid kan verte fri teke for lovbrotsgebyr dersom det er det første til å avsløre samarbeidet. Andre føretak som deltek i kartellet kan oppnå delvis fritak ved å samarbeide med Konkurransetilsynet under etterforskinga.

### **Lovbrotsgebyr**

Også kalla administrativ eller sivilrettsleg bot. Ved brot på konkurranselova kan Konkurransetilsynet gjere vedtak om lovbrotsgebyr. Eit slikt vedtak kan ikkje påklagast, men kan handsamast av domstolane.

### **Marknadsavgrensing**

Når Konkurransetilsynet skal vurdere kva for verknader ei særskild åtferd har for konkurransen, eller kva for verknader ei føretakssamanslutning kan ha, tar tilsynet utgangspunkt i forholda i den eller dei aktuelle marknadene. Avgrensing av den relevante

marknaden inneber å identifisere ein produktmarknad og ein geografisk marknad. Marknadsavgrensinga må gjerast konkret i kvar enkelt sak.

### **Marknadsdeling**

Oppdeling av marknader mellom konkurrentar. Det kan til dømes vere tale om geografisk deling, deling av kundegrupper eller deling av marknader for ulike produkt.

### **Misbruk av dominans**

Sjå [Utilbørleg utnytting av dominerande stilling](#).

### **Monopol**

Ein marknad med berre eitt føretak.

### **Oligopol**

Ein marknad som er dominert av eit fåtal store føretak.

### **Overtredelsesgebyr (bokmål)**

Sjå [Lovbrotsgesbyr](#).

### **Prissamarbeid**

Samarbeid om fastsetting av prisar. Prissamarbeid svekkjer konkurransen, fordi pris som regel er den viktigaste faktoren i konkurransen. Derfor ser konkurransestyresmaktene særleg alvorleg på slikt samarbeid.

### **Påbod om opphøyr**

Ved brot på forboda i konkurranselova kan Konkurransetilsynet påby at den ulovlege åtferda skal opphøyre. Eit påbod om opphøyr kan innehalde alle tiltak som er naudsynte for å få slutt på lovbrotet. Påbod om opphøyr kan òg nyttast i kombinasjon med gesbyr.

### **Påpeiking**

Fråsegn frå Konkurransetilsynet om konkurranseregulerande verknader av offent lege tiltak.

### **Relevant marknad**

Sjå [Marknadsavgrensing](#).

### **Utilbørleg utnytting av dominerande stilling**

Utilbørleg utnytting av ei dominerande stilling er forbode etter konkurranselova. Det vil seie at føretak som kvar for seg eller saman har ei dominerande stilling i marknaden, ikkje får misbruke denne marknadsmakta. Eksempel på utilbørleg utnytting er urimelege prisar; konkurranseskadeleg underprising; avgrensing av produksjon og sal; lojalitetsrabattar og vilkår samt konkurranseskadelege koplingar av ulike produkt og/eller tenester.

### **Vertikal avgrensing av konkurransen**

Avtalar mellom føretak på ulike ledd i distribusjonskjeda, til dømes

mellom grossistar og detaljistar. Fastsetjing av bindande minimumsprisar og visse former for eksklusivitetsavtaler er døme på vertikal avgrensing av konkurransen.

Publisert: 09.02.2010